

## MØTEINNKALLING

**Utval:** Maritim og teknisk komite  
**Møtestad:** Formannskapssalen Herøy rådhus  
**Dato:** 22.10.2013  
**Tid:** 15:00

Melding om forfall til tlf. 70081300.

Forfall til møter i kommunale organer skal vere gyldig i hht. Lov om kommuner og fylkeskommuner § 40, nr. 1.

Varamedlemer som får tilsendt sakliste, skal ikkje møte utan nærare innkalling.

**Møtet startar med synfaring på Jøsok, Gurskøy – MTK-sak 95/13 – Klage på DS-sak.**

**Det vert oppmøte på rådhuset med felles avreise til Jøsok.**

---

**Dersom du ønskjer din habilitet vurdert i ei sak må du melde skriftleg frå til Fellessekretariatet om dette i god tid før møtet (Forvaltningslova § 8, 3. ledd).**

Fosnavåg, 15.10.2013

Idar Tarberg  
Leiar

## SAKLISTE:

Saksnr	Innhold
PS 96/13	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 97/13	Protokoll frå førre møte.
PS 98/13	Delegasjonssaker
PS 99/13	Referatsaker
PS 100/13	Tildeling av SMIL midlar for 2013
PS 101/13	Søknad frå Per Kristian Frøysa om omdisponering av dyrka mark til massedeponi av reine masser og oppdyrking av areal på gnr 21 bnr 54
PS 102/13	Avløpssamarbeid om lokal forskrift / tilsyn ved mindre avløpsanlegg.
PS 103/13	Rettleiing for dimensjonering av vegar med tilhøyrande areal - forslag
PS 104/13	Havyard House 34/526 - Klage på vedtak om overtredingsgebyr i byggesak
PS 105/13	Solhild Båtsvik Solbakken og Steinar Solbakken 83/8 - Søknad om dispensasjon frå kommuneplanen med sikte på frådeling av 2 nausttomter.
PS 106/13	Gnr 36 Bnr 2- Klage på vedtak i MTK sak 60/13, frådeling av 2 bustadtomter
PS 107/13	Fredrik Hagemann 40/1 - Rammeløyve - riving av eksisterande hus og oppføring av nytt bustadhus
PS 108/13	Vegard Sævik/Johanne Leine Sævik 26/207 - Dispensasjon frå reguleringsplan med sikte på oppføring av Rammeløyve
	<b>Delegasjonssaker frå avdelingane</b>
DS 263/13	Ståle Berge 29/58 - Løyve til masseutskifting
DS 264/13	Ferdigattest - 11/127
DS 265/13	Aina og Oddvin Nilsen 36/116 - Endringsmelding og lgangsetjingsløyve for innreiingsarbeid - bustadhus.
DS 266/13	Aina og Oddvin Nilsen 36/116 - Mellombels bruksløyve.

- DS 267/13 Tussa Nett AS 56 /12 - Løyve til tiltak - ny nettstasjon - 1065 Lillenes.
- DS 268/13 Jetmund Runde 9/117 - Løyve til tiltak - oppføring av reiskapsbud / garasje.
- DS 269/13 Laila og Martin Oskar Endresen 48/64 - Løyve til oppføring av uteplass / hagestove.
- DS 270/13 Gudmund Nærø 24/1 - Løyve til tiltak utan ansvarsrett, oppføring av tilbygg og altan
- DS 271/13 Tor Arve Reite 20/63 - Løyve til oppføring av takoverbygg.
- DS 272/13 Ove Rafteseth 56/15 - Løyve til tiltak - oppføring av garasje
- DS 273/13 Unni og Roar Evensen 11/143 - Igangsetjingsløyve for oppføring av to naust m/orbuer.
- DS 274/13 Kjell Brudevoll 19/53 - Løve til tiltak - tilbygg garasje.
- DS 275/13 Sigbjørn Notøy 48/8 - Løyve til tiltak - rehaulitering av skorstein
- DS 276/13 Sivert Gjerde 38/170 - Løyve til tiltak - rehabilitering av skorstein
- DS 277/13 Trond Nærø 37/389 - Ferdigatteset - tilbygg til bustadhus
- DS 278/13 Erik Andre Bakke 29/140 - Ferdigattest - utviding av terrasse.
- DS 279/13 Eileen Gjerde og Frode Rougnø - 45/170 - Igangsetting grunnarbeid
- DS 280/13 Gnr 34 Bnr 76 - Frådeling av fortaus
- DS 281/13 Gnr. 16 bnr. 12 - frådeling av bebygd eigedom
- DS 282/13 Gnr 79 Bnr 141 - Frådeling av tilleggsareal til gnr 79 bnr 75
- DS 283/13 Ferdigattest - 29/6 5- Altan
- DS 284/13 ferdigattest - 29/65 - tilbygg
- DS 285/13 Gnr 4 Bnr 1 - Frådeling av tilleggsareal til gnr 4 bnr 80
- DS 286/13 Olav Emdal - 28/11 - tilbygg garasje
- DS 287/13 Mindor Flusund - 12/46 og 47 - Løyve til tiltak -rehabilitering av skorstein
- DS 288/13 Eiksund Eiendom as - 34/173 seksjon 6 - Bruksendring





PS 96/13 Godkjenning av innkalling og sakliste

PS 97/13 Protokoll frå førre møte.

PS 98/13 Delegasjonssaker

PS 99/13 Referatsaker



HERØY KOMMUNE  
HERØY KOMMUNE

Søre Sunnmøre landbrukskontor

## SAKSFRAMLEGG

-

---

Sakshandsamar:	ANNLOB	Arkivsaknr:	2013/733
		Arkiv:	V10

---

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
100/13	Maritim og teknisk komite	22.10.2013

### TILDELING AV SMIL MIDLAR FOR 2013

#### Tilråding frå rådmannen:

**Maritim og teknisk komite vedtek framlegg til løyving av SMIL-midlar for 2013 slik den ligg føre i saksutgreiinga, vedlegg 1.**

Grunngjeving:

Prioritering av tiltak er i samsvar med Strategiplan for 2013-2016.

Lovheimel:

FOR 2004-02-04-448 Forskrift om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket.

Særutskrift:

Søre Sunnmøre Landbrukskontor, 6080 Gurskøy

## Vedlegg:

Nr.	Namn	
1	Framlegg til tildeling av SMIL midlar i Herøy 2013	01.10.2013
2	Strategiplan for SMIL midlar 2013 – 2016	18.04.2013
3	Tildelingsbrev frå Fylkesmannen, SMIL midlar 2013	20.02.2013

## Saksopplysningar:

Det har kome inn 2 nye søknader dette året. I tilrådinga er desse søknadene prioritert samt 5 søknader frå tidlegare år.

Tiltaka som er prioritert i kulturlandskapet er:

- gamal kulturmark/ tiltak mot attgroing, her vert det gitt 60% tilskot av godkjent kostnadsoverslag til enkelttiltak og 70% tilskot til samarbeidstiltak
- ta vare på viktige kulturminne og kulturmiljø, her vert det gitt 30% tilskot av godkjent kostnadsoverslag og 50% tilskot til steingardar/ steinmurar.

Søknadsfristen var 1. september og ordninga vart annonsert i lokalavisa. I tillegg fekk alle aktive bønder tilsendt informasjonsskriv.

Tildelinga av SMIL midlar er heimla i FOR 2004-02-04-448 Forskrift om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket.

Det er vedteke ein strategiplan for bruk av midlar for perioden 2013 - 2016 (vedlegg 2) i Herøy formannskap PS 126/13 den 02.07.2013.

I tildelingsbrev frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Landbruksavdelinga datert 20.02.2013 fekk Herøy kommune tildelt kr. 100.000 for 2013 (vedlegg 3). I tillegg vart det trekt inn midlar frå prosjekt som ikkje er gjennomført eller der sluttkostnaden vart lågare. Sum inndregne midlar for 2013 er kr 150.450. I alt er det kr 250.450 til disposisjon for 2013.

Løyvde tilskot skal utbetalast etter skriftleg oppmoding frå tilskotsmottakar og når tiltaket har fått godkjent sluttrekneskapet. Det kan likevel foretas utbetalningar på bakgrunn av godkjent dokumentasjon etter kvart som delar av prosjektet eller tiltaket utføres. Minst 25 % av tilskotet vert halde tilbake inn til arbeidet er fullført og sluttrekneskapen er godkjent.

Prioriteringar i strategiperioden:

- Marknadsføre ordningane og stimulere aktive gardbrukarar til å søkje om midlar til prosjekt.
- Prioritere tiltak der nytten vert størst. Gjeld tiltak for ferdsel til kulturminne og tiltak for å hindre attgroing av kulturlandskapet.
- Om tilgangen på tilskot er mindre enn etterspurnaden må ein prioritere søknadane slik:
  - Prioritere dei tiltaka som gir størst nytte.

- Prioritere naudsynte tiltak for å unngå vidare forfall på bygningar og kulturminne.
- Prioritere aktive gardbrukarar (rett til produksjonstilskot).
- Prioritere samarbeidstiltak framfor enkeltiltak.
- Alle ordningane vert sidestilt.
- Stimulerer til og halde fram med aktiv drift.

#### Tiltak

- Ta vare på viktige kulturminne og kulturmiljø.
- Tiltak som hindrar attgroing av kulturlandskapet og tap av biologisk mangfald.
- Leggje til rette for at allmennheita skal få tilgang/ ferdsel til viktige kulturminne og kulturmiljø.
- Hindre at eldre bygningar som kan reknast som kulturminne forfell.
- Tiltak som fremjar organisert beitebruk.
- Vedlikehaldsgrøfting av gamal kulturmark og innmarksbeite.
- Grøfting av dyrka mark (syner til eiga føreskrift juli 2013). Her har kommunen fått tildelt kr 30.000 for 2013.
- Redusere/ fjerne avrenning frå landbruket.

Tilskotssatsane som vert nytta er nedfelt i strategiplanen.

#### **Vurdering og konklusjon:**

Framlegg til løyving av SMIL-midlar for 2013 er prioritert etter Strategiplan for 2013 – 2016. Ein rår til at løyvingane vert gitt slik dei er prioritert i SMIL-midlar 2013 for Herøy kommune (vedlegg 1).

Aktive brukarar (rett på produksjonstilskot i jordbruket), samt tiltak som gir størst nytte er prioritert.

Fosnavåg, 02.10.2013

Erlend Krumsvik  
Rådmann

Anne Kathrine Løberg  
Landbrukssjef

Sakshandsamar: Oddvar Gjerde

Framlegg til løyving av SMIL midlar i Herøy 2013

År	Namn	Tiltak	Kostnad	Søkt tilskot	Godkjend tilskots grunnlag	Tilrådd tilskot	Kommentar
2007	Karl Anton Voldnes, Leikong, 6080 Gurskøy.	Sette opp gjerde på deler av utmark på Leikongsætra tilhøyrande gnr. 79 bnr. 5, 9, 55, 97 og 137 til beite for sau.	105 000	63 000	105 000	63 000	Søker om produksjonstilskot i jordbruket. Rår til å løyve kr. 63.000. i Smilmidlar til inngjerding av deler av utmarka på Leikongsætra.
2009	Peter Voldsund, 6094 Leinøy.	Sette opp gjerde for sau.	28 800	17 280	28 800	0	Søker ikkje om produksjonstilskot jordbruket. Begrensa med Smilmidlar. Rår til at søknaden vert utsett til 2014.
2009	Trond Vegard Myrvågnes, Myrvåg, 6070 Tjørnvåg.	Inngjerding og rydding av beitemark til beite for sau på leigd areal under gnr. 47 bnr. 1.	26 400	15 800	26 400	0	Søker ikkje om produksjonstilskot i Etter opplysning frå søkjar er ikkje søknaden lenger aktuell. Rår til at søknaden vert avslått.
2009	Veigdard, v/ Ingebjørg Lyster, Leikong, 6080 Gurskøy.	Inngjerding av utmarkstykket tilhøyrande gnr. 79 bnr. 3, 8 og gnr. 78 bnr. 15 til beite for sau.	121 000	72 600	121 000	0	Søker om produksjonstilskot i jordbruket. Etter kontakt med søkjar, er ikkje denne søknaden lenger aktuell.
2009	Karl Inge Voldsund, Bølandet, 6095 Bølandet.	Inngjerding av beitemark til beite for sau på gnr. 14 bnr. 2.	36 000	21 600	36 000	0	Søker ikkje om produksjonstilskot i jordbruket. Begrensa med Smilmidlar. Rår til at søknaden vert utsett til 2014.
2009	RUNDE NATURMAT DA c/o Oddmund Kvalsvik, Torvik, 6095 Bølandet.	Sette opp gjerde for sau mellom Fylkesvei 18 og sjø på Runde gnr. 9 bnr. 8.	17 000	10 200	15 000	9 000	Føretaket Runde Naturmat DA Søker om produksjonstilskot i jordbruket. Rår til å løyve kr. 9.000. i Smilmidlar oppsetjing av 150 m fast tradisjonelt gjerde for sau.

Framlegg til løyving av SMIL midlar i Herøy 2013

År	Namn	Tiltak	Kostnad	Søkt tilskot	Godkjend tilskotsgrunnlag	Tilrådd tilskot	Kommentar
2010	Stig Lennart Giske, Moltustranda, 6076 Moltustranda.	Inngjerding av areal til beite for utegangarsau på 3 beiteskifte under gnr. 61 bnr. 1, 4 og 5.	47 138	28 283	51 200	0	Søker ikkje om produksjonstilskot i jordbruket. Begrensa med Smilmidlar. Rår til å utsetje søknaden om inngjerding av beite for utegangarsau til 2014.
2010	Dekkmester`n K-service v/Palmar Jon Kopperstad 6098 Nerlandsøy.	Inngjerding av dyrka mark til beite for utegangarsau på gnr. 3 bnr. 6.	28 700	20 090	44 000	0	Søker om produksjonstilskot i jordbruket. Stor del av arealet som det vert søkt om Smilmidlar til å gjerde inn er godt arrondert fulldyrka jord. Vi ønskjer ikkje å prioritere høgt inngjerding av god dyrka mark som lett kan haustast maskinelt. Vi rår til at søknaden vert utsett til 2014.
2012	Endre Fuglseth, Aurvågclid, 6070 Tjørnvåg.	Inngjerding av heile småbruket "Sætremyr" gnr. 48 bnr. 9 samt oppsetjing av sperregjerde for utegangarsau. Føremålet er å hindre attgroing av kulturlandskapet.	133 900	80 340	86 900	52 140	Søker ikkje om produksjonstilskot i jordbruket. Søker fekk i 2012 løyvd kr. 28.200. i Smilmidlar til oppsetjing av 485 m fast tradisjonelt gjerde for sau til inngjerding av utmarkstykket. Vi rår til å løyve rest søknadsum, kr. 52.140., i Smilmidlar til inngjerding av småbruket. <u>Vilkår:</u> Viss søker ikkje har dyr ved sluttgodkjenning av gjerda, skal det leggjast fram skriftleg utleigeavtale på 5 år til aktiv brukar.

Framlegg til løyving av SMIL midlar i Herøy 2013

År	Namn	Tiltak	Kostnad	Søkt tilskot	Godkjend tilskotsgrunnlag	Tilrådd tilskot	Kommentar
2012	Espen Bårdsnes Dypvik, Espeseth, 6095 Bølandet.	Oppsetjing av fast tradisjonelt gjerde for sau og rydding av kratt på egedomen Bjørklund gnr. 22 bnr. 8.	42 571	25 542	42 500	0	Søkjer ikkje om produksjonstilskot i jordbruket. Begrensa med Smilmidlar. Rår til å utsetje søknaden til 2014.
2012	Kjartan Sundes, Torvika, 6095 Bølandet.	Oppsetjing av 970 m fast tradisjonelt gjerde for utegangarsau til inngjerding av 46 daa beite/ dyrka mark på leigd areal under gnr. 16 bnr.	61 650	61 650	37 725	22 635	Søkjer om produksjonstilskot i jordbruket. Fekk i 2012 del-løyvd kr. 14.354. i Smilmidlar til inngjerding av 46 daa beite og dyrka areal på leigd areal under gnr. 16 bnr. 12. Vi rår til å løyve rest søknadsum, kr. 52.140., i Smilmidlar til inngjerding av 46 daa beite/dyrka areal.
2012	Harald Thorseth, Vikevegen, 6092 Eggesbønes.	Inngjerding av beiteareal for sau på småbruket "Vike" gnr. 36 bnr. 1.	38 238	22 943	38 500	23 100	Søkjar hår dyr, men søkjer ikkje om produksjonstilskot i jordbruket. Småbruket ligg som del av eit verdifullt kulturlandskap i Vikane på Bergsøya. Vi rår til å løyve kr. 23.100. i Smilmidlar til oppsetjing av 425 m fast tradisjonelt gjerde for sau.

Framlegg til løyving av SMIL midlar i Herøy 2013

År	Namn	Tiltak	Kostnad	Søkt tilskot	Godkjend tilskotsgrunnlag	Tilrådd tilskot	Kommentar
2013	Roar-Inge Lyng, Djupvik, 6080 Gurskøy.	Setje opp 1300 m gjerde for sau for inngjerding av beiteareal på eigedomen Djupvik gnr. 44 bnr. 4. Søkjar har leigd bort heile jordbruksarealet i 10 år til Steinar Djupvik som driv med sau.	104 250	70 000	103 200	61 920	Søkjar har ikkje dyr, men har leigt bort heile jordbruksarealet på 10-årig leigeavtale til Steinar Djupvik som er aktiv brukar. Viktig at arealet blir beita slik at ein hindrer attgroing av kulturlandskapet. Vi rår til å løyve kr. 61.920. i Smilmidlar til inngjerding av beiteareal tilhøyrande gnr. 44 bnr. 4.
2013	Torbjørn Frode Teige, Holsmyrvegen 24, 6011 Ålesund.	Reparasjon/ omlegging av delvis øydelagt steingard på eigedomen "Myren" gnr. 5 bnr. 4.	114 375	57 187	114 400	18 655	Ikkje aktivt drift på eigedomen. Begrensa med Smilmidlar. Rår likevel til å løyve del av søknadsum, kr. 18.655., i Smilmidlar til reparasjon av steingard i 2014.
			905 022	566 515	850 625	250 450	



# Strategiplan for SMIL midlar 2013 – 2016 for kommunane Herøy, Ulstein og Hareid

## Innleiing

Tildeling av SMIL midlar er heimla i *Forskrift om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket*. Ordninga tok til i 2004 og denne strategien vert den tredje i rekka. Kommunen står fritt til å prioritere tiltak i vedteken strategi innafor forskrifta. Strategien er drøfta i møte med Vestre Sunnmøre Bondelag. Fylkesmannen i Møre og Romsdal tildelar kommunane midlar årleg. Tildeling av midlar skjer til ein viss grad etter innmeldt behov.

## Prioriteringar i perioden

- Marknadsføre ordningane og stimulere aktive gardbrukarar til å søkje om midlar til prosjekt.
- Prioritere tiltak der nytten vert størst. Gjeld tiltak for ferdsel til kulturminne og tiltak for å hindre attgroing av kulturlandskapet.
- Om tilgangen på tilskot er mindre enn etterspurnaden må ein prioritere søknadane slik:
  - Prioritere dei tiltaka som gir størst nytte.
  - Prioritere naudsynte tiltak for å unngå vidare forfall på bygningar og kulturminne.
  - Prioritere aktive gardbrukarar (rett til produksjonstilskot).
  - Prioritere samarbeidstiltak framfor enkelttiltak.
- Alle ordningane vert sidestilt.
- Stimulerer til å halde fram med aktiv drift.

## Tiltak

- Ta vare på viktige kulturminne og kulturmiljø.
- Tiltak som hindrar attgroing av kulturlandskapet og tap av biologisk mangfald.
- Leggje til rette for at allmennheita skal få tilgang/ ferdsel til viktige kulturminne og kulturmiljø.
- Hindre at eldre bygningar som kan reknast som kulturminne forfell.
- Tiltak som fremjar organisert beitebruk.
- Vedlikehaldsgrøfting av gamal kulturmark og innmarksbeite.
- Grøfting av dyrka mark (syner til eiga føreskrift juli 2013).
- Redusere/ fjerne avrenning frå landbruket.

## Tilskotsatsar

### Tiltak i kulturlandskapet:

- Gammal kulturmark/ tiltak mot attgroing av utmark.
  - Enkelttiltak: Inntil 60 % tilskot av godkjent kostnadsoverslag.
  - Samarbeidstiltak: Inntil 70 % tilskot av godkjent kostnadsoverslag.
- Freda og verneverdige bygningar.  
Prosjekt som er vurdert av kulturavdelinga på fylket vert prioritert.
  - Inntil 50 % tilskot av godkjent kostnadsoverslag.
  - Skal restaurerast i samsvar med heftet "Råd om istandsetting av eldre hus" som er utarbeidd av fylkeskonservatoren i Møre og Romsdal.

- Tilgjenge/oppleving.
  - Inntil 30 % tilskot av godkjent kostnadsoverslag.
- Kulturminne/kulturmiljø.
  - Inntil 30 % av godkjent kostnadsoverslag.
  - Steingard/ steinmurar inntil 50 % av godkjent kostnad.
- Biologisk mangfald.
  - Inntil 50 % av godkjent kostnadsoverslag.
- Tiltak som fremjar organisert beitebruk.
  - Inntil 50 % tilskot av godkjent kostnadsoverslag.

#### Tiltak mot forureining:

- Vedlikehaldsgrøfting av gamal kulturmark og innmarksbeite.
  - Inntil 30 % tilskot av godkjent kostnadsoverslag
  - Ved kostnadsoverslaget skal det leggjast ved enkelt grøftekart (1:1000 el. 1:2000).
  - Arbeidet skal fagmessig utførast med godkjente dreinsrør og dekkmateriale.
- Hydrotekniske anlegg, slik som opne kanalar.
  - Inntil 60 % tilskot av godkjent kostnadsoverslag.
- Høytørke.
  - Inntil 40 % tilskot av godkjent kostnadsoverslag.
- Klimaplanting/ leplanting.
  - Enkeltiltak: Inntil 60 % av godkjent kostnadsoverslag.
  - Samarbeidstiltak: Inntil 70 % av godkjent kostnadsoverslag.

#### Generelt:

For tiltak på kulturmark- miljø, og vedlikehaldsgrøfting kan ein søkje om midlar på leigd areal.

18.04.2013

Søre Sunnmøre Landbrukskontor

#### **Kommunane sine vedtak**

Rådmannen si tilråding vart samrøytes vedteken. Vedtak i Formannskapet - 02.07.2013.  
Herøy kommune vedtek framlegget til strategiplan for serskilte miljøtiltak i jordbruket (SMIL) for 2013-2016 slik den ligg føre.

Vedtak i Ulstein formannskap, 14.05.2013:

Ulstein kommune vedtek framlegget til strategiplan for serskilte miljøtiltak i jordbruket (SMIL) for 2013-2016 slik den ligg føre. Tilrådinga frå Rådmannen vart vedteken 7 mot 0 røyster.

PS 48/13 strategiplan for SMIL midlar 2013-2016 for kommunane Herøy, Ulstein og Hareid.  
Kommunestyret si handsaming. Samrøystes. Vedtak: Hareid kommune vedtek framlegget til strategiplan for serskilte miljøtiltak i jordbruket (SMIL) for 2013-2016 slik den ligg føre.



Kommunane v/ landbruksforvaltninga

LANDBRUKSKONTORET		
J.nr.	Mottatt	Arkiv
111/13	25/0213	

## Tildeling av midlar til Spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL) for 2013

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, landbruksavdelinga, skal tildele virkemidlane til spesielle miljøtiltak i jordbruket i ei årleg disposisjonsramme til kommunane. Kommunane prioriterer tiltak etter forskrift og vedtekne strategiar innanfor forskrifta til SMIL-ordninga.

Tildelinga gjeld for følgjande ordning: "Forskrift om spesielle miljøtiltak i jordbruket"

### Disponible midlar for 2013:

SMIL – midlar tildelt for 2013 (utanom organisert beitebruk og utanom grøfting)	6.800.000,-
Overførte SMIL-midlar frå 2012	568.470,-
<b>Tilskotsramme for Møre og Romsdal 2013</b>	<b>7.368.470,-</b>

Samla ramme er noko mindre enn i 2012, då var den 8.051.605 medrekna overførte midlar.

For SMIL-midlane er det stort sprik mellom det behovet som er rapportert frå kommunane og den tilskotsramma som er til fordeling. Dette medfører at vi må prioritere hardt i samband med tildelinga til kommunane. Vurderingskriteria som har vore lagt vekt på er:

- Kommunane sin aktivitet og anslag for kostnader på venta søknader
- Innmeldt behov for tilskot 2013
- Kommunane sitt forbruk av midlar i høve til løyving i 2012.
- Kommunar med få gamle saker vert tilgodesett
- Kommunar med mange svært gamle saker har fått ein liten reduksjon
- Vurdering av aktivitetsnivået som kommunane har hatt over tid.
- Antal søkjarar av produksjonstilskot i kommunen er tillagt noko meir vekt enn tidlegare

**Kommunerammer for SMIL – midlar. Kroner tildelt for 2013 (utanom grøfting):**

Molde	140 000
Ålesund	
Kristiansund	40 000
Vanylven	310 000
Sande	160 000
Herøy	100 000
Ulstein	110 000
Hareid	110 000
Volda	300 000
Ørsta	420 000
Ørskog 1)	330 000
Norrdal	370 000
Stranda	450 000
Stordal	
Sykkylven	270 000
Skodje	
Sula	
Giske	170 000
Haram	240 000

Vestnes	140 000
Rauma	400 000
Nesset	300 000
Midsund	170 000
Sandøy	100 000
Aukra	100 000
Fræna	270 000
Eide	140 000
Averøy	160 000
Gjemnes	150 000
Tingvoll	260 000
Sunnadal	440 000
Surnadal	380 000
Rindal	170 000
Halsa	140 000
Smøla	210 000
Aure	230 000
Ikkje fordelt FM	88 470
Sum	7 368 470

1): For kommunane Ålesund, Sula, Skodje, Stordal og Ørskog er det gjort ei samla tildeling på kr. 330.000,-. Fordeling mellom kommunane/søknadane vil skje lokalt gjennom landbruksforvaltninga.

Vi minner om at kommunen er ansvarleg for å halde løyvingane innanfor tildelt ramme. Kommunen skal kontrollere at tiltaka vert gjennomførte i samsvar med føresetnadene.

**Viktig:**

**I fullmaktsbrevet frå SLF står det:»Opplysninger om ansvar og utgåtte arbeidsfrister viser at det fortsatt er behov for å få ryddet opp i dette. Inndratte midler for denne ordningen skal omfordeles til kommuner som viser god resultatoppnåelse og gjennomføringsevne.»**

Pr. 20/2-2013 var 242 ulike SMIL-saker med utgått arbeidsfrist (medrekna organisert beitebruk). Saldo for desse sakene er kr. 5.397.797,-. Dette er det no pålegg om å rydde opp i. Fylkesmannen tilrår at saker som det ikkje er gjort noko med når arbeidsfristen har gått ut (ofte 3 år) ikkje får forlenga arbeidsfrist. Ein kan heller ikkje rekne med at fylkesmannen vil gje ekstra utvida arbeidsfrist etter § 8 i forskrifta.

**Den vedlagde lista med utgått arbeidsfrist pr. 20/2-2013 må vere i «0» seinast 1/9-2013.**

**Vi forventar at det vert innskjerping frå sentralt hald m.h.t. å få overføre midlar frå år til år i forhold til det som har vore gjort siste åra.**

**For å få utnytte midlane her i fylket dette året vert dette gjort slik:**

- Kommunen gjer vedtak om inndraging snarast. Jamfør vedlagde liste pr 20/2-2013 over utgått arbeidsfrist. (SMIL-ordninga Forskriftstype 500, 034, 207 hjemmel 02 og 234.)
- Inndregne midlar på saker som er eldre enn 1/1-2004 kan ikkje kommunen løyve på nytt. Desse midlane går tilbake til fylkesmannen og blir fordelte ut igjen til kommunane. (dette er slik som tidlegare og det gjeld få saker)

- Saker frå og med 2004 og yngre: Midlar som kommunen dreg inn før 1/6-2013 kan kommunen løyve på nytt i 2013. (før 1.november) Her må kommunen nytte høvet til gjenbruk av midlane.
- Midlar som vert inndregne etter 1/6-2013 går tilbake til fylkesmannen for ny fordeling. Vi forventar at lista er svært kort når vi kjem til 1. juni. Fylkesmannen vil då samarbeide med dei kommunane dette gjeld for å avslutte denne lista.
- Inndregne midlar som gjeld «Organisert beitebruk» kan ikkje løyvast på nytt av kommunen. Desse midlane går tilbake til fylkesmannen og vert brukte på nye saker. Dette gjeld sjølv om det var kommunen som i si tid løyvde til desse søknadane.
- Inndregne midlar på saker der arbeidsfristen går ut seinare i år (etter denne lista frå 20/2-13) kan løyvast på nytt av kommunen. Det er også kommunen som gjer vedtak om evt. forlenga arbeidsfrist.

Ut frå fullmaktsbrev og signal frå sentralt hald må ein rekne med eit mykje strammare opplegg mht. arbeidsfristar, inndragingar av løyvde tilskot og overføringar til neste år. Tilrår at arbeidsfrist for saker som går ut ved nyttår vert sett til 1/1 og ikkje 31/12.

Fylkesmannen vil følge opp arbeidet med å få avslutta gamle saker. Nye lister vert sende ut etter som arbeidet går fram. Ta kontakt om det er behov for saldokort på gamle saker.

For inndregne midlar som skal fordelast på nytt vil fylkesmannen kome tilbake til det seinare.

#### *Kontroll:*

Ei av arbeidsoppgåvene som Fylkesmannen i Møre og Romsdal har i si handlingsplan for 2013 er oppfølging av kommunane sine kontrollrutinar. Det vil bli gitt nærare informasjon om datoar for kontroll for dei kommunane det gjeld dette året.

#### *Søknadsskjema:*

Søkjjarane skal nytte eige skjema "Søknad om tilskudd til spesielle miljøtiltak i jordbruket". Skjemaet er å finne på [www.slf.dep.no](http://www.slf.dep.no). Skjemaet er det same som i fjor.

#### *Forskrift og rundskriv:*

Gjeldande forskrift for SMIL-ordninga er "Forskrift om tilskudd til spesielle miljøtiltak i jordbruket", datert 04. februar 2004. Utdjupingar finn de i Rundskriv nr 07/2005. (Ny forskrift for SMIL og grøfting er ikkje kome enno.)

#### *Strategiplan:*

Kommunen sine fleirårige tiltaksstrategiar skal som tidlegare år omfatte alle tiltak innan Spesielle miljøtiltak i jordbruket. **Vi ber om å få tilsendt kopi av strategidokument etter kvart som dei vert reviderte.**

#### *Kontakt med areal- og miljøvernavingdelinga og kulturavingdelinga:*

Areal- og miljøvernavingdelinga hos fylkesmannen og kulturavingdelinga i fylkeskommunen har mykje kompetanse på sine fagfelt. Kommunane kan kontakte desse avdelingane for å dra nytte av fagkompetansen i SMIL-saker. Dette er også understreka i rundskrivet til SMIL-forskrifta.

#### *Registrering av søknader som har fått innvilga tilskot:*

Tilskot kan berre løyvast til personar med eigartilknytting til ein landbrukseigedom eller til registrerte foretak. Registrering av foretak i Einingsregisteret (Brønnøysund) kan ta litt tid. Særleg gjeld det foreningar eller selskap med fleire deltakarar, der Einingsregisteret kan krevje m.a. selskapsavtale, vedtekter og møteprotokoll m.m. **Tilskot til fellestiltak skal ikkje registrerast på enkeltpersonar eller enkeltpersonforetak. Vi ber om at kommunen ikkje sender søknader hit til registrering før dei formelle vilkåra er oppfylte.**

Når kommunane har gjort vedtak om tildeling av SMIL-midlar til eit tiltak, må det fortløpande sendast kopi av løyvingsskriv med vedtak og søknadsskjema til landbruksavingdelinga for registrering. ( Det trengst ikkje sendast med andre vedlegg) Dersom søknadsskjemaet er mangelfullt utfylt eller viser til vedlegg, ber vi om at alle nødvendige

opplysningar vert overført til skjemaet før oversending hit. Dette lettar arbeidet med registrering av søknader og sikrar at fagsystemet vert raskt oppdatert i høve til dei løyvingane som kommunen til ei kvar tid har gjort.

Når kommunen mottok saldokort for dei einskilde sakene er dette vår stadfesting på at sakene er registrert i fagsystemet og klargjort for utbetaling av tilskot.

#### **Siste frist for innsending av SMIL-saker til registrering er 1. november -2013.**

Fristen er tidleg, men dette er nødvendig også på grunn av mange grøftesøknader som vil kome. Det er veldig viktig at ein unngår opphoping av saker mot slutten av året. Ein kan ikkje utan vidare rekne med at saker som kjem inn lenge etter denne fristen vert registrerte.

#### Arbeidsfrist:

Landbruksavdelinga har rutinar for å sende ut brev til søkjar med varsel om arbeidsfrist. Brevet går med kopi til kommunen. Vi tilrår derfor at kommunane set dato for arbeidsfrist til kvartalskifte, dvs. 01. januar, 01. april, 01. juli eller 01. oktober.

Dersom tiltakshavar søker om utsett arbeidsfrist, er det kommunen som avgjer søknaden og eventuelt set ny arbeidsfrist i hht forskrifta. Fylkesmannen vil tilrå at kommunane vert strengare når det gjeld utvida arbeidsfristar. I saker der kommunen gjev utsett arbeidsfrist, sender kommunen brev til søkjar og kopi av vedtaket hit for registrering.

#### Saldokort:

Det er kommunen som handsamar og avgjer alle søknader om utbetaling av tilskot. Fylkesmannen skal ikkje ha tilsendt timelister, rekneskap eller anna dokumentasjon. Send inn saldokort påført nødvendige opplysningar og underskrift for utbetaling av tilskot. Dei som brukar eigen ferdigattest kan gjerne fortsette med det.

#### Inndraging:

Ut frå det som er nemnt tidlegare vil dette med arbeidsfrist bli handtert strengare.

Vi gjer merksam på at vedtak om inndraging er eit enkeltvedtak som gir tilskotsmottakar rett til å klage, jamfør Forvaltningslova. Ikkje send inn saldokort med inndraging før klagefristen er ute.

Landbruksavdelinga kjem til å sende ut lister til kommunane med oversikt over aktive saker i kommunane med arbeidsfristar.

Inndraging i saker som gjeld organisert beitebruk: Her vert ikkje midlane ført tilbake til kommunane.

#### Kalender 2013:

Fristar:	Aktivitet	Ansvar
22. februar 2013	Fordeling av midlar SMIL-midlar til kommunane	Landbr.avdelinga
Februar og utover våren	Opprydding i saker med utgått arbeidsfrist	Kommunane /l.avd
oktober 2013	Liste til kommunane over aktive SMIL saker m/arb.fristar	Landbr.avdelinga
<b>01. nov. 2013</b>	<b>Siste frist for innsending av SMIL-saker til registrering</b>	Kommunane
15. nov. 2013	Rapportering av forbruk av SMIL- midlar 2013 Rapportering av behov for SMIL- midlar 2014	Kommunane

#### Kontaktperson for registrering av søknader/vedtak/utskrivning av saldokort:

Tone Helen Rørseth	<a href="mailto:tone.helen.rorseth@fmmr.no">tone.helen.rorseth@fmmr.no</a>	71258149
--------------------	--	----------

#### Kontaktperson for spørsmål knytt til forvaltning av SMIL -midlane:

Byrge Fitje	<a href="mailto:byrge.fitje@fmmr.no">byrge.fitje@fmmr.no</a>	71258144
-------------	--	----------

### **Tilskot til organisert beitebruk 2013:**

For organisert beitebruk har Møre og Romsdal fått tildelt ei ramme på kr 800.000 for 2013. I tillegg vil opprydding i gamle saker med utgått arbeidsfrist frigjere midlar som kan løyvast på nytt.

#### Kontaktperson for ordninga organisert beitebruk er :

Marianne Aas Halse	<a href="mailto:marianne.aas.halse@fylkesmannen.no">marianne.aas.halse@fylkesmannen.no</a>	71258151
--------------------	--	----------

Ny forskrift og søknadsskjema for organisert beitebruk skal snart vere ferdig og vil bli nytta før handsaming av søknader i 2013.

Brukarane skal sende desse søknadane til kommunen, kommunen gjev ei kort tilråding/fråråding og sender søknadane vidare til fylkesmannen for avgjerd.

Tiltak i regi av beitelag / andre fellestiltak vil truleg bli prioriterte.

Aktuelle tiltak kan for eksempel vere:

Kurs i bruk av GPS ved tilsyn, innkjøp av GPS til beitelag, sperregjerder, ferister, bruer, sanke og skilleanlegg, automatar for saltslikkestein m.v.

Meir informasjon og aktuelle teikningar ligg på nettsida til Norsk Sau og Geit, [www.nsg.no](http://www.nsg.no) –beitebruk-tekniske løysningar m.m. For rekning av kostnader til f. eks gjerde, kan malar utrekna av Norsk småfeservice nyttast. Sjå sida [www.smaafe.no](http://www.smaafe.no) – kunnskapsbase-gjerder-beregning av korrekt gjerdekostnad.

Fylkesmannen vil kome med meir informasjon så snart det føreligg. Ber om at kommunane kunngjer denne ordninga saman med SMIL-ordninga.

For at anlegg skal kunne finansierast og byggast dette året vert **søknadsfristen sett til 1. april 2013.**

### **Grøfting:**

Forskrifta er ikkje ferdig enno. Møre og Romsdal har fått tildelt ei ramme på 4,1 mill kr. Fylkesmannen vil sende ut informasjon straks vi veit meir.

Lukke til med arbeida !

Med helsing

Ottar Longva (e.f.)  
Fylkesjordsjef

Byrge Fitje

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*

vedlegg: Del av rapport TU30. Liste pr. 20/2-2013 over SMIL-saker med utgått arbeidsfrist.







Søre Sunnmøre landbrukskontor

## SAKSFRAMLEGG

-

Sakshandsamar:	ANNLOB	Arkivsaknr:	2013/1174
		Arkiv:	V30

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
101/13	Maritim og teknisk komite	22.10.2013

### **SØKNAD FRÅ PER KRISTIAN FRØYSA OM OMDISPONERING AV DYRKA MARK TIL MASSEDEPONI AV REINE MASSER OG OPPDYR KING AV AREAL PÅ GNR 21 BNR 54**

#### **Tilråding frå rådmannen:**

Maritim og teknisk komite gir løyve til omdisponering av dyrka mark som omsøkt jmf. Jordlova §9. Løyve vert gitt fram til 01.01.2020.

#### Vilkår:

- Matjordlaget skal skavast vekk og nyttast som topplag på dei nydyrka areala.
- Det skal ikkje vere omdisponert meir enn 5 dekar til ei kvar tid. Plan for omdisponering skal sendast landbrukskontoret før tiltaket tek til.
- Det skal utarbeidast grøfteplan for dei nydyrka areala. Planen skal godkjennast av landbrukskontoret før tiltaket tek til.
- Løyve til omdisponering føreset at det er gitt naudsynte løyve frå Herøy kommune og Statens vegvesen (jmf. høringsuttalene).

#### Grunngjeving:

Da tiltaket har til hensikt å heve kvaliteten på eksisterande dyrka jord samt å nydyrke jord vil tiltaket vere i samsvar med føremålet i Jordlova.

Særutskrift:

Herøy kommune v/ utviklingsavdelinga

Statens vegvesen, Fylkeshuset, 6404 Molde

Møre og Romsdal Fylkeskommune, Fylkeshuset, 6404 Molde

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde

Per Kristian Frøysa, Frøystadvågen, 6095 Bølandet

## Vedlegg:

Søknad frå Per Kristina Frøysa med kart datert 28.08.2013  
Uttale frå Herøy kommune utviklingsavdelinga datert 12.08.2013  
Uttale frå Statens vegvesen datert 19.08.2013  
Uttale frå Møre og Romsdal Fylkeskommune datert 26.08.2013  
Uttale frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal datert 05.09.2013

## Saksopplysningar:

Per Kristina Frøysa har i e-post datert 27.02.2013 søkt om midlertidig omdisponering av dyrka jord, deponi av reine masser og med på fyljande oppdyrking av Koppen gnr. 21 bnr. 54 i Herøy.

Arealet som er søkt omdisponert består av 23 dekar fulldyrka jord, felt 1 på vedlagde kart. Søkjar skriv at planen er å fyller opp arealet slik at det vert fall frå gamal og ny riksveg og mot kanalen. Matjordlaget skal skavast av og leggst tilbake når oppfyllinga er ferdig. Deponeringa vert gjort områdevis og arealet stelt til etter kvart. Det skal ikkje vere meir enn 5 dekar omdisponert til ei kvar tid. Alt omdisponert areal skal vere tilbakeført til dyrka jord innan 01.01.2020.

Vidare søker Frøysa om å få deponere masser på udyrka areal, i alt 6,3 dekar. Det gjeld felt 2 og 3 på vedlagde kart. I gardskartet er felt 2 klassifisert som «dyrkbare jord» og felt 3 som myr. Deponeringa skal her avsluttast med oppdyrking.

Søknaden er sendt på høyring til Herøy kommune, Statens vegvesen, Møre og Romsdal Fylkeskommune og Fylkesmannen i Møre og Romsdal.

### Uttale frå Herøy kommune datert 12.08.2013

Herøy kommune kan ikkje sjå at det er naudsynt med dispensasjonshandsaming av søknaden i medhald av Plan- og bygningslova. Men at det må fremjast søknad om byggeløyve for den fysiske iverksetjinga av prosjektet.

### Uttale frå Statens vegvesen datert 19.08.2013

Statens vegvesen føreset at

- Bruken av området til massedeponi, og seinare oppdyrking, ikkje fører til skade og ulempe på drens-/ grøftesystem til tilgrensande fylkesveg med tilhøyrande gang- og sykkelveg. Dei ber om at nærare opplysningar/ planer om korleis området skal drenerast vert lagt fram for vegvesenet til orientering før oppfylling av masse på området tek til.
- Planar/ teikningar av utforminga og høgda på fyllinga/ sideterrenget inntil gang- og sykkelvegen – grøfta langs vegen – må leggst fram for Statens vegvesen til nærare vurdering og godkjenning før oppfylling av masse på området tek til.
- Det vert sendt søknad til Statens vegvesen om endra og utvida bruk av avkøyrsla frå fylkesvegen. Løyve til avkøyrsla – med nærare detaljerte vilkår – må ligge føre før tilkøyring og masse til området tek til.

### Uttale frå Møre og Romsdal fylkeskommune datert 26.08.2013

Møre og Romsdal Fylkeskommune har ut frå sine ansvarområde ingen merknad.

## Uttale frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal datert 05.09.2013

Fylkesmannen har ingen spesielle merknader ut over at arbeidet bør vere gjennomført på kortare tid enn 7 år.

### Landbruksfagleg vurdering

Det vart utarbeidd ein grøfteplan for omsøkt areal i 1999 ved planleggar Oddvar Gjerde ved Søre Sunnmøre Landbrukskontor. Planen vart godkjend av Fylkesmannens landbruksavdeling og det vart løyvd BU midlar til tiltaket. Det var førre eigar som sto for søknad og arbeid. Arbeidet med planen vart berre delvis utført med at det vart greve ein open djup kanal på 140 meter.

I samband med utarbeiding av grøfteplanen vart arealet omtala slik:

*Jordartene i Koppen er til dels djup myrjod over grus, sand. Enkelte stader er det grunt fjell som stenger for vatnet. Det dyrka arealet i Koppen vart dyrka på 60 talet og i byrjinga av 70 talet. Ein stor del av den dyrka jorda (enga) i Koppen er i dag vassjuk og i periodar med mykje nedbør er det vanskeleg å hauste grasavlinga. Dreneringa dei seinare åra, har vorte gradvis dårlegare. Både myrsynking, tette drenerør, problem med overflatevatn, avløp og bygging av ny riksveg gjennom Koppen har bidratt til desse problema. Heile arealet må grøftast på nytt. For å få avløp frå drenggrøfter og overflatevatn må i tillegg hovedkanalane (utløpet) senkast slik at ein får avløp frå drenggrøfter og overflatevatn.*

Den 23.11.2013 var Per Kristina Frøystad og underteikna på synfaring i Koppen. Frøystad meinte det ville vere eit betre tiltak å fylle opp med reine masser for så å legge ny dreneringa høgare i terrenget. Han argumenterte for at det ville vere uråd å få til ein god drenering av areala ved å nytte tidlegare utarbeidd grøfteplan.

### **Vurdering og konklusjon:**

Som landbruksfagleg instans i kommunen var vi innstilt på å rå ifrå tiltaket, men vart munnleg oppmoda frå søkjar om å sende saka på høyring. Svara på høyringane er referert over.

Saka vert i denne omgang berre vurdert ut frå løyve til ei tidsavgrensa omdisponering etter jordlova, samt vilkår om kvalitet på nydyrking/ oppdyrking. Fylkesmannen har i si uttale merknad til at tiltaket bør vere utført på kortare tid enn 7 år. Frøysa har søkt om løyve til å utføre ferdig tiltak innan 01.01.2020. Her vil vi rå til at søkjar får nytte den tida han har søkt om da det er fleire instansar som må gi løyve i saka. Kvaliteten på nydyrka/ oppdyrka areal skal vere i samsvar med *Tekniske retningslinjer for anlegg, drift og vedlikehold av planeringsfelt*, fastsatt av Landbruksdepartementet 21. april 1989. Det betyr at det mellom anna må utarbeidast ein grøfteplan (drensplan), sjå og uttale frå Statens vegvesen.

Søkjar skriv vidare at han vil skave av matjordlaget på om lag 20 cm og legge det attende når påfylling av masser er ferdig. Han vil omdisponere 5 dekar til ei kvar tid. Det er positivt at søkjar vil avgrense tiltaket på ein slik måte da det elles vil framstå som eit anleggsområde i lang tid. Det bør difor stillast krav om å utarbeide ein plan for kva areal som skal omdisponerast til ei kvar tid.

Deponering av reine masser, på det som i dag er myrområde, meiner vi bør avgrensast til å gjelde dei massane som til einkvar tid skal nyttast til påfylling.

Vidare må det søkjast om byggeløyve til Herøy kommune. Arbeidet kan ikkje ta til føre det er gitt løyve.

Det må og utarbeidast ein drensplan som leggst fram for Statens vegvesen til orientering før påføring av masser tek til.

Det må og utarbeidast planar/ teikningar av utforminga og høgda på fyllinga/ sideterrenget inntil gang- og sykkelvegen, samt grøfta langs vegen. Planane må godkjennast av Statens vegvesen før oppfylling av masse på området tek til.

Før tilkøyring av masser må Statens vegvesen ha gitt løyve til utvida og endra bruk av avkøyrsla frå fylkesvegen.

Konsekvensar for folkehelse:

Ingen

Konsekvensar for beredskap:

Ingen

Konsekvensar for drift:

Ingen

Fosnavåg, 08.10.2013

Erlend Krumsvik  
Rådmann

Anne Kathrine Løberg  
Landbrukssjef

Sakshandsamar:  
Anne Kathrine Løberg

## Marianne Sævik Nerland

---

**Fra:** Anne-Kathrine Løberg  
**Sendt:** 28. februar 2013 07:43  
**Til:** landbrukskontoret kontor epost  
**Emne:** VS: Søknad om midlertidig omdisponering av dyrka jord mm 21-54  
**Vedlegg:** Kartvedlegg til søknad om midlertidig odisponering av dyrka jord mm 21-54.pdf

LANDBRUKSKONTORET		
J.nr.	Mottatt	Arkiv
122/13	28/2-13	21/54

---

**Fra:** Per Kristian Frøysa [per.kristian.froysa@olympic.no]  
**Sendt:** 27. februar 2013 11:31  
**Til:** Anne-Kathrine Løberg  
**Kopi:** inger-lise-f@hotmail.com  
**Emne:** Søknad om midlertidig omdisponering av dyrka jord mm 21-54

SØKNAD OM MIDLERTIDIG OMDISPONERING AV DYRKA JORD, DEPONI AV REINE MASSER OG OPPDYR KING I KOPPEN GNR 21 BNR 54 I HERØY

Viser til synfaring med landbrukssjef Anne Katrin Løberg 02.11.12.

Entreprenør Aurvoll og Furesund treng areal til deponering av reine jordmasser, og har sett på Koppen gnr 21, bnr 54 som eit aktuelt areal.

Søker herved om løyve til midlertidig omdisponering av dyrkajorda på gnr 21 bnr 54, område 1 på vedlagde kart.

Planen er å fylle opp arealet slik at det blir fall frå gamal og ny riksveg mot kanalen som går inn i midten av området.

Det meste av arealet er i dag svært vassjukt, fordi det ligg så lavt i forhold til utdreneringa.

Matjordlaget på 20 cm skal skavast av, og leggjast tilbake når oppfyllinga er ferdig.

Deponering blir gjort områdevis, og arealet tilstelt etter kvar, slik at det aldri er meir enn 5 da dyrkajord omdisponert.

Alt omdisponert areal skal vere tilbakeført til dyrka jord innan 01.01.2020.

Søker også om å få deponere masse på udyrka areal, og avslutte deponeringa med oppdyrking.

Dette gjeld eit myrareal på ca 4,4 da sør på egedomen, område 2 på vedlagde kart, og eit gammalt uferdig nydyrkingsareal på ca 1,9 da i nordvestre hjørne av egedomen, område 3.

Håper på snarleg behandling av søknaden.

Med venleg helsing  
Per Kristian Frøysa  
Mob: +47 91 74 84 70  
E-mail: [per.kristian.froysa@olympic.no](mailto:per.kristian.froysa@olympic.no)

-----Opprinnelig melding-----

**Fra:** Anne Kathrine Løberg [<mailto:anne.kathrine.loberg@landbrukskontoret.no>]  
**Sendt:** 31. oktober 2012 13:18  
**Til:** Per Kristian Frøysa  
**Emne:** SV: Midlertidig omdisponering av dyrka jord

Kl 10.00 på gnr 21 bnr 54?

Med helsing

Anne Kathrine Løberg  
Landbrukssjef

Søre Sunnmøre Landbrukskontor  
6080 GURSKØY  
E-post: [anne.kathrine.loberg@landbrukskontoret.no](mailto:anne.kathrine.loberg@landbrukskontoret.no)  
Telefon: 70 08 60 54  
Mobilnr: 900 34 380

-----Opprinnelig melding-----

Fra: Per Kristian Frøysa [<mailto:per.kristian.froysa@olympic.no>]  
Sendt: 30. oktober 2012 09:51  
Til: Anne Kathrine Løberg  
Emne: SV: Midlertidig omdisponering av dyrka jord

Hei

Førstkomande fredag 02.11 er eg heime og kan ta det når som helst på dagen.  
Fint om vi kunne fått det til då.

Mvh Per Kristian Frøysa

-----Opprinnelig melding-----

Fra: Anne Kathrine Løberg [<mailto:anne.kathrine.loberg@landbrukskontoret.no>]  
Sendt: 29. oktober 2012 20:20  
Til: Per Kristian Frøysa  
Emne: SV: Midlertidig omdisponering av dyrka jord

Når kan det passe for deg med ei synfaring?

Med helsing

Anne Kathrine Løberg  
Landbrukssjef

Søre Sunnmøre Landbrukskontor  
6080 GURSKØY  
E-post: [anne.kathrine.loberg@landbrukskontoret.no](mailto:anne.kathrine.loberg@landbrukskontoret.no)  
Telefon: 70 08 60 54  
Mobilnr: 900 34 380

-----Opprinnelig melding-----

Fra: Per Kristian Frøysa [<mailto:per.kristian.froysa@olympic.no>]  
Sendt: 19. oktober 2012 18:47  
Til: Anne Kathrine Løberg  
Emne: Midlertidig omdisponering av dyrka jord

Hei

Entreprenør Aurvoll og Furesund treng areal til deponering av reine jordmasser, og har sett på Koppen gnr 21, bnr 54 som eit aktuelt areal. Det meste av arealet er oppdyrka, men er svært vassjukt, fordi det ligg så lavt i forhold til utdreneringa av området.

Vi tenkjer å lage ein avtale der deler av arealet blir tatt ut av produksjon i ein periode på inntil 5 år, før det vert tilbakeført til dyrka jord.

Inviterer herved Landbrukskontoret på synfaring, for å få dykkar syn på ein søknad om midlertidig omdisponeringsløyve, og drøfte korleis ein best kan ivareta landbruksinteressene i området.

Mvh Per Kristian Frøysa







1. Dyrtka areal midlertidig omdivonert
2. Myrareal til deponering og oppdyking og oppdyking
3. Gamalt uferdig nydykingfelt til deponering og oppdyking.





HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga



Søre Sunnmøre Landbrukskontor

6080 GURSKØY

Saksnr  
2013/964

Arkiv  
21/54

Dykkar ref

Avd /sakshandsamar  
UTV / HR

Dato  
12.08.2013

**PER KRISTIAN FRØYSA 21/54 - HØYRINGSSAK FRÅ LANDBRUKSKONTORET  
VEDK. SØKNAD OM MIDLERTIDIG OMDISPONERING AV DYRKA MARK.**

Ein viser til oversendt sak frå Landbrukskontoret som gjeld uttale til søknad om midlertidig omdisponering av dyrka mark på gnr. 21 bnr. 54 på Koppen i Herøy. Søkjar er Per Kristian Frøysa og formålet er å nytte areala til massedeponi for reine masser og med sikte på oppgradering og reetablering av dyrkamarka i løpet av ein 7-årsperiode.

Det aktuelle arealet er i kommuneplanen vist som LNF-område og ein oppfatar ikkje tiltaket til å innebere noko endring av denne arealbruken. Ein kan på denne bakgrunn ikkje sjå at det er naudsynt med noko dispensasjonsbehandling av søknaden i medhald av Plan- og bygningslova. Søknad om byggeløyve må imidlertid fremjast som grunnlag for den fysiske iverksetjinga av prosjektet.

Det vert forutsett at Landbrukskontoret følgjer opp saka i samsvar med intensjonane bak tiltaket og utviklingsavdelinga har etter dette ingen merknad til søknaden.

Med helsing

*Hallvard Rusten*  
for Jarl Martin Møller  
Avdelingsleiar

Hallvard Rusten  
Sakshandsamar





LANDBRUKSKONTORET		
J.nr. 458/13	Mottatt 21.08.13	Arkiv 21/54



## Statens vegvesen

Søre Sunnmøre Landbrukskontor  
6080 GURSKØY

Behandlande eining:  
Region midt

Sakshandsamar/innvalsnr:  
Hallvard Sæverud - <tomt>

Vår referanse:  
2013/087321-002

Dykkar referanse:  
AKL

Vår dato:  
19.08.2013

### **Fv 654 - Herøy kommune - Gnr. 21 bnr. 54 - Høyring søknad om mellombels omdisponering av dyrka mark - Deponi av masser og oppdyrking av areal - Uttale**

Viser til skriv av 22.7.2013 frå Søre Sunnmøre Landbrukskontor.

Saka gjeld høyring av søknad om mellombels omdisponering av dyrka mark under gnr 21 bnr 54 i Herøy til deponering av masse med sikte på seinare oppdyrking.

Etter det vi kan sjå er omsøkte areal omfatta av arealkategorien LNF-område i gjeldande kommuneplan.

Frå Statens vegvesen si side har vi ikkje vesentlege innvendingar til aktuelle tiltak på omsøkte parsell, under føresetnad at:

1. Bruken av området til massedeponi, og seinare oppdyrking, ikkje fører til skade og ulempe på drener-/grøftesystemet til tilgrensande fylkesveg med tilhøyrande gang- og sykkelveg. Vi føreset at nærare opplysningar/planar om korleis området skal drenerast vert lagt fram for vegvesenet til orientering før oppfylling av masse på området tek til.
2. Planar/teikningar av utforminga og høgda på fyllinga/sideterrenget inntil gang- og sykkelvegen – grøfta langs vegen – må leggjast fram for Statens vegvesen til nærare vurdering og godkjenning før oppfylling av masse på området tek til.
3. Tilkomst til området frå fylkesvegen vert knytt til eksisterande avkøyring lokalisert lengst nord på parsellen, dvs. avkøyrsla til den gamle riksvegtraseen. Det må søkjast Statens vegvesen om endra og utvida bruk av avkøyrsla. Løyve til avkøyrsla – med nærare detaljerte vilkår - må liggje føre før tilkøyring/transport av masse til området tek til.

Plan- og trafikkseksjonen  
Med helsing

*Ole Jan Tønnesen*  
for Ole Jan Tønnesen  
seksjonsleiar

*Hallvard Sæverud*  
Hallvard Sæverud

Kopi: Herøy kommune, Fylkeskommunen, Fylkesmannen

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region midt  
Fylkeshuset  
6404 Molde

Telefon: 02030  
Telefaks: 71 27 41 01  
firmapost-midt@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Vestre Olsvikveg 13  
6022 ÅLESUND

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Regnskap  
Båtsfjordveien 18  
9815 VADSØ  
Telefon: 78 94 15 50  
Telefaks: 78 95 33 52



Møre og Romsdal  
fylkeskommune

LANDBRUKSKONTORET		
J.nr.	Mottatt	Arkiv
470/-13	26/08-13	21/54

Søre Sunnmøre Landbrukskontor

6080 GURSKØY

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
	22.07.2013	48438/2013/DISPENSASJON/1515	Kristian Hole Fløtre, 71 25 82 94	26.08.2013

**Herøy kommune - midlertidig omdisponering av dyrka mark, deponi av reine masser og oppdyrking av areal gbnr 21/54 - Per Kristian Frøysa - fråsegn ved dispensasjon frå kommuneplan**

Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå sine ansvarsområde ingen merknader.

Dette brevet er elektronisk godkjent og vil ikkje bli utsendt i papir.

Med helsing

Johnny Loen  
plansamordnar

Kristian Hole Fløtre  
rådgivar

Kopi:  
Statens vegvesen, Region midt  
Fylkesmannen i Møre og Romsdal, her



Søre Sunnmøre landbrukskontor

6080 GURSKØY

LANDBRUKSKONTORET		
J.nr.	Mottatt	Arkiv
53/43	26/09-13	21/54

## Herøy kommune - omdisponering av dyrkamark til deponering av reine masser og oppdyrking av areal - gnr21 bnr54 - Per Kristian Frøysa

Viset til oversendingsskriv og plan / kart der sluttresultatet for heile arealet skal bli ferdig dyrka mark.

Fylkesmannen har ikkje spesielle merknader til tiltaket, men arbeida bør vere gjennomført på kortare tid enn 7 år slik det er nemnt i oversendingsskrivet.

Med helsing

Ottar Longva (e.f.)  
Fylkesjordsjef

Byrge Fitje

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*

Sakshandsamar Natur- og miljøvern: Astrid Buset tlf. 71258541



HERØY KOMMUNE  
HERØY KOMMUNE

Anlegg- og driftsavdelinga

## SAKSFRAMLEGG

-

---

Sakshandsamar:	FA	Arkivsaknr:	2013/1188
		Arkiv:	M30

---

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
102/13	Maritim og teknisk komite	22.10.2013

### **AVLØPSSAMARBEID OM LOKAL FORSKRIFT / TILSYN VED MINDRE AVLØPSANLEGG.**

#### **Tilråding frå rådmannen:**

Maritim og teknisk komite stiller seg positiv til eit samarbeid mellom kommunane i Søre Sunnmøre vassområde om

1. Felles/lik forskrift om utslepp frå mindre avløpsanlegg, og
2. Felles ordning for tilsyn med og ev. sakshandsaming av mindre avløpsanlegg, og ber om at dette vert utgreidd vidare.

Særutskrift:



### **Vedlegg:**

- 1 NOTAT til Søre Sunnmøre vassområde, lokal felles forskrift for utslepp frå mindre avlaupsanlegg
- 2 NOTAT til Søre Sunnmøre vassområde, Problemnotat felles tilsyn med mindre avløpsanlegg
- 3 Referat frå møte i Styringsgruppa i Søre Sunnmøre vassområde 6. september 2013. Sjå sak 4/13.
- 4 Utdrag frå kommuneundersøkelsen 2009 og 2010: Oppsummeringsrapport avløp og motorferdsel.

### **Bakgrunn:**

Herøy kommune har ikkje eiga forskrift om utslepp frå mindre avlaupsanlegg. Ein har heller ikkje noko god ordning for tilsyn og sakshandsaming av slike saker. Ein ser det som fordelaktig at kommunane innan Søre Sunnmøre vassområde har felles / lik forskrift og felles ordning for tilsyn og sakshandsaming.

### **Saksopplysningar:**

På bakgrunn av gjeldande forvaltningsplan for vassregion Møre og Romsdal (2010-2015), og arbeidet med å rullere denne i tråd med vassforskrifta har kommunane i Søre Sunnmøre sett på ulike tiltak for å sikre god miljøtilstand i vatnet på Søre Sunnmøre. Avløp er ein av utfordringane for miljøtilstanden og styringsgruppa i Søre Sunnmøre vassområde har fremja eit forslag om å etablere eit interkommunalt samarbeid om avløpstenester.

Avrenning og utslepp frå avløpsanlegg er ei viktig kjelde til ureining av vatn og vassdrag, og kan utgjere ein fare for drikkevasskjelder. Gjennom arbeidet med vassforskrifta har det kome fram at oversikta ikkje er god nok på feltet, noko som er ei utfordring for vassmiljøet. På Søre Sunnmøre er det om lag 4500 separate utslepp av avløpsvatn, det vil seie utslepp frå ulike typar septiktankar, samt direkte utslepp. Desse utsleppa kan utgjere ein potensiell fare både for miljø og helse, og det er viktig at kommunen har oversikt over utsleppa, og kontroll med at anlegga fungerer slik dei skal.

Erfaringar frå andre kommunar og vassområde, syner tydeleg at her er eit stort potensiale for forbetring. Ei større undersøking blant norske kommuner, der også Ørsta kommune var med, konkluderte slik: *"Undersøkelsen viser at det er vesentlige mangler i kommunens utøvelse av avløpsmyndigheten både for anlegg i spredt bebyggelse, som de har hatt ansvar for lenge, og for større anlegg de har hatt myndighet for siden 2007. Flere tiltak som kan bedre situasjonen foreslås.(...)"*. Eitt av tiltaka som vert rådd til er **"Oppfordre til interkommunalt samarbeid på avløpsmyndighet og tilsyn"** (Klif: Kommuneundersøkelsen 2009 og 2010. Oppsummeringsrapport).

Søre Sunnmøre er eit område med mykje spreidd busetnad og dei fagansvarlege i dei ulike kommunane stadfester at ein manglar oversyn over tilstanden og utsleppa frå desse avløpsanlegga, slik forureiningslova krev. Eit samarbeid om avløpsforvaltninga vil kunne heve kvaliteten på tenestene til kommune og gjere det enklare å etterleve krava i forureiningslova og forureiningsforskrifta kap 12-13 (om avløp). Det vil også gjere det mogleg å stille strengare krav i dei spesielt sårbare områda eller der ein har viktige brukarinteresse.

Faggruppa for avløp i Søre Sunnmøre vassområde rår til at det vert samarbeidd innanfor to delområde:

- 1) Felles/lik forskrift om utslepp frå mindre avløpsanlegg.
- 2) Felles ordning for tilsyn med mindre avløpsanlegg, og ev. samarbeid om sakshandsaming på feltet.

Fordelane med dette vil vere mange:

- Like krav til like resipientar uavhengig av kommune.
- Ei felles tilsynsordning vil føre til betre kontroll med ureining av vassdrag og drikkevatt
- Store fordelar med felles forskrift i høve entreprenørar som jobbar på tvers av kommunane. Dei får like krav i alle kommunane, preaksepterte løysingar vil vere definerte, krava til dokumentasjon vil vere like osv. Ein kan ha felles søknadsskjema i alle kommunane.
- Sakshandsaminga av utsleppssøknader vert lettare når ein slepp å vurdere dokumentasjon og resipient for kvar søknad. Om ei lokal forskrift fører til at fleire bygger fellesanlegg vil det bli færre søknader å behandle.
- Ei tilsynsordning vil vere sjølvfinansierande.
- Sikre rekruttering og utføringa av lovpålagte oppgåver.
- For vassmiljøet i kommunane vil det vere bra at:
  - o Alle kommunane har definert sine sårbare resipientar og sikrar at det stillast strengare krav til utslepp i desse.
  - o At alle anlegg som blir etablert fungerer tilfredstillande og reinsar vatnet slik det skal
  - o At kommunen får oversikt over alle spreidde utslepp

### **Søre Sunnmøre vassområde og vassforskrifta – litt bakgrunn**

Forskrift om rammer for vassforvaltninga (vassforskrifta) har delt Noreg inn i vassregionar og vassområde for å kunne drive ein heilskapeleg vassforvaltning. Herøy kommune er del av Søre Sunnmøre vassområde. Vassområdet har ein styringsgruppe med politiske representantar frå kvar kommune. I vår kommune er dette Bjarne Kvalsvik. Prosjektgruppa og faggruppa for avløp er samansett av administrative representantar frå kvar kommune.

Målet med arbeidet i vassområdet er å lage ei tiltaksanalyse, der tiltak for å betre den kjemiske og økologiske miljøtilstanden i elvar, vatn og kystvatn skal drøftast. Både kommunar og andre sektorstyresmakter skal bidra til denne analysen.

Tiltaksanalysen skal inngå i den regionale forvaltningsplanen for vatn for Møre og Romsdal som skal vedtakast i 2015. Eit arbeid for å betre avløpsforvaltninga vil kunne inngå i tiltaksanalysen og den regionale forvaltningsplanen for vatn.

Gjeldande plan "Forvaltningsplan for vassregion Møre og Romsdal 2010-2015" gir også føringar om tiltak i avløpssektoren.

For meir informasjon om arbeidet til Faggruppa for avløp, sjå:

<http://www.vannportalen.no/hoved.aspx?m=49074&amid=3630142>

### **Vurdering og konklusjon:**

Kommunens mynde når det gjeld avløp er stort og omfattande. Per i dag vert dette handtert på ulik måte i kommunane, men felles for alle kommunane er at arbeidet ikkje er tilstrekkeleg prioritert, verken i høve kompetanse eller ressursar. Det kan såleis vere fornuftig å etablere eit samarbeid om enkelte av oppgåvene for å kunne drive dei lovpålagte oppgåvene innan avløpsfeltet på ein betre måte. Dette vil kunne bidra til eit betre vassmiljø, betre folkehelse og ein lik avløpsforvaltning på tvers av kommunegrensene.

Målet med samarbeidet er å redusere ureininga frå avløpssektoren gjennom å styrkje saksområdet, at krava til utslepp frå mindre avløpsanlegg er like på tvers av kommunegrensar, og forenkla sakshandsaming. Vi meiner at dette bør utgreiast vidare.

Konsekvensar for folkehelse:

Betre vassmiljø vil vere positivt for folkehelsa.

Konsekvensar for beredskap:

Ingen.

Konsekvensar for drift:

Fosnavåg, 04.10.2013

Erlend Krumsvik  
Rådmann

Jon Rune Våge  
Avd.leiar

Sakshandsamar: Fred Arnesen



---

# NOTAT

---

**Til:** Styringsgruppa for Søre Sunnmøre vassområde

**Frå:** Arbeidsgruppe:  
Øyvind Vassbotn, Hareid  
Fred Arnesen, Herøy  
Arild Støylen, Ulstein  
Harald Øvereng, Ulstein  
André Gjerde, Ulstein

**Kopi:**

**Sak:** SØRE SUNNMØRE VASSOMRÅDE  
LOKAL, FELLES FORSKRIFT FOR UTSLEPP FRÅ MINDRE  
AVLAUPSANLEGG

<i>Saksnr</i>	<i>Løpenr.</i>	<i>Stad</i>	<i>Dato</i>
2007/263	6915/2013	Ulsteinvik	20.06.2013

## Bakgrunn

Utslepp frå mindre avlaupsanlegg, dvs < 50 pe (personequivalestar) skal i utgangspunktet godkjennast i medhald av, og etter vilkår fastsett i sentral «Forskrift om endring i forskrift om forurensning (forurensningsforskriften)», kap. 12. Forskrifta opnar likevel for at kommunane kan vedta ei *lokal* forskrift som er meir tilpassa dei lokale tilhøva, og som erstattar krava i §§ 12-7 – 12-13.

## Kvifor felles, lokal forskrift?

Behovet for lokal forskrift kan nok variere frå kommune til kommune, alt etter status og innhald i hovudplan avlaup, resipienttilhøve, kommunale og andre fellesløysingar for leidningsnett, reinsing og utslepp. Den sentrale forskrifta stiller ulike krav til reduksjon av innhald av nærings salt og organiske materialar, alt etter resipienten si evne til nedbryting. Det er så opp til søkjaren å dokumentere at den omsøkte reinsinga stettar krava, noko mange søkjarar finn omstendeleg, tid- og kostnadskrevjande. Her kan lokal forskrift føreskrive løysingar som tilfredsstillar krava, vise til t.d. sentralt utarbeidde VA-miljøblad eller andre standardiserte løysingar, alt etter resipienttype.

Den lokale forskrifta kan også gje nærare reglar om utsleppsstaden, krav til føretak som prosjekterer og bygg avlaupsanlegg og krav til drift og vedlikehald.

Føremonane med felles, lokal forskrift kan kort oppsummerast:

- Meir detaljert og rett inndeling og klassifisering av resipientane som normale, følsame, og mindre følsame (inndeling i kvar kommune)
- Like krav i heile området for utslepp til same type resipient
- Like krav for utslepp frå fleire kommunar til felles resipient
- Likt regelverk for bruk av tett tank
- Like krav ein føremon for røyrleggarar og leverandørar som har oppdrag i fleire kommunar
- Regelverk/krav som er enklare for tiltakshavar å rette seg etter
- Sakshandsamarar i ulike kommunar har likt regelverk å halde seg til
- Lettare å samarbeide kommunane i mellom
- Stimulerer til utvikling av fagleg miljø i regionene
- Felles regelverk vil vere til føremon for eit felles tilsyn

### **Konklusjon**

Styringsgruppa har tidlegare peika på avlaup som eit prioritert tiltaksfelt i vassområdet. Prosjektgruppa ser på det å få ei felles, lokal forskrift for kommunane i området som eit positivt tiltak, og vil rå styringsgruppa til å fremje ei sak politisk i kvar einskild kommune om utarbeiding av slik forskrift. Ulstein kommune har allereie lokal forskrift, slik at der vil det eventuelt vere nærliggande å harmonere denne med eit framlegg til felles forskrift.

For arbeidsgruppa

André Gjerde





## ØRSTA KOMMUNE

---

### INTERNT NOTAT – for oppfølging

---

**Til:** Søre Sunnmøre  
vassområde  
**Frå:** Magnar Selbervik

**Sak:** Oppfølging av forvaltningsplan vassregion

Saksnr / arkivkode	Løpenr.	Stad	Dato
2010/253 / 00	10731/2013	Ørsta	01.10.2013

Problemnotat felles tilsyn med mindre avløpsanlegg

Arbeidsgruppe:  
Asbjørn Aasebø og Steinar Drabløs (Volda kommune),  
Helge Klepp (Vanylven kommune),  
Kåre Hjelle og Magnar Selbervik (Ørsta kommune).

Problemnotat vedkomande etablering av eit felles tilsyn mellom dei 7 kommunane på Søre Sunnmøre (Hareid, Herøy, Ulstein, Vanylven, Volda og Ørsta).

Arbeid med handsaming og tilsyn av spreidde avløp kan finansierast gjennom eit eige gebyr (jf forureiningsforskrifta § 11-4).

*"Kommunen kan gi forskrift om gebyrer for egen behandling av eksisterende tillatelser, påslippsvedtak etter § 15A-4, behandling av søknad etter § 12-4, § 13-4 og § 15-4, for saksbehandling etter lokale forskrifter, og for kontrolltiltak som gjennomføres for å sikre at kapittel 11 til 16 eller vedtak i medhold av disse kapitlene blir fulgt. Gebyrene settes slik at de samlet ikke overstiger kommunens kostnader ved saksbehandlingen eller kontrollordningen, jf. forurensningsloven § 52a. "*

Gebyr for sakshandsaming og tilsyn bør innførast enten kommunane vil samarbeide om eit felles organ for tilsyn eller ei. Kommunane har ei lovpålagt plikt til å føre tilsyn med slike anlegg. Eigenkontrollen er ikkje god nok åleine. Pr i dag er det gebyr for dei som er knytt til offentleg avløp, men ikkje dei som har spreidde avløp. Eit slikt gebyr kan også dekkje arbeidet med rettleiing og handsaming av søknader.

I dag er handsaming av søknader om mindre avløpsanlegg (forureiningsforskrifta kap 12 og 13) ikkje tilstrekkeleg prioritert og ligg enten byggesaksavdelingane som i liten grad har kompetanse og kapasitet på området, eller ei anleggsavdeling. I siste høve er også problematisk i høve ansvaret for å handsame kommunen sine egne anlegg. Formelle vedtak og saksgang vert då ofte ikkje følgt. Trass plikt til å ha oversikt og føre tilsyn har kommunane i dag ikkje tilstrekkeleg oversikt.

Ein bør definere ei hyppigheit på ønskja tilsyn, td intervall på 10 år og rekne ut behovet/kapasiteten ut frå dette. Bør vere eit mål å etablere eit felles organ med 2-3 tilsette for å ha eit reelt kompetansmiljø. Eit slikt felles interkommunalt tilsynsorgan må ha delegert mynde (likelydande frå kvar kommune). Vertskommunen eller interkommunalt samarbeid (selskap) er alternativa. Samkommune eller sentrale føringar om omfattande kommunesamanslåing er ikkje vurdert her. Etter forureiningslova sin § 83 kan kommunestyra delegere ansvar for å treffe einskildvedtak til interkommunale selskap når særlege omsyn talar for det. Eit særleg omsyn her vil kunne vere behovet for å prioritere arbeidet og vanskaner med å gjennomføre dette i små stillingar (rekruttere/kompetanse) i kvar av dei ulike små kommunane.

Arbeidsgruppa ser for seg to ulike hovudmodellar:

Alternativ A – kun tilsyn:

Kun fysisk tilsyn, oppfølging av vilkår, tømerrapportar frå slamtøming. Kommunane må sjølv følgje opp tilsynsrapportane gjennom enkeltvedtak og pålegg.

Alternativ B - eit felles avløpseining som får ansvaret for både

- rettleiing av søkjarar,
- sakshandsaming (enkeltvedtak utsleppsløyve), forureiningsforskrifta kap 12, 13 og ev 15-6
- fysisk og administrativt tilsyn med oppfølging av vilkår/løyve
- førsteinstans klagehandsaming på enkeltvedtak.

Det kan også finnast ulike mellomløysingar mellom alternativ A og B.

Ei utfordring er handsaming av klager. I ein vertskommune modell er det opp til kvar einskild kommune å vere klageinnstans (jf kommunelova § 28-1f). Med alternativ B samlar ein kompetansen på fagområde til tilsynsorganet. Dette er gunstig i høve fagkompetanse og rekruttering, men kan vere uheldig i høve forsvarleg handsaming av klager. Ein vil også kunne få ulik tilnærming/føringar frå klageavgjerder i einskildsaker mellom kommunane. Ved organiseringa av eit interkommunalt selskap kan derimot også funksjonen som klageorgan avgjerast konkret i ein selskapsavtale, td til eit styre (jf interkommunale renovasjonsselskap).

Det vil også vere gunstig i høve eit felles tilsynsorgan å ha ei felles lokal forskrift i botnen, som gjev grunnlag for ei lik tilnærming uavhengig av kommune. Sentrale føringar om omfattande kommunesamanslåing bør også takast med i vurderinga.

Gebyr bør krevjast inn av ei vertskommune/interkommunalt selskap sjølv. Td vil eit årleg gebyr for tilsyn på kr 400,- pr anlegg årleg, som ved totalt ca 4500 separate anlegg vil gje ei årleg finansiering på 1.800.000,-. I tillegg bør det setjast eit sakshandsamingsgebyr som dekkjer arbeidet med handsaming av søknader om utsleppsløyve.

Det vil vere eit naturleg skilje å mellom rollene som eigar, drivar og ureiningsmynde i høve utsleppet. Kommunen er også mynde for utslepp av oljehaldig avlaupsvatn frå verksemder ol som er omfatta av kap 15-6. Ein bør vurder om ikkje også dette ansvaret bør følgje med til eit slikt felles tilsynsorgan (modell A eller B). Påslepp på kommunalt avløpsnett bør derimot ligge til anleggsavdelingane som er eigar av det kommunale leidningsnett.

Klare fordelar med etablering av eit felles tilsynsorgan er moglegheit for å prioritere arbeidet/ansvarsområde, felles handsaming og forsting i heile regionen, sikre rekruttering og eit fagmiljø (nokon å diskutere med, moglegheit for å sjå ting i ein større samanheng, Dei profesjonelle entreprenørane har ein stad å vende seg.

Ei utfordring kan vere at eit eige organ misser noko av den daglege kontakt med kommunen. Ein må sikre eit godt samarbeid særleg mellom tilsynsorgan og byggesakshandsaminga.

Med helsing

  
Magnar Selbervik  
miljøvernrådsgjevar





## Referat frå møte i Styringsgruppa i Søre Sunnmøre vassområde

Stad: Volda rådhus

Tid: 6. september 2013, 1200-1430

Tilstades:

<b>Herøy</b>	Bjarne Kvalsvik	-
<b>Sande</b>	Ragnar Kvamme	-
	Kari Grønnevik	X
<b>Ulstein</b>	Jan Berset (nestleiar)	-
<b>Vanylven</b>	Øystein Blom	X
<b>Volda</b>	Arild Iversen	-
	Jan Heltne	X
<b>Ørsta</b>	Rune Hovde (leiar)	X
<b>Hareid</b>	Anders Riise	-
<b>Prosjektleiar</b>	Kjersti Finholt	X

Sakliste:

- 1/13        **Godkjenning av referat frå førre møte**
- 2/13        **Orientering om kva som har skjedd sidan sist.**
- 3/13        **Seminar om miljøgifter**
- 4/13        **Avløpssamarbeid**
- 5/13        **Tiltaksanalysen.**
- 6/13        **Møteplan for hausten.**

Sak		Oppfølging
1/13	<u>Godkjenning av referat:</u> Godkjent	
2/13	<u>Orientering om kva som har skjedd sidan sist.</u> Orienteringssak	
3/13	<u>Seminar om miljøgifter</u> Programmet er endeleg klart. Det er berre å melde seg på.  Det blei drøfta om dette er eit tema som Sunnmøre regionråd kan følgje opp vidare, etter at tiltaksanalysa er ferdig. Prosjektleiar drøfter dette med dagleg leiar i regionrådet, og ser om dette kan følgjast opp. Regionrådet inviterast til møtet. Sjå sak 4/13.	Styringsgruppa spreier informasjon om seminaret gjennom sitt nettverk. Viktig at bedrifter blir med.
4/13	<u>Avløpssamarbeid</u> Asbjørn Aasebø, leiar av kommunalteknisk avdeling i	Prosjektgruppa jobbar vidare for å få til ei politisk behandling

	<p>Volda kommune, orienterte om samarbeidet som faggruppa for avløp har jobba med.</p> <p>Under diskusjonen kom det fram at Ørsta og Volda har eit prinsippvedtak om teknisk samarbeid, eit samarbeid om avløp vil gå inn under dette.</p> <p><b>Vedtak: Styringsgruppa ønskjer å utgreie eit muleg samarbeid mellom kommunane om 1) Felles forskrift om utslipp frå mindre avløpsanlegg, og 2) Felles ordning for tilsyn med mindre avløpsanlegg. Styringsgruppa ber Faggruppa for avløp om å jobbe vidare med saka slik at dette blir lagt fram for politisk behandling i kvar kommune.</b></p> <p>Styringsgruppa ber prosjektleiar/prosjektgruppa om å undersøke om det kan vere aktuelt å ha eit slikt avløpssamarbeid gjennom Sunnmøre regionråd. Nordre Sunnmøre vassområde må også orienterast om dette.</p>	<p>av utgreiing av eit avløpssamarbeid.</p> <p>Prosjektleiar tar kontakt med Sunnmøre regionråd om saka.</p>
5/13	<p><b><u>Tiltaksanalysen</u></b></p> <p>Prosjektleiar orienterte om prosessen. Det har kome inn innspel frå dei fleste kommunane, men ikkje frå sektorstyresmaktene. Det er eit problem, og tiltaksanalysen blir ikkje så grundig og bra som den kunne ha blitt. Store påverknader som kraftregulering, flaumforbygging og akvakultur manglar så langt forslag til tiltak.</p> <p><b>Vedtak: Styringsgruppa vedtek at gangen i det vidare arbeidet med tiltaksanalysa i vassområdet er slik:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• <b>Prosjektleiar samlar alle innspel i eit utkast.</b></li> <li>• <b>Utkastet presenterast for prosjektgruppa.</b></li> <li>• <b>Høyring. Prosjektgruppa finn den beste måten å gjennomføre dette på.</b></li> <li>• <b>Tiltaksanalysa behandlast i styringsgruppa i desember og sendast over til VRM (vassregionmyndigheita/Møre og Romsdal Fylkeskommune).</b></li> </ul>	
6/13	<p><b><u>Møteplan for hausten</u></b></p> <p>Neste møte i styringsgruppa blir : Fredag 13. desember 0930-1330 i Vanylven. Omvisining på Sibelco (olivin).</p> <p>Andre viktige datoar framover:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• 25. sept Miljøgiftseminar</li> </ul>	

	<ul style="list-style-type: none"> <li>• 14-15. okt. Forvaltningsplankonferanse Oslo</li> <li>• 25. okt. Seminar om landbruk og vatn</li> <li>• 30. okt. AU</li> <li>• November: møte i prosjekgruppa + høyringsmøte</li> <li>• 13. desember: møte i styringsgruppa.</li> </ul>	
Info	<p>Prosjektleiar informerte om eit arbeid med å kartlegge havbotnen, "<b>Marine grunnkart på Møre</b>", der Fylkeskommunen, Runde miljøsender, samt høgskoler og forskningsmiljø, har danna ein prosjektgruppe som jobbar for at denne kartlegginga skal starte her på Søre Sunnmøre. Ein slik kartlegging kan vere ein nyttig reiskap i forvaltninga av kystvatnet på Sunnmøre, og vil kome til nytte både i arbeidet med vassdirektivet og kystsoneplanar.</p>	

Kjersti Finholt, 9. september 2013



## **Kommuneundersøkelsen 2009-2010 Oppsummeringsrapport avløp og motorferdsel**

[http://www.klif.no/nyheter/dokumenter/kommuneundersokelsen2009-2010\\_oppsummeringsrapport.pdf](http://www.klif.no/nyheter/dokumenter/kommuneundersokelsen2009-2010_oppsummeringsrapport.pdf)

### **Funn i undersøkelsen**

#### **Avløp**

*Undersøkelsen viser at det er store mangler i hvordan de undersøkte kommunene som forurensningsmyndighet arbeider med saksbehandling og kontroll av utslipp av avløpsvann fra avløpsanlegg. Dette gjelder både små, spredte avløp fra færre enn femti pe1 etter forurensningsforskriften kapittel 12, og avløp fra tettbebyggelse inntil 2000 pe til ferskvann eller 10 000 pe til sjø etter forurensningsforskriftens kapittel 13, samt påslipp til offentlig avløpsnett jf forurensningsforskriftens kapittel 15A-4.*

#### **Avløp**

Undersøkelsen viser at det er vesentlige mangler i kommunens utøvelse av avløpsmyndigheten både for anlegg i spredt bebyggelse, som de har hatt ansvar for lenge, og for større anlegg de har hatt myndighet for siden 2007. Flere tiltak som kan bedre situasjonen foreslås.

#### **Vektlegge muligheten til å finansiere saksbehandling gjennom gebyrer**

Kommunenes arbeid med saksbehandling og kontroll med avløp kan være selvfinansiert ved gebyrer, jf forurensningsforskriften § 11-4. Gebyret kan dekke behov for ansatte til avløpsarbeidet, eller innleie av kompetanse til for eksempel kartlegging og forberedende saksbehandling. Økonomi er derfor ikke til hinder for at kommunene kan utføre oppgavene på avløpsfeltet. Klif og fylkesmennene vil arbeide for at kommunene i større grad benytter finansieringsmuligheten for å få mer ressurser til arbeidet på avløpsfeltet.

#### **Oppfordre til interkommunalt samarbeid på avløpsmyndighet og tilsyn**

Store og små kommuner har samme myndighet, men forutsetningene for å håndtere dette er forskjellig. Særlig de små kommunene mangler kompetanse på avløpssektoren. Store kommuner har flere stillinger/ressurser og kan prioritere kompetanse. Interkommunalt samarbeid gir mulighet for å skaffe økt kompetanse, Klif og fylkesmennene vil søke å oppfordre til økt samarbeid mellom mindre kommuner. Samarbeid på avløpsområdet kan med fordel skje vassdragsvis, da avløp oppstrøms har betydning lenger nedstrøms i resipienten. Eksempel på et slikt samarbeid er "Godt vann Drammensregionen" der ni kommuner samarbeider. Vi vil også vektlegge at kommunen også kan samarbeide når det gjelder tilsyn. Et godt eksempel på dette er miljøhygienisk avdeling i Notodden kommune som fører tilsyn på vegne av fem kommuner.



HERØY KOMMUNE  
HERØY KOMMUNE

Anlegg- og driftsavdelinga

## SAKSFRAMLEGG

-

---

Sakshandsamar:	JRV	Arkivsaknr:	2013/1080
		Arkiv:	Q14

---

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
103/13	Maritim og teknisk komite Kommunestyret	22.10.2013

### RETTELEIING FOR DIMENSJONERING AV VEGAR MED TILHØYRANDE AREAL - FORSLAG

**Tilråding:**

Rettleiing for dimensjonering av vegar med tilhøyrande areal vert vedteken.

Særutskrift:

- Utviklingsavdelinga, her

## **Vedlegg**

- Rettleiing for dimensjonering av vegar med tilhøyrande areal i Herøy kommune – forslag

## **Bakgrunn**

Forslaget til rettleiing er utarbeidd for å ivareta trafikktryggleik, bumiljø og framkomst for alle trafikantar ved planlegging, drift og vedlikehald av ulike typar vegar med tilhøyrande areal. Formålet med rettleiinga er også å sikre likebehandling ved handsaming av reguleringsplanar, byggjesaker og klagesaker i trafikkspørsmål. Rettleiinga bør også medføre effektivisering og nedkorting av sakshandsamingstida i tilknytning til slike saker.

## **Saksopplysningar**

Ansvar for planlegging, bygging, drift og vedlikehald av vegar er fastsett i Veglova med tilhøyrande forskrifter. Statens Vegvesen har i tillegg m.a. utarbeidd ei rekke handbøker/vegnormalar som vert nytta ved planlegging, drift og vedlikehald av vegar. Lov og forskriftsverket i tilknytning til vegar er rimeleg omfattande og praktiseringa kan vere ulik frå kommune til kommune.

Kommunen har praksis for å nytte gjeldande veglov med tilhøyrande forskrifter og vegnnormalar ved planlegging, bygging, drift og vedlikehald av kommunale vegar. I enkelte høve har ein imidlertid sett, både på eksisterande veg og ved nybygging, at vegløyisingane ikkje er/har vorte tilfredsstillande.

Forslaget til rettleiing gjeld kommunale vegar, snuplassar, gang- og sykkelvegar/fortau, parkeringsplassar, private vegar, avkøyrslar og parkeringsplassar som står i samband med kommunal veg m.m. Plan- og bygningslova og Veglova med forskrifter samt stadfesta reguleringsplanar med føresegner gjeld framom rettleiinga.

Forslaget til rettleiing er etter modell frå m.a. Mandal kommune og bygger i stor grad på Statens Vegvesens handbok 017 (veg- og gateutforming) og handbok 018 (vegbygging). Det er ved utarbeiding av rettleiinga føreteke ei forenkling av m.a. normalverdiane for kommunale vegar. Dette er m.a. gjort for å gjere rettleiinga meir lettforståeleg for alle som vil ha nytte av den.

Det er i rettleiinga lagt spesiell vekt på moment som fremmar framkomsten og trafikktryggleiken for trafikantane.

Som det framgår av utkastet til rettleiing har Statens Vegvesen delt vegane inn i 12 standardklassar alt etter kor tettbygd det er langs ein veg. Det er i utkastet til rettleiing føreslått at dette for kommunale vegar vert forenkla til 3 vegtypar dvs. atkomstvegar, samlevegar og gang/sykkelvegar. Vidare har ein delt inn desse 3 vegtypane i 6 standardklassar avhengig av funksjon, antal bueiningar og omgjevnader. Det er også lagt føringar for at private vegar og industrivegar over 50m med 6 eller fleire bustadar eller meir enn 3 tomter/bedrifter skal utformast som offentleg veg. Som det framgår av tabell 3 og 4 er det knytt ei rekke tekniske krav til utforming av dei ulike vegtypane. I forhold til standardtabellane er det gjort mindre endringar i vegbreidder på grunnlag av erfaringar med eksisterande vegar og



storleiken på tilgjengeleg vedlikehaldsutstyr. Det er elles føreslått reglar for frisiktsareal, busshaldeplassar, rabattar, parkeringsplassar, snuplassar, støyskjerming og avkøyrslar til eigedomar.

### **Vurderingar**

Ein har over tid sett behovet for å få fastsett ei kommunal rettleiing for dimensjonering av vegar med tilhøyrande areal. M.a. med sikte på

- auka trivsel for dei som bur langs vegane
- auka trafikktryggleik og framkomst for alle trafikantar
- sikring av framkomst for beredskapskøyrety og effektiv avfallshenting
- handtering av auka trafikk på eksisterande vegar
- god og kostnadseffektiv drift og vedlikehald av vegane
- effektivisering/forenkling av arbeidet ved utarbeiding og sakshandsaming av reguleringsplanar, byggesaker og veg/trafikksaker

Det vert elles vist til vedlagt kopi av forslag til rettleiing.

#### Konsekvensar for folkehelse:

God trafikktryggleik og framkomst for alle trafikantar, beredskapskøyrety, effektiv avfallshenting og tilfredsstillande drift og vedlikehald av kommunale vegar er viktige trivselsfaktorar og såleis positivt for folkehelsa. Likeeins at auka trafikkmengde vert ivareteke i form av auka trafikktryggings- og trivselsfremjande tiltak.

#### Konsekvensar for beredskap:

Sikker, uhindra framkomst er heilt avgjerande for brann- og ulukkesberedskapen. Forslaget til rettleiing vil utvilsamt vere positivt i denne samanheng.

#### Konsekvensar for drift:

Vegar med tilhøyrande areal som vert opparbeidde i samsvar med rettleiinga vil føre til eit enklare og meir kostnadseffektiv drift og vedlikehald

Med bakgrunn i saksutgreiinga, vedlagt forslag til rettleiing og etter ei samla vurdering elles vil rådmannen tilrå at rettleiinga vert vedteken.

Fosnavåg, 14.10.2013

Erlend Krumsvik  
Rådmann

Jon Rune Våge  
Avd.leiar

Sakshandsamar: Ida Marie Herre



HERØY KOMMUNE

# Rettleiing for dimensjonering av vegar med tilhøyrande areal

## **Forord**

*Rettleiing for dimensjonering av vegar med tilhøyrande areal for Herøy kommune* er utarbeidde med bakgrunn i tilsvarande rettleiing for m.a. Mandal kommune. Eigne erfaringar/lokale tilpassingar er også tekne med.

Rettleiinga er utarbeidd for å ivareta trafikktryggleik, bumiljø og framkomeligheit for alle ved planlegging av ulike typar trafikkområde og kommunale vegar. Rettleiinga er i stor grad basert på Statens vegvesens handbok 017, veg- og gateutforming, og handbok 018, vegbygging. Det er føreteke ei forenkling ved skildring av dei viktigaste normalverdiane for kommunale vegar. I den grad detaljar og opplysningar manglar, føreset ein bruk av Statens vegvesens handbok 017, 018 og Norsk Standard 3420.

Anleggs- og driftsavdelinga

Fosnavåg, oktober 2013

## Innhald

1	Generelle føresegner .....	4
1.1	Generelt .....	4
1.2	Vegklasser .....	4
2.	Dimensjoneringsgrunnlag .....	5
2.1	Atkomstvegar A1 og A2 .....	5
2.2	Samleveg S1 og S2 .....	6
2.3	Gang- og sykkelveg .....	7
2.4	Privat felles atkomstveg .....	7
3	Frisiktareal (fig. 4) .....	8
4	Busshaldeplassar (fig. 5) .....	8
5	Rabatt mellom gang-/sykkelveg og samleveg .....	8
6	Parkeringsplassar .....	8
7	Snuplassar (fig. 6) .....	9
8	Støyskjerming .....	9
9	Private avkøyrslar til eigedomar (fig. 7) .....	9
	Vedlegg 1- Atkomstvegar A1 og A2 .....	10
	Vedlegg 2- Samlevegar S1 og S2 .....	11
	Vedlegg 3- Gang- og sykkelveg .....	12
	Vedlegg 4- Siktsonar Atkomstvegar .....	13
	Vedlegg 5- Busshaldeplassar .....	14
	Vedlegg 6- Snuplassar .....	15
	Vedlegg 7- Private avkøyrslar .....	16
	Vedlegg 8- Herøy kommunes parkeringsvedtekter .....	17

## 1 **Generelle føresegner**

### 1.1 **Generelt**

Rettleiinga for dimensjonering av vegar med tilhøyrande areal, gjeld for kommunale vegar, avkøyrslar og parkeringsplassar, samt private vegar, avkøyrslar og parkeringsplassar som står i samband med kommunal veg. Planlegging av riks- og fylkesvegar skal i sin heilskap følgje vegnormalane til Statens Vegvesen.

Handbok 017 må nyttast for supplering og utdjuping av krava i denne rettleiinga, samt når det gjeld meir detaljerte og tekniske spesifikasjonar som vedkomande vegbygging.

Plan- og bygningslova og Veglova med forskrifter samt stadfesta reguleringsplanar med føresegner gjeld framom dei krav som går fram av denne rettleiinga.

### 1.2 **Vegklasser**

Med grunnlag i standardklassane til Statens vegvesen har Herøy Kommune delt det kommunale vegnettet inn i følgjande vegtypar:

Atkomstvegar: Bustadvegar og stikkvegar i industriområde

Samlevegar: Samanbindingsvegar innanfor område og bydelar, industrivegar og/eller vegar med busstrafikk

Gang/sykkelvegar: Vegar for gang- og sykkeltrafikk skilt frå køyreveg (i spesielle tilfeller kan det tillatast køyring for inntil 3 bueiningar på gang-/sykkelveg).

Vegnettet i Herøy Kommune er inndelt i totalt 6 standardklasser etter tabell 2.

Atkomstveg	A1 (3<bueiningar<50)	A2 (bueiningar>50)
Samleveg	S1 (ikkje busstrafikk og <250 bueiningar)	S2 (busstrafikk og/eller >250 bueiningar)
Gang- og sykkelveg	Gang- og sykkelveg (G/S)	Fortau (F)

Tabell 1 - Vegklasser Herøy kommune

Vegens standardklasse avheng av vegens funksjon, antal bueiningar og omgivnader. Ved val av standardklasse må det også vurderast potensiale for framtidig utbygging i tilknytning til ein veg.

Private vegar med tilkomst til 6 bueiningar eller meir og lengde meir enn 50m skal utformast i henhold til standardklasse A1. I industriområde skal stikkvegar til meir enn 3 tomter/bedrifter og lengde meir enn 50m utformast som offentleg veg.

## 2. Dimensjoneringsgrunnlag

I tabellane nedanfor er det ein del forkortingar som betyr følgjande:

CL = Senterlinje

Dim. = Dimensjonert

S = Stigning

R = Radius

ÅDT = Årsdøgntrafikk

L1/L2 = Lengder, disse er oppgitt i tabellane

L = Lastebil

LL = Liten lastebil

SP = Spesialbil (eks: vogntog)

### 2.1 Atkomstvegar A1 og A2

	A1 >3 og < 50 bueiningar	A2 > 50 bueiningar
Reguleringsbreidde	6,0 m + siktutviding	11m + siktutviding
Køyrebanebreidde eks. skulder	3,0 m	4,5 m
Asfaltert skulder mot kantstein	0,25m	0,25 m
Skulder mot grøft/rekkverk	0,5m der 0,25m asfaltert	0,5m der 0,25m asfaltert
Fortau		3,0 meter asfaltbreidde, 0,25m grusskulder
Min. avst. reg. grense bustad	3,0 m	3,0 m
Min. avst. garasjevegg parallelt med eigedomsgrense mot veg	3,0 m	3,0 m
Min. avst. garasjevegg normalt med eigedomsgrense mot veg	5,0m	5,0m
Dimensjonerande hastigheit	30 km/t	30 km/t
Dimensjonerande kjøretøy	L	L
Min. lengde til snuplass for blindveg	50 m	50 m
Snuplass	dim. for LL, S<50‰	dim. For L, S<50‰
Minste horisontalradius	20 m	20 m
Stoppesikt v/fall/stigning 0-50‰, L1	25 m	25 m
Stoppesikt v/fall 50-100 ‰, L1	30 m	30 m
Siktutviding i kurver R=50	1,5 m	0,75 m
Minste vertikalradius høgbrekk	350 m	120 m
Minste vertikalradius lågbrekk	100 m	100 m
Maksimal stigning, S	100 ‰	100 ‰
Maks. stigning i kryss	70 ‰	70 ‰
Maks. stign. mot hovud/samleveg	25‰ 8 m frå vegkant	25‰ 8 m frå vegkant
Min./maks. tverrfall/overhøgde	30/40 ‰	30/50 ‰
Min. radius innerkant vei i kryss	10 m	8 m
Sikt i kryss (mellom bustadvegar) målt inn frå vegkant og langs CL køyrebane	10m x L1 mot venstre 4 m x L1 mot høgre	10m x L1 mot venstre 4 m x L1 mot høgre
Sikt i avkjørsler målt fra asfaltkant	3 m x L1	3 m x L1
Maks. stign. i avkjørsel	25‰ dei første 5m frå vegkant	25‰ dei første 5m frå vegkant
Maks. breidde på avkjørsler ved eigedomsgrense	7m	7m
Fri høgde	4,70 m (<4,70 m må	4,70 m (<4,70 m må

	skiltast)	skiltes)
Avstand mellom møteplassar	maks. 100 m	

Tabell 2 - Atkomstvegar A1 og A2

## 2.2 Samleveg S1 og S2

	< 250 bueiningar	>250 bueiningar eller buss/ind.veg
Reguleringsbreidde	min. 11,5m + breiddeutviding	min. 14,5m + breiddeutviding
Kjørebanebreidde eks. skulder	5,0 + breiddeutviding	6,0 + breiddeutving
Asfaltert skulder mot kantstein	0,25m	0,25m
Skulder mot grøft/rekkverk	0,5m der 0,25m skal asfalterast	0,5m der 0,25m asfalterast
Grøft/snøareal	1,5m fra veikant, 1,0m frå fortauskant	1,5m fra veikant, 1,0m frå g/s-vegkant
Min.avst. reg.grense - bustad og garasje	6,00 m (frå senterlinje 11,5 m)	8,00 m (frå senterlinje 13,5m)
Fortau	min. 3,0m asfaltbreidde +25cm skulder	
Gang-/sykkelveg	der strekning inngår i samanhengande g/s-veg	min.2,5 asfaltbreidde+25cm skulder
Dimensjonerande kjøretøy		SP (L)
Dimensjonerande hastigheit	50 km/t	50 km/t
Minste horisontalradius		60 m (35 m)
Stoppsikt v/fall/stigning 0-30 ‰, L1		55 m (40 m)
Stoppsikt v/stigning 38-80 ‰, L1		50 m (35 m)
Stoppsikt v/fall 30-80 ‰, L1		60 m (40 m)
Breddeutvidelse i kurver 60<R=70		1,0m
Breddeutvidelse i kurver 70<R=125		0,75m
Breddeutvidelse i kurver 125<R=200		0,5m
Minste vertikalradius		400 m (250 m)
Maksimal stigning		80 ‰
Maksimal stigning, lengde < 100m		100 ‰
Maks. stigning i kryss m/åtkomstveg		70 ‰
Maks. stigning i kryss m/hovudveg		50 ‰
Min./maks. tverrfall/overhøyde		30/60 ‰
Min. radius innerkant vei i kryss		10 m (8 m)
Sikt i kryss målt inn frå vegkant og langs CL kjørebane		10m x 1,2 L1 mot venstre 4 m x 1,2 L1 mot høyre
Sikt i avkjørsler		4m x L1
Maks. stign. i avkjørsel		25‰ de første 5 m fra veikant
Maks. bredde på industriavkjørsler ved eiendomsgrense		10 m
Fri høgde		4,70 m
Støyskjerming		vurderes v/ÅDT>1000
Breddeutvidelse		se håndbok 017
Overhøgde		se håndbok 017
Gangbru/fotgjengerundergang		vurderes v/ÅDT>4.000, min. 25 kryssende fotgj. i max. time

Gangfelt	vurderes v/ÅDT>2.000, min. 25 kryssende fotgj. i max. time
----------	--

Tabell 3 - Samleveg S1 og S2

(Tall i parentes gjeld veger dimensjonert for hastighet 40 km/t og skal normalt ikkje nyttas).

## 2.3 Gang- og sykkelveg

Reguleringsbredde	min. 5,5 m
Kjørebanebredde eks. skulder, S<80‰	3,0
Asfaltert skulder mot kantstein	0,0
Grusskulder mot grøft/rekkverk	0,25
Grøft/snøareal	1,0 m
Min.avst. for reg. grense bolig	3,00 m
Min. avst. garasje parallelt med eiendomsgrense mot vei	1,50 m
Min. avst. garasje normalt med eiendomsgrense mot vei	5,00 m
Dimensjonerande kjøretøy	LL
Minste horisontalradius	15 m
Stoppsikt v/fall/stigning 0-50 ‰, L1	20 m
Stoppsikt v/stigning 50-100 ‰, L1	5 m
Stoppsikt v/fall 50-100 ‰, L1	40 m
Minste vertikalradius høypbrekk	50 m
Minste vertikalradius lavbrekk	50 m
Maksimal stigning, S, lengde > 100m	80 ‰
Maksimal stigning, S, lengde < 100m	100 ‰
Anbefalt maks. stigning på ramper til undergangar/gangbru	50 ‰
Min./maks. tverrfall	30/50 ‰
Min. radius innerkant vei i kryss	10 m
Sikt i kryss (med bilveg) målt inn frå vegkant og langs CL gs-vei	4 m x L1 mot venstre 1 m x L1 mot høyre
Sikt i kryss (mellom g/s-veier) målt inn frå vegkant og langs CL gs-veg	4 m x L1 mot venstre 1 m x L1 mot høyre
Sikt i avkjørsler	1,5 m x L1
Fri høgde	3,0 m (om det er maskinell rydding av snø og liknande)
Bredde/høgde i undergangar	min. 4,0 x 3,0 m

Tabell 4 - Gang og sykkelveg

## 2.4 Privat felles atkomstveg

Reguleringsbreidde	min. 5,0 m
Kjørebanebreidde inkl. skuldre	min. 3,0 m
Grøft-/snøareal	1,0 m
Dimensjonerande kjøretøy	LL
Maksimal stigning, S	125 ‰
Maks. stign. mot hovud-/samleveg	25‰ de første 5 m frå vegkant hovud-/samleveg



Sikt i kryss (med bilveg) målt inn frå vegkant og langs CL kjørebane	4 m x L1 mot venstre 4 m x L1 mot høgre
--	--

Tabell 5 - Privat felles adkomstveg

### **3 Frisiktareal (fig. 4)**

Langs samleveggar skal frisiktareal i kryss og avkjørsler regulerast som offentlig veggrunn. Langs atkomstveggar skal frisiktareal regulerast som tomtegrunn (kryss mellom atkomstveggar, private atkomstveggar og avkjørsler) og klausulerast gjennom reguleringsføresegner. Innafor frisiktarealet er det ikkje tillate med vegetasjon eller gjerde høgare enn 0,5 m over tilstøytande vegars nivå. Terreng kan ikkje planerast høgare enn tilstøytande vegars nivå.

### **4 Busshaldeplassar (fig. 5)**

- Busslommer skal utformast med innkøyringslengde, oppstillingslengde og utkøyringslengde på henholdsvis 30, 15 og 10 m.
- Haldeplassar må ikkje leggest i eller ved utgangen av innerkurver (mot. sikt for sjåfør ved utkøyring) eller i stigning større enn 60‰.
- På vegar med ÅDT < 1.000 og fartsgrense < 50 km/t kan haldeplassar utformast utan busslomme med repos på 2 x 8 m for av- og påstigande passasjerar. Repos bør ligge i tilknytning til fortau eller gang-/sykkelveg.

### **5 Rabatt mellom gang-/sykkelveg og samleveg**

Rabatt skal fortrinnsvis etablerast med 2,0 m breidde med kantstein på begge sider. Ved kostbart terreng eller tett busetnad nær vegen, kan rabattbreidda reduserast til min. 1,0 m. I eksisterande busetnad kan det vurderast spesialløyningar ut frå tilgjengeleg plass.

### **6 Parkeringsplassar**

- Parkeringsplassar skal opparbeidast i tråd med gjeldande kommunale parkeringsvedtekter (vedtatt 05.03.2009, sjå vedlegg 8).
- Parkeringsplassar skal fortrinnsvis utformast vinkelrett på veg med minimum 2,5 m breidd, 5 m lengd og 6 m manøvreringsareal (inklusive vegbreidd). HC-parkeringsplassar utformast med 3,8-4,0 m breidd.
- P-plassar skal ha maksimal stigning 50‰ (både i breidd- og lengderetning).
- Gjesteparkeringsplassar som tilhøyrar private bueiningar skal ikkje inngå i det offentlege vegnettet.
- Gjesteparkeringsplassar bør fordelast rundt i eit bustadområde, men plassar for færre enn 4 bilar bør unngåast. Avstand mellom bustad og gjesteparkeringsplass bør ikkje overstige 150 m.
- Parkeringsplassar bør ikkje leggest inntil leikeareal.

## **7 Snuplassar (fig. 6)**

Einkvar kommunal blindveg skal ha snuplass. Snuplassar skal utformast som vendehammar med 16m lengde eller rundkøyning med 10m ytre radius. Maksimal lengd på arm i vendehammar er 30m. Snuplassar skal ikkje nyttast som parkeringsplass eller som avkøyrsløse til eigedomar.

I industriområde skal det nyttast rundkøyning med 13m radius. Mindre stikkvegar i industriområde kan utformast som vendehammar dimensjonert for spesialbil (SP) eller lastebil (L). Snuplass skal ha maksimal stigning 50‰. Det må avsettast min. 3 x 6m til snøareal ved enden av kvar del av vendehammaren.

## **8 Støyskjerming**


Støyskjerming i utbyggingsområde bør fortrinnsvis skje med jordvoller mot. estetikk. Skjermhøgder over 2,5m skal ikkje førekomme. Lav skjerm med gjerdeutforming på lav jordvoll bør tilstrebast framfor høg skjerm. Støyskjermar gir best effekt nærmast vegen, men må ikkje settast slik at dei kjem i konflikt med sikt i kryss og avkøyrsløse. Minimumsavstand frå skjerm til skulderkant samleveg og adkomstveg er 1,5 m, til skulderkant gang-/sykkelveg og fortau 1,0 m. Vedlikehald av skjermar i nye bustadområde skal utføres av bustadeigarane. Krav om dette skal takast inn i reguleringsføresegnene og tinglysast på eigedomane.

## **9 Private avkøyrsløse til eigedomar (fig. 7)**


Avkøyrsløse til eigedomar skal opparbeidast med 90 gr. vinkel i kryss i tilknytingspunktet med annan veg. Snuplass skal opparbeidast på eigen grunn.

Vedlegg 1- Atkomstvegar A1 og A2


**ADKOMSTVEG A1, >3 og <50 bueiningar**




**ADKOMSTVEG A2, >50 bueiningar**




**Plassering av betongrekkverk**



VEDLEGG TIL VEINORMAL	Mål	Dato
ATKOMSTVEGAR	1:100	1. 10. 01
	1:50	
		Tegnet av HIS




Vedlegg 3- Gang- og sykkelveg



Vedlegg 4- Siktsonar Atkomstvegar


### ATKOMSTVEGAR FRISIKTSONAR




L 1 bestemmes av stigning/fall  
Leses av i tabell 2, 3, 4 og 5

Vedlegg til vegnormal	Mål	Dato
	1:500	01.10.01
Frisiktsoner		Tegnet av
		H.I.S

Vedlegg 5- Busshaldeplassar




Vedlegg 6- Snuplassar





Vedlegg 7- Private avkøyrslar



5. Tegning A 4.



## HERØY KOMMUNE

### VEDTEKTER TIL PLAN- OG BYGNINGSLOVA § 69 NR. 3 OG 4

#### Til § 69 nr. 3

1. I regulerings- og utbyggingsplanar skal det gjerast greie for dei anlegg som er nemnt i § 69 nr. 1. I den grad behovet for slike anlegg er dekkja på tilstøytande areal må dette dokumenterast. Anlegga sin samanheng med køyreveggar, gangveggar og friareal må visast.
2. På eiga tomt eller på fellesareal for fleire tomter skal det sikrast areal for følgjande antal biloppstillingsplassar:
  - a. Bustadbygg skal ha oppstillingsplass på eiga tomt eller på fellesareal for fleire tomter for 1 bil pr. buening pluss 0,5 bil pr. buening til gjesteparkering. Dersom samla antal bueningar overstig 10 vert kravet til gjesteparkering redusert til 0,25 bil frå og med 11. buening. For sjølvstendige einbustadtomter som ikkje samarbeider om felles parkeringsanlegg vil likevel kravet til gjesteparkering vere 1 bil pr. buening. For hybelbygg er kravet 1 biloppstillingsplass pr. hybeleining utan krav til gjesteparkering.
  - b. Forretningsbygg skal ha oppstillingsplass på eiga tomt eller på fellesareal for fleire tomter for 1 bil pr. 50 m<sup>2</sup> golvflate BFA. I tillegg til dette kjem areal til inn- og utkøyring og naudsynt lasteareal for vare- og lastebilar.
  - c. Industri-, verkstad- og lagerbygg skal ha oppstillingsplass for 1 bil pr. 100 m<sup>2</sup> brutto golvflate BFA. For bilverktader og servicestasjonar er kravet 3 biloppstillingsplassar pr. 100 m<sup>2</sup> brutto golvflate BFA. I tillegg til dette kjem areal til inn- og utkøyring og naudsynt lasteareal for vare- og lastebilar.
  - d. Hotell skal ha oppstillingsplass for 2/3 bil pr. rom.
  - e. Restaurantar, kafear o.l. skal ha oppstillingsplass for 1 bil pr. 10 sitjeplassar.
  - f. Skular og barnehagar skal ha oppstillingsplass for 1 bil pr. tilsett. I tillegg skal vidaregåande skular ha oppstillingsplass for 1 bil pr. 10 elevar og barnehagar for 1 bil pr. 5 barn.
  - g. Sjuke- og aldersheimar skal ha oppstillingsplass for 1 bil pr. sengeplass.
  - h. Forsamlingslokale, her under kyrkjor, bedehus, ungdomshus/grendahus, teater og kino, skal ha biloppstillingsplassar fastsett etter skjønn. Kravet skal likevel vere minst 1 biloppstillingsplass pr. 10 sitjeplassar.
  - i. For andre bygningar og anlegg skal talet på biloppstillingsplassar fastsett etter skjønn.



3. For tilbygg/påbygg gjeld kravet i punkt 2 for dei deler av bygningar som arbeidet omfattar. Hovudombygging eller delvis ombygging krev ikkje fleire biloppstillingsplassar etter punkt 2 dersom bygninga eller ombyggingsarbeidet samla sett framleis skal nyttast til same formål som tidlegare.

Skal bygninga eller ein del av bygninga, etter hovudombygging eller delvis ombygging, nyttast til anna formål enn tidlegare, må det sikrast areal for nye biloppstillingsplassar dersom det nye bruksformålet, jfr. punkt 2, gjer det naudsynt med fleire biloppstillingsplassar enn det tidlegare bruksformålet. Talet på nye biloppstillingsplassar skal setjast til differansen mellom det antal plassar som vert kravd etter punkt 2 og krav etter tidlegare bruksformål for same del av bygninga.

#### Til § 69 nr. 4

1. Kommunen kan samtykke i at det i staden for biloppstillingsplassar på eigen grunn eller på fellesareal vert innbetalt eit beløp pr. manglande plass for bygging av offentlege parkeringsanlegg. Kommunen kan krevje at tiltakshevar inngår avtale om betaling av nærare utrekna beløp før igangsetjingsløyve vert gjeve. Avtalen skal kunne tinglyst på eigedomen. Endelig innbetaling av fastsett/avtalt beløp skal gjerast seinast når bygge/anlegget vert teke i bruk.
2. Beløp pr. manglande parkeringsplass er fastsett til kr 90.000. Denne summen står fast ut 2004 og vert der etter regulert kvart år pr. 1. januar (første regulering 01.01.05) i takt med endringa i Statistisk Sentralbyrå sin byggekostnadsindeks.

Denne vedtekta, sist endra 20.05.2003, er vedteken av Herøy kommunestyre i møte den 20.11.2003 (K-sak 97/2003).

Herøy kommune, 31.2.2004  
  
Arne Goksøyr  
ordfører



HERØY KOMMUNE  
HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

## SAKSFRAMLEGG

-

---

Sakshandsamar:	AZT	Arkivsaknr:	2012/1324
		Arkiv:	34/526

---

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
104/13	Maritim og teknisk komite	22.10.2013

### HAVYARD HOUSE 34/526 - KLAGE PÅ VEDTAK OM OVERTREDINGSGEBYR I BYGGESAK

#### Tilråding frå rådmannen:

Maritim og teknisk komite kan ikkje sjå at klagen framført av Prosjektbygg AS, datert 12.09.2013, fører med seg nye moment i saka som kunne gitt grunnlag for eit anna vedtak i MTK-sak 83/13.

Klagen vert med dette ikkje teke til følgje og saka vert oversendt Fylkesmannen i Møre og Romsdal for endeleg avgjerd.

#### **Særutskrift:**

Utviklingsavdelinga, her for vidare ekspedering av klagesak

**Vedlegg:**

- 01 – Klage på vedtak frå Prosjektbygg AS, datert 12.09.2013.
- 02 - Tidlegare e-post frå Prosjektbygg AS, datert 05.09.2013.
- 03 - MTK-sak 83/13 – Vedtak om overtredingsgebyr i byggesak

**Saksopplysningar:**

Den 11.06.2013 gav bygningsmyndigheten førehandsvarsel om illeggelse av overtredelsesgebyr grunna avvik mellom opplysningar gjeve i søknad og forhold avdekkja i tilsyn av 10.05.2013.

I forhåndsvarselet ble det opplyst at det ville kunne bli fattet vedtak om illeggelse av overtredelsesgebyr. Det ble også opplyst at før vedtaket blei fatta, fekk ansvarleg søkjar høve til å uttale seg, jf. plan- og bygningsloven (pbl) § 32-8 tredje ledd.

Det er 18.06.2013 motteke uttalar til førehandsvarslinga frå både ansvarleg søkjar og representant for tiltakshavar. Uttalane går i hovudsak på at ansvarleg søkjar viser til varsel og lovverk i høve illeggelse av overtredelsesgebyr, samt at det blir bestrida at FDV-dokumentasjon var mangelfull ved synfaring. Frå tiltakshavar blir det av 18.06.2013 opplyst at ein no har motteke komplett FDV-dokumentasjon.

Rådmannen viser til at ein i samband med tilsyn har utarbeidd ein tilsynsrapport. Denne rapporten blei gjort kjent for både tiltakshavar og ansvarleg føretak og er skriftleg signert av partane.

Herøy kommune har handsama og gjeve ferdigattest for ombyggingsarbeid på eigedomen den 18.06.2013.

Maritim og teknisk komite (MTK) handsama sak 83/13 i møte av 27.08.2013 og gjorde slikt vedtak:

***Med heimel i PBL § 32-8 første ledd bokstav f, jf. byggesaksforskrifta (SAK10) § 16-1 første ledd bokstav g, nummer 1, ilegges Prosjektbygg AS overtredelsesgebyr på kr 10.000,- for uaktsom eller forsettlig overtredelse av pbl § 21-10.***

***Oppfylleelsesfristen er 4 uker fra brevets dato, jf. pbl § 32-8 fjerde ledd.***

***Ein gjer merksam på at dette vedtaket kan klagast til Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde. Mogleg klage må vere skriftleg og grunngjeven og den skal stilast til Fylkesmannen, men sendast til Herøy kommune, Postboks 274, 6099 Fosnavåg. Klagefristen er på 3 –tre- veker frå den dag melding om vedtaket har kome fram til den som har klagerett, jfr. Plan- og bygningslova § 1-9 og Forvaltningslova §§ 28 og 29.***

Prosjektbygg AS har sett fram skrifteleg klage på vedtak den 12.09.2013. Det ligg også ved ein tidlegare e-post frå Prosjektbygg AS som kom inn etter vedtaket og i løpet av klagetida. Ein legg desse opplysningane til grunn som ein del av klagen.

## Vurdering

Prosjektbygg AS, har framsett klage på vedtak innanfor den lovbestemte klagefristen på 3 veker. Klagen er framsett skriftleg og stila til Fylkesmannen i Møre og Romsdal, men sendt til Herøy kommune for handsaming etter Forvaltningslova. Prosjektbygg AS er ansvarleg føretak i byggesaka og har rettsleg klageinteresse. Dette føretaket er vurdert som part i saka. Vilkåra for å handsame dette som ei klagesak er difor oppfylt.

Prosjektbygg AS viser i sin e-post av 12.09.2013 til motteke faktura på kr 10.000,- frå Herøy kommune. Føretaket meiner det ikkje kan sendast ut faktura før saka er avgjort og ser ikkje dette som eit gyldig krav. Føretaket viser til vedlagt klage og ber Herøy kommune om sjå på saka på nytt – føretaket meiner at det i tilsynet er feilaktig notert at FDV ikkje var levert på tidspunktet tilsynet blei gjennomført. Føretaket erkjenner at FDV var overlevert, men at denne ikkje var komplett og mangla deler av malarfaget som skulle ettersendast. Føretaket meiner at manglane på malarfaget ikkje går på tryggleik og er av ubetydeleg karakter slik dei ser det.

I tillegg meiner føretaket at det ikkje er gitt dei fristane som skal gjevast i eit førehandsvarsel. Føretaket viser til SAK 16-1 og stiller spørsmål i høve varsling av naboar og kva brot som her skal ha blitt gjort i denne samanheng.

Utviklingsleiaren viser til at det i denne saka er gjeve eit overtredingsgebyr mot eit avvik som er avdekka ved gjennomføring av tilsyn på byggeplassen i samband med søknad om ferdigattest. I tilsynet blei det gjennomført ein kontroll på om FDV-dokumentasjon var overlevert frå ansvarleg føretak til byggverkets eigar. Det blei her stadfesta at noko var overlevert, men at noko framleis manglar for at denne dokumentasjonen skulle vere komplett. Dette blei stadfesta av partane på byggeplassen og det blei kryssa av for eit avvik i kommunen sin tilsynsrapport. Denne rapporten blei gjennomgått og dokumentet blei signert av partane på byggeplassen ved gjennomført tilsyn.

Ein viser til at det i søknad om ferdigattest frå ansvarleg føretak er stadfesta av FDV-dokumentasjon er overlevert byggeverkets eigar. Når slik dokumentasjon er sendt kommunen for handsaming er det ein føresetnad at desse opplysningane er i samsvar med dei faktiske forholda i byggesaka. Dette inneberer at kommunen skal kunne stole på dei opplysningane ein får presentert og at desse skal leggast til grunn for utskriving av ferdigattest – tilsyn og kontroll frå kommunen i byggesaker skal vere unntaket i ein slik samanheng. Avvik mellom faktiske forhold og innsendt dokumentasjon til kommunen blir sett på som eit brot på plan- og bygningslova med tilhøyrande forskrifter og er vurdert til å vere svært alvorleg.

Når det gjeld utsending av førehandsvarsel i etterkant av gjennomført tilsyn, er dette for å mellom anna oppsummere resultat av tilsynet. Her blei det vist til kva avvik som blei avdekka og det blei sett ein frist for å rette opp i dei avvika. Føretaket fekk i etterkant av tilsynet, gjennom e-post frå Herøy kommune, ein rimeleg frist til å sende komplett FDV-dokumentasjon til tiltakshavar. Fristen som her blei sett var «snarast råd» og må her tolkast i lys av at dette avviket måtte utbetrast innan nokre dagar etter utsendt e-post. Etter denne utsendinga var det ikkje registrert framdrift i saka og Herøy kommune følgte opp med å sende førehandsvarsel om overtredingsgebyr til føretaket med frist for uttale sett til 11.07.2013.

Ein la her til grunn alminnelege forvaltningsrettslege tidsfristar for at føretaket skulle få kome med uttale i saka. Herøy kommune mottok seinare stadfesting frå tiltakshavar om motteke komplett FDV-dokumentasjon. Det blei etter dette skrive ut ferdigattest for tiltaket og tilsynet blei avslutta. Saka blei etter dette handsama i MTK, der uttale frå føretaket blei teke med som relevante saksopplysningar for vedtaket. Utviklingsleiaren vil her understreke at føretaket har fått høveleg med tid til å lukke avvika og uttale seg i saka.

Utviklingsleiaren viser til at dei opplysningane som klagar her kjem med i høve tidsfristar ikkje er korrekt i denne saka, og vil tilbakevise denne påstanden med vise til ovannemnde. Herøy kommune kunne kanskje vore tydelegare i sitt uttrykk av tidsfristar og unngått å bruke omgrepet «snarast råd». Kommunen viser til at føretaket har fått ein høveleg frist for uttale og til å rette opp i dei avvika som ein har avdekkja ved tilsynet.

Prosjektbygg AS viser til i sin klage at dei meiner å ha overlevert deler av FDV-dokumentasjonen ved søknad om ferdigattest. Her vil utviklingsleiaren presisere at **etter Byggesaksforskriften (SAK10) kap 8 skal det overleverast komplett FDV-dokumentasjon frå ansvarlege føretak til tiltakshavar ved søknad om ferdigattest.** Tiltak kan ikkje takast i bruk før kommunen har gitt ferdigattest eller midlertidig bruksløyve. Det er heller ikkje adgang til å la andre ta tiltaket i bruk. Ferdigattest markerer avslutningen av byggesaken. Kommunen skal gi ferdigattest når det dokumenteres at tiltaket er prosjektert og utført i samsvar med tillatelser og bestemmelser gitt i eller i medhald av PBL, og at nødvendig kontroll er utført **Det er krav om at søker seinast ved søknad om ferdigattest skal ha fått nødvendig dokumentasjon for driftsfasen framlagt av dei ansvarlige føretaka.**

Når det gjeld klagar sin moment til pålegg om retting og utsending av gebyr, gjeld dette to forhold; Ileggelsen av overtredingsgebyr er eit enkeltvedtak som kan påklagast. Å ilegge gebyr er ei frivillig moglegheit for kommunen, og avgjerdsla om det skal ileggast overtredingsgebyr er opp til kommunens frie skjønn og kan ikkje overprøvast ved ei eventuell klage. Derimot er grunnlaget for og størrelsen på gebyrer som er ilagt lovbundet skjønn, og kan overprøvast fullt ut ved ei eventuell klage. Utviklingsleiaren viser til at det i MTK-sak 83/13 er grunngjeve grunnlaget og storleiken på gebyret som er ilagt i denne saka.

Når det gjeld innkrevjing av utsendt overtredingsgebyr, viser utviklingsleiaren til at fristen for å oppfylle vedtaket er 4 veker frå vedtaket blei fatta. Overtredingsgebyret må betalast sjølv om det klages på vedtaket. Når det gjeld dei momenta som klagar nemner i høve pålegg om retting, viser utviklingsleiaren til førehandsvarselet og at komplett FDV-dokumentasjon blei retta av ansvarleg søkjar utan at kommunen blei nøydd til å nytte pålegg som virkemiddel i denne saka. Utviklingsleiaren vil understreke at ser det som positivt at avviket blei retta av ansvarleg søkjar, slik at det var grunnlag for å utskrive ferdigattest i byggesaka. Dette endrar likevel ikkje det faktumet at det tidlegare er begått eit lovbrøt i saka knytt til dei opplysningane som blei presentert i søknad til Herøy kommune som bygningsmynde. Her har ansvarleg søkjar sendt inn søknad om ferdigattest – kryssa av for at det er levert komplett FDV-dokumentasjon til byggverkets eigar – samstundes som det ved tilsyn blei avdekkja at tiltakshavar ikkje har motteke komplett FDV-dokumentasjon. Dette forholdet var det semje om ved gjennomført tilsyn, og ein viser til signert tilsynsrapport som er underteikna av både tiltakshavar og ansvarleg søkjar.

Utviklingsleiaren vil understreke at sjølv om avviket er retta av ansvarleg søkjar i denne saka, kjem ein likevel ikkje unna eit brot på plan- og bygningslova ved søknad om ferdigattest, jfr. at det her er presentert villeiande eller ukorrekte opplysningar i søknad til kommunen frå eit ansvarleg føretak. Dette er noko som utviklingsleiaren vurderer som svært alvorleg og noko som ikkje skal skje ved byggesaker i Herøy kommune.

### **Konklusjon**

Utviklingsleiaren vil avslutningsvis understreke at vedtak om overtredingsgebyr bygger på at det her er avdekket eit avvik mellom dei faktiske forholda på byggeplassen (tilsyn) og dei opplysningane som er presentert for kommunen frå ansvarleg søkjar ved søknad om ferdigattest.

I denne saka er det avdekket eit forhold som viser at ein ikkje har kunne stole på dei opplysningane som føretaket har presentert for kommunen ved søknad om ferdigattest. Kommunen ser alvorleg på forhold som avdekkjer avvik mellom søknad, prosjektering, utføring og ferdigstilling av tiltak. Søknader som inneheld villeiande eller uriktige opplysningar overfor kommunen som bygningsmynde er grunnlag for sanksjonar etter PBL kap 32.

Utviklingsleiaren vil avslutningsvis presisere at ein føreset at profesjonelle aktørar som får ansvarsrett i byggesaker kjenner til regelverket for overlevering av FDV-dokumentasjon.

Med bakgrunn i ovannemnde kan ein ikkje sjå at klagen framført av Prosjektbygg AS, fører med seg nye moment i saka som kunne gitt grunnlag for eit anna vedtak i MTK-sak 83/13. Klagen vert med dette ikkje teke til følgje og saka vert oversendt Fylkesmannen i Møre og Romsdal for endeleg avgjerd.

Konsekvensar for folkehelse:

**Ikkje relevant**

Konsekvensar for beredskap:

**Ikkje relevant**

Konsekvensar for drift:

**Ikkje relevant**

Fosnavåg, 30.09.2013

Erlend Krumsvik  
Rådmann

Jarl Martin Møller  
Avd.leiar

Sakshandsamar: Aleksander Zahl Tarberg



## Aleksander Nykrem Tarberg

---

**Fra:** Tonny Pettersen <tonny@pbygg.no>  
**Sendt:** 12. september 2013 16:11  
**Til:** Aleksander Nykrem Tarberg; Jarl Martin Møller; Arkiv  
**Kopi:** Sindre Thorseth; Erlend Krumsvik; oko  
**Emne:** SV: Vedr Havyard House, overtredelsesgebyr og klage til Fylkesmannen  
**Vedlegg:** Klage til Fylkesmannen.pdf

Vi har i dag mottatt ein faktura pålydande kr 10000,- for overtredelsesgebyr for brudd på PBL 32-8 og SAK 16-1. Vi kan ikkje sjå at det er noko grunnlag til å fakturere i ei sak som er tidligare påklaga til dykk. Inntil saka er avgjort kan vi ikkje sjå at dette er eit gyldig krav.

Klage på vedtaket er tidligare sendt Dykk, men er vedlagt her på nytt da vi ser den skal stilast til Fylkesmannen.

Vi ber dykk igjen om å sjå på saka på nytt. Saka er basert på at det feilaktig er notert at FDV ikkje var levert på tilsynstidspunkt. Byggherre har bekrefta dette. I tillegg er det ikkje, slik vi ser det gitt dei fristane det skal giast i eit førehandsvarsel.

SAK 16-1 i gjeldande forskrift da dette var byggemeldt, omhandlar for øvrig varsling av naboar. Kva brudd skal ha blitt gjort i den samanheng?

### Prosjektbygg A.S

Postboks 183  
6099 Fosnavåg

Tonny Pettersen  
direkte 700 87905  
mobil 906 34446  
epost: [tonny@pbygg.no](mailto:tonny@pbygg.no)  
[www.pbe-portalen.no](http://www.pbe-portalen.no)

---

**Fra:** Aleksander Nykrem Tarberg [<mailto:aleksander.nykrem.tarberg@heroy.kommune.no>]

**Sendt:** 5. september 2013 14:55

**Til:** Tonny Pettersen; Jarl Martin Møller; Arkiv

**Kopi:** Sindre Thorseth; Hallgeir Vian; Erlend Krumsvik

**Emne:** SV: Vedr Havyard House, overtredelsesgebyr

Dykkar e-post er registrert på saka i vårt arkiv.

Ein vil gjere dykk merksam på at ein ikkje finn grunnlag for å ta stilling til momenta i dykkar e-post på noverande tidspunkt. Nærare handsaming av inngåande dokument i denne saka vil skje først når klagefristen på vedtak om overtredingsgebyr er utløpt.

Helsing

### ALEKSANDER ZAHL TARBERG

Planleggar

70 08 13 68

[www.heroy.kommune.no](http://www.heroy.kommune.no)

---

**Fra:** Tonny Pettersen [<mailto:tonny@pbygg.no>]

**Sendt:** 3. september 2013 15:38

**Til:** Jarl Martin Møller; Aleksander Nykrem Tarberg

**Kopi:** Sindre Thorseth; Hallgeir Vian; Erlend Krumsvik

**Emne:** Vedr Havyard House, overtredelsesgebyr

Hei

Viser til dykkar brev datert 29.aug 13 – vedtak om illeggelse av overtredelsesgebyr på kr 10000,-.

Vi bestrider ikkje slik det blir fremstilt i dykkar brev at FDV en var mangelfull. Vi opplyste om det ved tilsynet. Vi opplyste at FDV var overlevert, men mangla delar av malarfaget. Dette skulle ettersendast

Med unntak av delar av malarfaget var FDVen komplett for alle fag, inkl viktige tekniske fag. Manglane på malarfaget går ikkje på trygghet i det heile, og er av ubetydelig karakter slik vi ser det.

Om Herøy Kommune ønskjer det, kan nok byggherre som og var representert på tilsynet, bekrefte at opplysningane som er gitt her er riktige.

Herøy Kommune hevdar at ein pr 11.juni 2013 ikkje kunne sjå at det var stadfesta fra tiltakshavar sin side at komplett FDV var motteke. I dykkar brev skriv dykk at de har mottatt bekreftelse fra tiltakshaver den 18.6.13 på at FDV er komplett. Tiltakshavar bekreftar i den eposten at FDV for malarfaget er mottatt 5.juni. Altså god tid i forvegen av 11.6.13 som er datoen dere har sendt ut førehandsvarselet på.

Vi må og få stadfesta at vi ikkje har hatt nokon dato/fristar å forholde oss til etter tilsynet. I tilsynet blir det bedt om at manglar i FDV ettersendast så "snart som råd".

Vi har og påpeikt tidligare det vi oppfattar som formelle feil i saka:

- §32-2 førehandsvarsel seier;
- Eit førehandsvarsel skal innehalde ein frist på minst 3 uker før eit pålegg om retting, stans eller vedtak om gebyr kan gies. Herøy Kommune sitt førehandsvarsel i denne saka inneheld ikkje ein sånn frist
- Dersom forholda ikkje rettes innan fristen, kan pålegg om retting, stans, eller vedtak om gebyr gies. Altså kan ein ikkje slik vi ser det, gi eit gebyr dersom pålegga er retta innan fristen.

1. I tilsynsrapporten er begrepet "snarast råd" brukt. Den fristen etterkom vi.
2. Herøy Kommune har ikkje gitt frist på minimum 3 uker i førehandsvarsel
3. Herøy Kommune kan ikkje gi gebyr utan at vi har fått ein slik frist
4. FDV var levert ved søknad om ferdigattest med unntak av delar av malarfaget

Vi klarer ikkje å sjå på kva grunnlag det her kan gies eit overtredelsesgebyr, og basert på dette så må vi bestride innstillinga/ konklusjonen dykkar i saka. Vi ber om at dere ser på saka på nytt. Vi er villige til å stille på møte hos dykk dersom ytterligare avklaringar er naudsynt

Vedlagt:

Epost der tiltakshaver bekreftar mottatt FDV og for malarfaget

## **Prosjektbygg A.S**

Postboks 183  
6099 Fosnavåg

Tonny Pettersen  
direkte 700 87905  
mobil 906 34446  
epost: [tonny@pbygg.no](mailto:tonny@pbygg.no)  
[www.pbe-portalen.no](http://www.pbe-portalen.no)

---

**Fra:** Tonny Pettersen

**Sendt:** 18. juni 2013 10:11

**Til:** Aleksander Nykrem Tarberg

**Kopi:** Jarl Martin Møller; 'Hallgeir Vian'; Sindre Thorseth

**Emne:** Vedr Havyard House, FDV

Vi har mottatt det som kan ligne på eit førehåndsvarsel om overtredelsesgebyr i saka på kr 10000,-. Viser til brev datert 11.06.2013.

I følge §32-2 i PBL skal den ansvarlige varsles før pålegg gies. Her skal det opplyses om at dersom ulovlige forhold ikkje rettast innan fristen, vil forholdet kunne følgjast opp. Eit slikt varsel og ein slik frist har vi ikkje fått med det vi har registrert. I dykkar utfylte sjekkliste så står det at FDV ettersendes **så snart som råd**. Det har vi gjort. Her var det da siste rest av FDV en som var oversendt

I tilsynet som blei gått 10.mai er det kryssa for at FDV ikkje er levert. Det blei under tilsynet opplyst fra vår side at FDV for alle tekniske fag var levert, det var og den bygningsmessige, men det blei og opplyst at den ikkje var komplett i og med at FDV fra malingsleverandør mangla. Det blei sagt at vi ville supplere FDVen når vi hadde mottatt også fra denne leverandøren. Vi stiller spørsmål ved at sakshandsamar då vel å krysse av for at FDV ikkje er levert?

Siste rest av FDV vart levert til byggherre tidlig i juni, slik at all FDV dokumentasjon da var komplett. Det kan nok og byggherre bekrefte

Vi kan ikkje sjå at vi skal ha gitt villedande eller uriktige opplysningar i saka, og bestrider på det sterkaste det som kjem fra i brev datert 11.06.2013

### **Prosjektbygg A.S**

Postboks 183  
6099 Fosnavåg

Tonny Pettersen  
direkte 700 87905  
mobil 906 34446  
epost: [tonny@pbygg.no](mailto:tonny@pbygg.no)  
[www.pbe-portalen.no](http://www.pbe-portalen.no)





**Fylkesmannen i Møre og Romsdal**  
Fylkeshuset  
6404 Molde

Fosnavåg, 12.09.13

**Viser til Herøy kommune sitt brev datert 29.aug 13 – vedtak om ileggelse av overtredelsesgebyr på kr 10000,-.**

**KLAGE PÅ VEDTAK MTK-SAK 83/13 HAVYARD HOUSE 34/526**

Vi bestrider ikkje slik det blir fremstilt i dykkar brev at FDV en var mangelfull. Vi opplyste om det ved tilsynet. Vi opplyste at FDV var overlevert, men mangla delar av malarfaget. Dette skulle ettersendast

Med unntak av delar av malarfaget var FDVen komplett for alle fag, inkl viktige tekniske fag. Manglane på malarfaget går ikkje på trygghet i det heile, og er av ubetydelig karakter slik vi ser det.

Om Herøy Kommune ønskjer det, kan nok byggherre som og var representert på tilsynet, bekrefte at opplysningane som er gitt her er riktige.

Herøy Kommune hevdar at ein pr 11.juni 2013 ikkje kunne sjå at det var stadfesta fra tiltakshavar sin side at komplett FDV var motteke. I dykkar brev skriv dykk at de har mottatt bekrefte fra tiltakshavar den 18.6.13 på at FDV er komplett. Tiltakshavar bekrefte i den eposten at FDV for malarfaget er mottatt 5.juni. Altså god tid i forvegen av 11.6.13 som er datoen dere har sendt ut førehandsvarselet på.

Vi må og få stadfesta at vi ikkje har hatt nokon dato/fristar å forholde oss til etter tilsynet. I tilsynet blir det bedt om at manglar i FDV ettersendast så "snart som råd".

Vi har og påpeikt tidligare det vi oppfattar som formelle feil i saka:

- §32-2 førehandsvarsel seier;
  - Eit førehandsvarsel skal innehalde ein frist på minst 3 uker før eit pålegg om retting, stans eller vedtak om gebyr kan gies. Herøy Kommune sitt førehandsvarsel i denne saka inneheld ikkje ein sånn frist
  - Dersom forholde ikkje rettes innan fristen, kan pålegg om retting, stans, eller vedtak om gebyr gies. Altså kan ein ikkje slik vi ser det, gi eit gebyr dersom pålegga er retta innan fristen.
1. I tilsynsrapporten er begrepet "snarast råd" brukt. Den fristen etterkom vi.
  2. Herøy Kommune har ikkje gitt frist på minimum 3 uker i førehandsvarsel
  3. Herøy Kommune kan ikkje gi gebyr utan at vi har fått ein slik frist
  4. FDV var levert ved søknad om ferdigattest med unntak av delar av malarfaget

Heile saka er bygd på at sakshandsamar noterte feil på rapporten i tilsynet som var avholdt. Byggherre har bekrefte at FDV på dette tidspunkt var levert, med unntak av delar av malarfaget. Dette i tillegg til ovanfornevnte gjer at vi bestrider at det i denne saka er grunnlag til at det her kan gies eit overtredelsesgebyr.

Vi ber om at dere ser på saka på nytt. Vi er villige til å stille på møte hos dykk dersom ytterligare avklaringar er naudsynt

Postadresse:  
Postboks 183  
6099 Fosnavåg

Besøksadresse:  
Vågsgata 21, 2.Etg.  
6090 Fosnavåg

Telefon: 70 08 79 00  
Telefax: 70 08 79 01  
E-post: firmapost@pbygg.no

Bank: Sparebanken Møre  
Kontonr.: 4093 05 02024  
Org.nr: 966 768 673 MVA



Venleg helsing  
**Prosjektbygg AS**

---

Tonny Pettersen  
90634446  
[tonny@pbygg.no](mailto:tonny@pbygg.no)

Vedlagt:  
Epost der tiltakshaver bekreftar mottatt FDV og for malarfaget

---

Postadresse:  
Postboks 183  
6099 Fosnavåg

Besøksadresse:  
Vågsgata 21, 2.Etg.  
6090 Fosnavåg

Telefon: 70 08 79 00  
Telefax: 70 08 79 01  
E-post: [firmapost@pbygg.no](mailto:firmapost@pbygg.no)

Bank: Sparebanken Møre  
Kontonr.: 4093 05 02024  
Org.nr: 966 768 673 MVA


## Brit Berge

---

**Fra:** Arkiv  
**Sendt:** 5. september 2013 11:42  
**Til:** Brit Berge  
**Emne:** VS: Vedr Havyard House, overtredelsesgebyr  
**Vedlegg:** SV: Vedr Havyard House, FDV

---

**Fra:** Jarl Martin Møller  
**Sendt:** 3. september 2013 15:38  
**Til:** Arkiv  
**Emne:** VS: Vedr Havyard House, overtredelsesgebyr

 HERØY KOMMUNE	
RADMANNEN	
Reg.nr. 2012/1324	Saksbeh. ART
- 5 SEPT. 2013	
Ark kode P 34/526	
Ark kode S	
J nr.	Dok.nr. 22
Kassasjon	

Helsing

**JARL MARTIN MØLLER**  
Utviklingsleiar

70 08 13 69 / 97 50 67 61

[www.heroy.kommune.no](http://www.heroy.kommune.no)

---

**Fra:** Tonny Pettersen [<mailto:tonny@pbygg.no>]  
**Sendt:** 3. september 2013 15:38  
**Til:** Jarl Martin Møller; Aleksander Nykrem Tarberg  
**Kopi:** Sindre Thorseth; Hallgeir Vian; Erlend Krumsvik  
**Emne:** Vedr Havyard House, overtredelsesgebyr

Hei

Viser til dykkar brev datert 29.aug 13 – vedtak om illeggelse av overtredelsesgebyr på kr 10000,-.

Vi bestrider ikkje slik det blir fremstilt i dykkar brev at FDV en var mangelfull. Vi opplyste om det ved tilsynet. Vi opplyste at FDV var overlevert, men mangla delar av malarfaget. Dette skulle ettersendast

Med unntak av delar av malarfaget var FDVen komplett for alle fag, inkl viktige tekniske fag. Manglane på malarfaget går ikkje på trygghet i det heile, og er av ubetydelig karakter slik vi ser det.

Om Herøy Kommune ønskjer det, kan nok byggherre som og var representert på tilsynet, bekrefte at opplysningane som er gitt her er riktige.

Herøy Kommune hevdar at ein pr 11.juni 2013 ikkje kunne sjå at det var stadfesta fra tiltakshavar sin side at komplett FDV var motteke. I dykkar brev skriv dykk at de har mottatt bekreftelse fra tiltakshaver den 18.6.13 på at FDV er komplett. Tiltakshavar bekreftar i den eposten at FDV for malarfaget er mottatt 5.juni. Altså god tid i forvegen av 11.6.13 som er datoen dere har sendt ut førehåndsvarselet på.

Vi må og få stadfesta at vi ikkje har hatt nokon dato/fristar å forholde oss til etter tilsynet. I tilsynet blir det bedt om at manglar i FDV ettersendast så "snart som råd".

Vi har og påpeikt tidligare det vi oppfattar som formelle feil i saka:

- §32-2 førehåndsvarsel seier;



- Eit førehåndsvarsel skal innehalde ein frist på minst 3 uker før eit pålegg om retting, stans eller vedtak om gebyr kan gies. Herøy Kommune sitt førehåndsvarsel i denne saka inneheld ikkje ein sånn frist
  - Dersom forholda ikkje rettes innan fristen, kan pålegg om retting, stans, eller vedtak om gebyr gies. Altså kan ein ikkje slik vi ser det, gi eit gebyr dersom pålegga er retta innan fristen.
1. I tilsynsrapporten er begrepet "snarast råd" brukt. Den fristen etterkom vi.
  2. Herøy Kommune har ikkje gitt frist på minimum 3 uker i førehåndsvarsel
  3. Herøy Kommune kan ikkje gi gebyr utan at vi har fått ein slik frist
  4. FDV var levert ved søknad om ferdigattest med unntak av delar av malarfaget

Vi klarer ikkje å sjå på kva grunnlag det her kan gies eit overtredelsesgebyr, og basert på dette så må vi bestride innstillinga/ konklusjonen dykkar i saka. Vi ber om at dere ser på saka på nytt. Vi er villige til å stille på møte hos dykk dersom ytterligere avklaringar er naudsynt

Vedlagt:

Epost der tiltakshaver bekreftar mottatt FDV og for malarfaget

## Prosjektbygg A.S

Postboks 183  
6099 Fosnavåg

Tonny Pettersen  
direkte 700 87905  
mobil 906 34446  
epost: [tonny@pbygg.no](mailto:tonny@pbygg.no)  
[www.pbe-portalen.no](http://www.pbe-portalen.no)

---

**Fra:** Tonny Pettersen  
**Sendt:** 18. juni 2013 10:11  
**Til:** Aleksander Nykrem Tarberg  
**Kopi:** Jarl Martin Møller; 'Hallgeir Vian'; Sindre Thorseth  
**Emne:** Vedr Havyard House, FDV

Vi har mottatt det som kan ligne på eit førehåndsvarsel om overtredelsesgebyr i saka på kr 10000,-. Viser til brev datert 11.06.2013.

I følge §32-2 i PBL skal den ansvarlige varsles før pålegg gies. Her skal det opplyses om at dersom ulovlige forhold ikkje rettast innan fristen, vil forholdet kunne følgjast opp. Eit slikt varsel og ein slik frist har vi ikkje fått med det vi har registrert. I dykkar utfylte sjekklister så står det at FDV ettersendes så snart som råd. Det har vi gjort. Her var det da siste rest av FDV en som var oversendt

I tilsynet som blei gått 10.mai er det kryssa for at FDV ikkje er levert. Det blei under tilsynet opplyst fra vår side at FDV for alle tekniske fag var levert, det var og den bygningsmessige, men det blei og opplyst at den ikkje var komplett i og med at FDV fra malingsleverandør mangla. Det blei sagt at vi ville supplere FDVen når vi hadde mottatt også fra denne leverandøren. Vi stiller spørsmål ved at sakshandsamar då vel å krysse av for at FDV ikkje er levert?

Siste rest av FDV vart levert til byggherre tidlig i juni, slik at all FDV dokumentasjon da var komplett. Det kan nok og byggherre bekrefte

Vi kan ikkje sjå at vi skal ha gitt villedande eller uriktige opplysningar i saka, og bestrider på det sterkaste det som kjem fra i brev datert 11.06.2013

## Prosjektbygg A.S

Postboks 183  
6099 Fosnavåg

Tonny Pettersen  
direkte 700 87905

mobil 906 34446  
epost: [tonny@pbygg.no](mailto:tonny@pbygg.no)  
[www.pbe-portalen.no](http://www.pbe-portalen.no)



## Brit Berge

---

**Fra:** Hallgeir Vian <hallgeir.vian@havila.no>  
**Sendt:** 18. juni 2013 11:34  
**Til:** Tonny Pettersen; Aleksander Nykrem Tarberg  
**Kopi:** Jarl Martin Møller; Sindre Thorseth; Hege Sævik Rabben  
**Emne:** SV: Vedr Havyard House, FDV

Hei.  
Det kan herved bekreftes at all FDV dokument er på plass. Siste FDV fra malingsleverandøren ble levert til oss den 05.06.13.

Med vennlig hilsen

### **Hallgeir Vian**

Tlf: 70084506  
Mob: 95003470  
Email: [hallgeir.vian@havila.no](mailto:hallgeir.vian@havila.no)

---

**Fra:** Tonny Pettersen [<mailto:tonny@pbygg.no>]  
**Sendt:** 18. juni 2013 10:11  
**Til:** Aleksander Nykrem Tarberg  
**Kopi:** Jarl Martin Møller; Hallgeir Vian; Sindre Thorseth  
**Emne:** Vedr Havyard House, FDV

Vi har mottatt det som kan ligne på eit førehåndsvarsel om overtredelsesgebyr i saka på kr 10000,-. Viser til brev datert 11.06.2013.  
I følge §32-2 i PBL skal den ansvarlige varsles før pålegg gies. Her skal det opplyses om at dersom ulovlige forhold ikkje rettast innan fristen, vil forholdet kunne følgjast opp. Eit slikt varsel og ein slik frist har vi ikkje fått med det vi har registrert. I dykkar utfylte sjekklister så står det at FDV ettersendes **så snart som råd**. Det har vi gjort. Her var det da siste rest av FDV en som var oversendt

I tilsynet som blei gått 10.mai er det kryssa for at FDV ikkje er levert. Det blei under tilsynet opplyst fra vår side at FDV for alle tekniske fag var levert, det var og den bygningsmessige, men det blei og opplyst at den ikkje var komplett i og med at FDV fra malingsleverandør mangla. Det blei sagt at vi ville supplere FDVen når vi hadde mottatt også fra denne leverandøren. Vi stiller spørsmål ved at sakshandsamar då vel å krysse av for at FDV ikkje er levert?

Siste rest av FDV vart levert til byggherre tidlig i juni, slik at all FDV dokumentasjon da var komplett. Det kan nok og byggherre bekrefte

Vi kan ikkje sjå at vi skal ha gitt villedande eller uriktige opplysningar i saka, og bestrider på det sterkaste det som kjem fra i brev datert 11.06.2013

### **Prosjektbygg A.S**

Postboks 183  
6099 Fosnavåg

Tonny Pettersen  
direkte 700 87905  
mobil 906 34446  
epost: [tonny@pbygg.no](mailto:tonny@pbygg.no)  
[www.pbe-portalen.no](http://www.pbe-portalen.no)



Prosjektbygg AS

Postboks 183  
6099 FOSNAVÅG

Saksnr  
2012/1324

Arkiv  
34/526

Dykkar ref

Avd /sakshandsamar  
FEL / BRB

Dato  
29.08.2013

### **MTK-SAK 83/13. HAVYARD HOUSE 34/526 - VEDTAK OM ILEGGELSE AV OVERTREDELSESGBYR**

Vedlagt følger MTK-sak 83/13.

Maritim og teknisk komite handsama saka i møte 27.08.2013 og gjorde slikt vedtak:

*Med heimel i PBL § 32-8 første ledd bokstav f, jf. byggesaksforskrifta (SAK10) § 16-1 første ledd bokstav g, nummer 1, ilegges Prosjektbygg AS overtredelsesgebyr på kr 10.000,- for uaktsom eller forsettlig overtredelse av pbl § 21-10.*

*Oppfylleelsesfristen er 4 uker fra brevets dato, jf. pbl § 32-8 fjerde ledd.*

*Ein gjer merksam på at dette vedtaket kan klagast til Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde. Mogleg klage må vere skriftleg og grunngjeven og den skal stilast til Fylkesmannen, men sendast til Herøy kommune, Postboks 274, 6099 Fosnavåg. Klagefristen er på 3 –tre- veker frå den dag melding om vedtaket har kome fram til den som har klagerett, jfr. Plan- og bygningslova § 1-9 og Forvaltningslova §§ 28 og 29.*

Med helsing

Brit Berge  
e.f.

Kopi:  
Havblikk Eigedom AS v/Vegard Sævik





Utviklingsavdelinga

## SAKSPROTOKOLL

---

Sakshandsamar:	AZT	Arkivsaknr:	2012/1324
		Arkiv:	34/526

---

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
83/13	Maritim og teknisk komite	27.08.2013

### HAVYARD HOUSE 34/526 - VEDTAK OM ILEGGELSE AV OVERTREDELSESGBYR

#### Tilråding:

Med heimel i PBL § 32-8 første ledd bokstav f, jf. byggesaksforskrifta (SAK10) § 16-1 første ledd bokstav g, nummer 1, ilegges Prosjektbygg AS overtredelsesgebyr på kr 10.000,- for uaktsom eller forsettlig overtredelse av pbl § 21-10.

Oppfyllelsesfristen er 4 uker fra brevets dato, jf. pbl § 32-8 fjerde ledd.

*Ein gjer merksam på at dette vedtaket kan klagast til Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde. Mogleg klage må vere skriftleg og grunngjeven og den skal stilast til Fylkesmannen, men sendast til Herøy kommune, Postboks 274, 6099 Fosnavåg. Klagefristen er på 3 –tre- veker frå den dag melding om vedtaket har kome fram til den som har klagerett, jfr. Plan- og bygningslova § 1-9 og Forvaltningslova §§ 28 og 29.*

#### **Møtebehandling:**

Utviklingsleiaren orienterte.  
Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

#### **Vedtak i Maritim og teknisk komite - 27.08.2013**

Med heimel i PBL § 32-8 første ledd bokstav f, jf. byggesaksforskrifta (SAK10) § 16-1 første ledd bokstav g, nummer 1, ilegges Prosjektbygg AS overtredelsesgebyr på kr 10.000,- for uaktsom eller forsettlig overtredelse av pbl § 21-10.

Oppfyllelsesfristen er 4 uker fra brevets dato, jf. pbl § 32-8 fjerde ledd.

*Ein gjer merksam på at dette vedtaket kan klagast til Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde. Mogleg klage må vere skriftleg og grunngjeven og den skal stilast til Fylkesmannen, men sendast til Herøy kommune, Postboks 274, 6099 Fosnavåg. Klagefristen er på 3 –tre- veker frå den dag melding om vedtaket har kome fram til den som har klagerett, jfr. Plan- og bygningslova § 1-9 og Forvaltningslova §§ 28 og 29.*

Særutskrift:

- Prosjektbygg AS, Postboks 183 6099 Fosnavåg
- Havblikk Eigedom AS v/ Vegard Sævik, Sydvestor AS, Stålhaugen 5, 6065 Ulsteinvik

**Vedlegg:**

01 – Søknad om ferdigattest

02 – Tilsynsrapport

03 - E-post til ansvarleg søkjar

04 - Brev til ansvarleg søkjar

05 - E-post frå ansvarleg søkjar

06 - E-post frå tiltakshavar sin representant

**Saksopplysningar:**

Den 11.06.2013 gav bygningsmyndigheten førehandsvarsel om ileggelse av overtredelsesgebyr grunna avvik mellom opplysningar gjeve i søknad og forhold avdekkja i tilsyn av 10.05.2013.

I forhåndsvarselet ble det opplyst at det ville kunne bli fattet vedtak om ileggelse av overtredelsesgebyr. Det ble også opplyst at før vedtaket blei fatta, fekk ansvarleg søkjar høve til å uttale seg, jf. plan- og bygningsloven (pbl) § 32-8 tredje ledd.

Det er 18.06.2013 motteke uttalar til førehandsvarslinga frå både ansvarleg søkjar og representant for tiltakshavar. Uttalane går i hovudsak på at ansvarleg søkjar viser til varsel og lovverk i høve ileggelse av overtredelsesgebyr, samt at det blir bestrida at FDV-dokumentasjon var mangelfull ved synfaring. Frå tiltakshavar blir det av 18.06.2013 opplyst at ein no har motteke komplett FDV-dokumentasjon.

Rådmannen viser til at ein i samband med tilsyn har utarbeidd ein tilsynsrapport. Denne rapporten blei gjort kjent for både tiltakshavar og ansvarleg føretak og er skriftleg signert av partane.

Herøy kommune har handsama og gjeve ferdigattest for ombyggingsarbeid på eigedomen den 18.06.2013.

På bakgrunn av dette fattes det vedtak om ileggelse av overtredelsesgebyr.

**Vurdering og konklusjon:****Grunngjeving for ileggelse av overtredelsesgebyr:**

Bygningsmyndigheten gjennomførte eit tilsyn i forbindelse med søknad om ferdigattest den 10.05.2013. Det blei konstatert at tiltakshavar ikkje har motteke komplett FDV- dokumentasjon for det aktuelle tiltaket, dette sjølv om det er gitt opplysningar i søknad om ferdigattest om at denne dokumentasjonen er overlevert til tiltakshavar.

Herøy kommune påpeika i e-post av 10.05.2013 at FDV-dokumentasjon måtte oversendast frå ansvarleg søkjar til tiltakshavar snarast råd i høve handsaming av søknad om ferdigattest. Herøy kommune kunne, pr 11.06.2013, ikkje sjå at det var stadfesta frå tiltakshavar at ein hadde motteke komplett FDV-dokumentasjon frå ansvarleg føretak. Herøy kommune var difor valt å følgje opp saka etter plan- og bygningslova kap 32.

Forholdet som er avdekka i tilsynet er i strid med pbl §§ 21-2 og 21-10. Etter pbl § 32-8 første ledd, bokstav f, jf. byggesaksforskriften (SAK10) § 16-1 første ledd bokstav g, nummer 1, kan forholdet beleggast overtredelsesgebyr.

Bygningsmyndigheten ilegger gebyr etter SAK10 § 16-1 første ledd bokstav g, nummer 1, fordi ansvarleg søkjar i dette tilfellet har gjeve uriktige opplysningar i søknad om ferdigattest til Herøy kommune som bygningsmyndigheit. Storleiken på overtredingsgebyret på kr 10.000,- er vurdert ut i frå SAK10 § 16-1, til å vere eit forhold som medfører mindre avvik eller ulempe for tiltakshavar sin vidare drift og vedlikehald av tiltaket. Ein vurderer det slik at storleiken på beløpet til overtredelsesgebyret ikkje er urimeleg i høve dei avvika som her er avdekka.

Etter pbl § 32-8 første ledd kan overtredelsesgebyr kun ilegges dersom overtredelsen er "forsettlig eller uaktsom". Med dette menes at den ansvarlige må ha visst eller burde ha visst at handlingen var ulovlig. Det følger av Ot. prp. nr. 45 (2007-2008) s. 355 at "aktsomhetsnormen bør være streng. Det vil normalt være lett å konstatere om en av bestemmelsene i loven eller forskriften er overtrådt. Utførelse av tiltak i strid med reglene i plan- og bygningsloven vil som oftest kunne konstateres å være uaktsom uten en vanskelig vurdering av skyldspørsmålet."

Bygningsmyndigheten finner at overtredelsen i dette tilfelle er forsettlig eller uaktsom fordi etter PBL § 21-2;

*«Søknad om tillatelse skal være skriftlig og undertegnet av tiltakshaver og søker. Søknaden skal gi de opplysninger som er nødvendige for at kommunen skal kunne gi tillatelse til tiltaket. Det skal framgå av søknaden om det søkes om dispensasjon, jf. kapittel 19.»*

Vidare skal det etter PBL § 21-10;

*«Søknadspårligte tiltak skal avsluttes med ferdigattest, som utstedes av kommunen når det foreligger nødvendig sluttokumentasjon og erklæring om ferdigstillelse fra tiltakshaver eller ansvarlig søker. For tiltak som krever uavhengig kontroll skal det foreligge dokumentasjon for utført sluttkontroll, jf. § 24-2. Sluttokumentasjonen skal vise at tiltaket er utført i samsvar med tillatelsen og bestemmelser i eller i medhold av denne lov. Kommunen kan utstede ferdigattest også der det foreligger bagatellmessige overtredelser av krav i eller i medhold av denne lov.*

*Ved ferdigattest skal det fra tiltakshavers eller de ansvarlige foretaks side foreligge tilstrekkelig dokumentasjon over byggverkets, herunder byggeproduktene, egenskaper som grunnlag for forvaltning, drift og vedlikehold av bygget. Departementet kan gi forskrift om innhold, avlevering og oppbevaring av slik dokumentasjon.*

*Når det gjenstår mindre vesentlig arbeid og kommunen finner det ubetenkelig, kan det utstedes midlertidig brukstillatelse for hele eller deler av tiltaket. I midlertidig brukstillatelse skal det framgå hvilke arbeider som gjenstår og en frist for ferdigstillelse. Kommunen kan kreve at det stilles sikkerhet for at gjenstående arbeider blir rettet. Dersom gjenstående arbeider ikke blir utført innen fristen, skal kommunen gi pålegg om ferdigstillelse, som kan gjennomføres ved sanksjoner etter kapittel 32.*

*For bygningstekniske installasjoner kan det gis driftstillatelse før de skal tas i bruk. Driftstillatelsen kan være tidsbegrenset og skal følge den enkelte installasjon.*

*Departementet kan gi forskrift om unntak fra krav om ferdigattest for særskilte tiltak, ferdigstillelsen av tiltak, sluttkontroll, dokumentasjon for kommunens behandling av søknad om ferdigattest og midlertidig brukstillatelse.»*

Rådmannen vil understreke at det etter SAK10 kap 8 skal overleverast FDV-dokumentasjon frå ansvarlege føretak til tiltakshavar ved søknad om ferdigattest. Tiltak kan ikkje takast i bruk før kommunen har gitt ferdigattest eller midlertidig bruksløyve. Det er heller ikkje adgang til å la andre ta tiltaket i bruk. Ferdigattest markerer avslutningen av byggesaken. Kommunen skal gi ferdigattest når det dokumenteres at tiltaket er prosjektert og utført i samsvar med tillatelser og bestemmelser gitt i eller i medhold av pbl., og at nødvendig kontroll er utført.

**Det er krav om at søker seinast ved søknad om ferdigattest skal ha fått nødvendig dokumentasjon for driftsfasen framlagt av dei ansvarlige føretaka.**

Søklar skal overlevere dokumentasjonen til byggverkets eigar mot kvittering. Søklar skal seinast ved søknad om ferdigattest sjå til at tilstrekkeleg dokumentasjon over byggverkets, herunder byggeprodukta, egenskaper som grunnlag for driftsfasen, er framlagt av dei ansvarlege føretaka innanfor sine ansvarsområder. Det er ansvarlig prosjekterende og ansvarlig utførende som skal fremlegge slik dokumentasjon, jf. byggteknisk forskrift § 4-1.

Rådmannen vil avslutningsvis påpeike at kommunen skal kunne stole på dei opplysningane som er gjeve i søknad om ferdigattest frå ansvarlege føretak. Kommunen ser alvorleg på forhold som avdekkar avvik mellom søknad, prosjektering, utføring og ferdigstilling av tiltak. Søknader som inneheld villeiande eller uriktige opplysningar overfor kommunen som bygningsmynde er grunnlag for sanksjonar etter PBL kap 32.

Konsekvensar for folkehelse:

**Ingen**

Konsekvensar for beredskap:

**Ingen**

Konsekvensar for drift:

**Ingen**

**Andre opplysninger:**

Det er i utgangspunktet tiltakshavars ansvar at plan- og bygningsloven, herunder tidligere gitte løyver blir overholdt. Ansvar i plan- og bygningslovens forstand innebærer at foretaket skal innestå direkte overfor bygningsmyndighetene for at kravene i lov og forskrift er oppfylt. Dette gjelder både med hensyn til formelle og materielle krav som gjelder for de aktiviteter foretaket har søkt om og fått godkjent ansvar for. Ansvar i plan- og bygningslovens forstand betyr både at en oppgave skal utføres i tråd med lovgivningen og den gitte tillatelse, og at manglende eller feil gjennomføring kan følges opp med pålegg og sanksjoner.

Det orienteres om at endelig vedtak om overtredelsesgebyr er tvangsgrunnlag for utlegg etter pbl § 32-8 siste ledd.

Overtredelsesgebyret må betalast sjølv om det blir klaga på vedtaket.

Fosnavåg, 23.07.2013



Erlend Krumsvik  
Rådmann

Jarl Martin Møller  
Avd.leiar

Sakshandsamar: Aleksander Zahl Tarberg



Utviklingsavdelinga

## SAKSFRAMLEGG

-

---

Sakshandsamar:	HR	Arkivsaknr:	2013/462
		Arkiv:	83/8

---

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
105/13	Maritim og teknisk komite	22.10.2013

### **SOLHILD BÅTSVIK SOLBAKKEN OG STEINAR SOLBAKKEN 83/8 - SØKNAD OM DISPENSASJON FRÅ KOMMUNEPLANEN MED SIKTE PÅ FRÅDELING AV 2 NAUSTTOMTER.**

#### **Tilråding:**

**Maritim og teknisk komite vedtek at det vert gjeve dispensasjon frå arealformålet i kommuneplanen og frå dele- og byggeforbodet i 100-metersbeltet i strandsona, jfr. PBL §§ 19-2 og 1-8, med sikte på frådeling av 2 nausttomter, kvar på om lag 60 m<sup>2</sup>, frå gnr. 83 bnr. 8 i Båtsvika på Leikong. Samstundes vert det gjeve løyve til omdisponering av dyrka og dyrkbar jord og samtykke til frådeling, jfr. §§ 9 og 12 i jordlova.**

**Det er eit vilkår for dispensasjonen at nausta som skal oppførast på dei omsøkte tomtene, får ein storleik og ei utforming som er tilpassa det omkringliggende natur- og kulturlandskapet og at det ikkje vert opparbeidd tilkomst/veg over bruket fram til tomtene.**

**Dispensasjonen er elles grunngeven med at det her er tale om lokalisering i tilknytning til ein alt etablert nausteigedom og at tiltaket i praksis ikkje vil innebere nokon endra arealbruk i det aktuelle området.**

*Ein gjer merksam på at dette vedtaket kan klagast til Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde. Mogleg klage må vere skriftleg og grunngeven og den skal stilast til Fylkesmannen, men sendast til Herøy kommune, Postboks 274, 6099 Fosnavåg. Klagefristen er på 3 –tre- veker frå den dag melding om vedtaket har kome fram til den som har klagerett, jfr. Plan- og bygningslova § 1-9 og Forvaltningslova §§ 28 og 29.*

Særutskrift:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde

Møre og Romsdal Fylkeskommune, Fylkeshuset, 6404 Molde

Søre Sunnmøre Landbrukskontor, 6080 Gurskøy

Solhild Båtsvik Solbakken og Steinar Solbakken, 6080 Gurskøy

**Vedlegg:**

Kopi av dispensasjonssøknad frå Roger P. Båtsvik, datert 11.06.2013.

Kopi av delesøknad m/vedlegg frå Solhild Båtsvik Solbakken og Steinar Solbakken, datert 11.06.2013.

Kopi av uttale frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal, datert 09.09.2013.

Kopi av uttale frå Møre og Romsdal Fylkeskommune, datert 02.10.2013.

Kopi av uttale frå Søre Sunnmøre Landbrukskontor, datert 02.10.2013.

Utsnitt av ortofoto i M 1:500 som viser omsøkt frådelling.

Utsnitt av kommuneplanen i M 1:30000 med påført lokalisering av tiltaket.

**Saksopplysningar:****BAKGRUNN:**

Roger P. Båtsvik, som representerar ein av dei som evt. skal overta dei omsøkte nausttomtene, har med utfylt søknadsskjema, datert 11.06.2013, søkt om dispensasjon frå kommuneplanen med sikte på å dele frå 2 nausttomter frå gnr. 83 bnr. 80 i Båtsvika på Leikong.

Vedlagt følgjer også frådellingssøknad, underteikna av grunneigarane og datert 11.06.2013. Søknaden vart innsendt noko seinare enn dateringa tilseier og er først journalført den 14.08.2013.

I vedlegg til søknaden vert det stadfesta at nausttomtene er tiltenkt brørne til Solhild Båtsvik Solbakken, Arnstein og Roger Båtsvik. Søknaden vart sendt på høyring med brev av 20.08.2013. Ein har no motteke uttale frå alle tilskrivne høyringspartar og saka er med det klar for politisk sluttbehandling.

**SØKNADEN OG SØKNADSPROSESSEN:**

Dei 2 omsøkte nausttomtene er kvar på om lag 60 m<sup>2</sup>. På ei av tomtene står det i dag eit naust. Det er i søknaden ikkje vist til noko særskild grunngjeving bortsett frå ein dokumentasjon på at det er brørne til grunneigaren som skal overta nausttomtene. Det ligg føre uttalar frå følgjande høyringsorgan:

- Fylkesmannen i Møre og Romsdal
- Møre og Romsdal Fylkeskommune
- Søre Sunnmøre Landbrukskontor

**Uttale frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal av 09.09.2013**

Fylkesmannen peikar på at det aktuelle området er ope og naturskjønt og at det er viktig at den samla bygningskroppen ikkje vert for stor og dominerande. I denne samanheng viser Fylkesmannen vidare til sine generelle råd om storleik og utforming av naust og som i hovudsak går på maks. grunnflate på 40 m<sup>2</sup>, maks. mønehøgde 5 meter over normalt høgvatn og at nausta ikkje skal ha altan eller utkraging av noko slag.

## **Uttale frå Møre og Romsdal Fylkeskommune av 02.10.2013**

Heller ikkje Fylkeskommunen har i utgangspunktet merknad til bygging av naust i det aktuelle området. Dei viser imidlertid på same måte som Fylkesmannen til at storleiken på nausta må haldast på eit rimeleg nivå og tilpassast omgjevnadane slik ein får dempa landskapsverknaden. Fylkeskommunen understrekar til slutt at det må vere ein klar føresetnad at nausta ikkje kan innreiast.

## **Uttale frå Søre Sunnmøre Landbrukskontor av 02.10.2013**

Landbrukskontoret konkluderar i sin uttale med at dei etter ei samla vurdering kan tilrå at det vert gjeve løyve til omdiponering og deling etter jordlova. Også dei peikar imidlertid på at nausta bør inngå som ein naturleg del av kulturlandskapet og at ein bør vere varsam med å tillate motorisert ferdsel til nausta. Landbrukskontoret gjer avslutningsvis merksam på at opparbeiding av tilkomst/veg til nausta ikkje vil vere i samsvar med omsynet til landbruksdrifta på bruket.

### **Vurdering og konklusjon:**

Det omsøkte tiltaket ligg langs sjøen i Båtsvika, like sør for Kleppeneset på Leikong. Som nemnt ovanfor er det tidlegare oppført eit naust i det aktuelle området. Dette ligg i dag på hovudbruket og skal inngå i eine nausttomta. Den andre nausttomta vert liggande inntil det eksisterande naustet. Tilkomsten til nausttomtene vil gå frå FV 15 og over gardsvegen/hovudbruket fram til tomtene. Begge nausttomtene er oppgitt med ein storleik på om lag 60 m<sup>2</sup>.

Gardsbruket som nausttomtene skal delast frå, har eit samla areal på 298,2 da. Samla innmarksareal er på 51,5 da, av dette 34,9 da fulldyrka, 4,9 da overflatedyrka og 11,7 da innmarksbeite, og skogarealet er på 184,5 da. Anna areal utgjer 62,2 da. I lokal samanheng vert dette rekna som ein relativt stor landbrukseigedom medan dei omsøkte frådelingane isolert sett framstår som svært marginale.

Tiltaket ligg i eit område som i kommuneplanen er avsett til LNF-formål og ei frådeling vil såleis vere avhengig av ein dispensasjon frå arealformålet i kommuneplanen, jfr. PBL § 19-2. Med nærleiken til sjøen vil det naturleg nok også vere avhengig av dispensasjon frå dele- og byggeforbodet i 100-metersbeltet i strandsona, jfr. PBL § 1-8. I tillegg til dette må det også gjevast løyve til omdisponering av dyrka og dyrkbar jord og samtykke til frådeling, jfr. §§ 9 og 12 i jordlova.

Ingen av uttaleorgana har særlege merknader til at det vert etablert naust i det aktuelle området. Frå kommunen si side er ein elles prinsipielt samd i at nausta må få ein storleik og ei utforming som er tilpassa omkringliggende natur- og kulturlandskap. Ein er imidlertid usamd med Fylkesmannen i dei framsette maksimumsgrensene for storleik og høgde, noko ein også har gitt uttrykk for i tidlegare samanliknbare saker. Landbrukskontoret sitt krav om at det ikkje skal opparbeidast tilkomst/veg over bruket og fram til nausta vil verte tilrådd ivareteke som eit vilkår i dispensasjonsvedtaket.

Når det gjeld øvrige forhold så er ein ikkje kjend med at det innanfor området er registrert spesielle naturtyper eller artar som det må takast særlege omsyn til.

Tiltaket vert heller ikkje vurdert til å innebere nokon annan risiko for alvorleg eller irreversibel skade eller utsette økosystemet for ei urimeleg samla belastning, jfr. prinsippa i naturmangfaldslova §§ 8-10. Etter rådmannen sitt syn vil omsøkte dispensasjon ikkje tilsidesetje dei omsyna det vert dispensert frå eller formålsbestemmelsen i lova. Fordelane ved å gi dispensasjon vert såleis vurdert som større enn ulempene og rådmannen konkluderar med å tilrå dispensasjon som omsøkt og på vilkår som nemnt ovanfor.

**Konsekvensar for folkehelse:**

Det omsøkte tiltaket vert vurdert til ikkje å ha særskilde konsekvensar for folkehelsa.

**Konsekvensar for beredskap:**

Det omsøkte tiltaket vert vurdert til ikkje å ha særskilde konsekvensar for beredskapen i området.

**Konsekvensar for drift:**

Det omsøkte tiltaket vert heller ikkje vurdert til å ha særskilde driftskonsekvensar.

Fosnavåg, 04.10.2013

Erlend Krumsvik  
Rådmann

Jarl Martin Møller  
Avd.leiar

Sakshandsamar: Hallvard Rusten



# Søknad om dispensasjon

Søknaden skal sendast til:  
Herøy kommune  
Utviklingsavdelinga  
Postboks 274  
6099 Fosnavåg

Saksnr. i kommunen:

Motteke:

Søknad om dispensasjon frå plan- og bygningslova (pbl).

Søknad om dispensasjon frå føresegn, forskrift eller plan vedteken med heimel i lova, jfr pbl. § 19

Eigedom:

Gnr.

88

Bnr.

8

Festenr.

Kort omtale av tiltaket:

Oppføring av to hus

Det vert søkt om dispensasjon frå følgjande regel/føresegn:

LNF regulert område i kommuneplan.

Grunngjeving:

Varsling av naboar/gjenbuvarar ..... vedlegg nr.:

Eventuelle teikningar, kart etc. *Kart* ..... vedlegg nr.:

103

Eventuelle uttaler frå andre offentlege styresmakter .... vedlegg nr.:

Namn *Roger P. Batsvik*

Adresse *Fuøly*

Postnr. *6080*

Postadr. *Øvstøy*

Telefon

Mobiltlf. *91707553*

Dato: *11.06.2013*

*Roger Batsvik*  
signatur

Skriv ut

2



# Søknad om deling og eller rekvisisjon av oppmålingsforretning

Søknaden/rekvisisjonen vert framsett i medhald av plan- og bygningslova (pbl) § 20-1, bokstav m . og lov om eigedomsregistrering (matrikkellova) kapittel 3 og 7.

Alle relevante opplysningar må vere utfylt. Ved plassmangel, lag eige vedlegg.

Søknaden skal sendast:  
**Herøy kommune, PB274, 6099 FOSNAVÅG**

Plass for kommunen sitt stempel

HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN	
Reg nr. 2013/462	Saksbeh. HR
14 AUG. 2013	
Ark kode P	83/8
Ark kode S	
J nr.	Dok nr. 4
Kassasjon	

## 1. Sakstype – rekvisisjon (sjå rettleiing s.4):

- I. Søknad om deling og rekvisisjon av oppmålingsforretning ved oppretting eller endring av matrikkeleining (PBL § 20-1).
- II. Utsetjing av oppmålingsforretning. Søkjar er ansvarleg for å rekvirere oppmålingsforretning innan 3 år, før delingsløyvet går ut. Jf. § 21-9
- III. Rekvisisjon i medhald av matrikkellova kap. 3 og 7 (pkt. 1-3 og 10-12 skal fyllast ut)

## 2. Søknaden/rekvisisjonen gjeld følgjande eigedom(ar):

Gnr. 83	Bnr. 8	Fnr.	Seksj.nr.	Heimelshavar(ar) (med blokkbokstavar): Steinar Solbakken
Gnr.	Bnr.	Fnr.	Seksj.nr.	Heimelshavar(ar) (med blokkbokstavar):
Gnr.	Bnr.	Fnr.	Seksj.nr.	Heimelshavar(ar) (med blokkbokstavar):
Gnr.	Bnr.	Fnr.	Seksj.nr.	Heimelshavar(ar) (med blokkbokstavar):

## 3a. Søknaden gjeld:

## 3b. Rekvisisjonen gjeld:

Sakstype I og II (PBL § 20-1)	<input type="checkbox"/> Deling og oppmålingsforretning av: <input checked="" type="checkbox"/> Ny grunneigedom <input type="checkbox"/> Anleggseigedom <input type="checkbox"/> Anna: (spesifiser) _____ <input type="checkbox"/> Arealoverføring (hugs skjema: <i>Erklæring om arealoverføring.</i> ) <input type="checkbox"/> Oppretting av festetomt <input type="checkbox"/> Oppretting av punkt feste <input type="checkbox"/> Anna: (spesifiser) _____ <input type="checkbox"/> Dispensasjon (disp.søknad skal grunngjevast, eige ark/skjema)	Sakstype III (Matrikkellova)	<input type="checkbox"/> Grensejustering (matrikkelforskr. § 34) <input type="checkbox"/> Klarlegging av eksisterande grenser (matrikkelforskr. § 36) <input type="checkbox"/> Matrikulering av eksisterande umatrikulert grunn (matrikkelforskr. § 31) <input type="checkbox"/> Registering av uregistert jordsameige (matrikkelforskr. § 32) <input type="checkbox"/> Uteareal til eigarseksjon (jf Eigarseksjon § 7, matrikkelforskr. § 35)
	Etter valt sakstype D, gå til punkt 10.		

## 4. Parsellen(ane) skal nyttast til:

Parsell nr.	Areal (ca areal)	Formål (bustad, fritid, næring, anna)	Sjølvstendig brukseining	Tilleggsparsell	Tilleggsparsell til gnr./bnr.	
1	60 m <sup>2</sup>	Naust	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Gnr.	Bnr.
2	60 m <sup>2</sup>	Naust	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Gnr.	Bnr.
3	m <sup>2</sup>		<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Gnr.	Bnr.
4	m <sup>2</sup>		<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Gnr.	Bnr.
5	m <sup>2</sup>		<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Gnr.	Bnr.
6	m <sup>2</sup>		<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Gnr.	Bnr.

## 5. 1. Arealdisponering søknad i samsvar med:

Kommuneplan  Kommunedelplan  Reguleringsplan  Bebyggelsesplan

Namn på plan: LNF

## 5. 2. Arealdisponering/søknad om dispensasjon frå:

Kommuneplan  Kommunedelplan  Reguleringsplan  Bebyggelsesplan – Legg ved grunngjeving på eige ark.

## 6. Rasfare, flaum, grunn- og miljøtilhøve.

Ligg det føre tilstrekkelig tryggleik mot rasfare, flaum, grunntilhøve og miljøtilhøve? Jf.pbl § 28-1.

Ja  Nei (Viss nei, må kompensierende tiltak forklarast i eige vedlegg.)

## 7. Avstandar

Går det høgspant kraftlinje/kabel i, eller i nærleiken av tomta?  Nei  Ja, avstand: ..... m Dersom ja, må ein leggje ved ei nærare utgreiing/avklaring med leidningseigar om dette

Går det priv/off.vass og avløpsledning i eller i nærleiken av tomta?  Nei  Ja, avstand: ..... m

## 8. Tilkomst - jf. pbl § 27-4 og veglova §§ 40-43

Kva slags veg vil ny parsell ha tilkomst frå?

Riksveg  Fylkesveg  Kommunal veg  Privat veg

Ny avkøyrse eller utvida bruk av eksisterande?

Ny avkøyrse frå offentlig veg (avkøyrse og ny veg skal visast på situasjonskartet)

Utvida bruk av eksisterande avkøyrse

Dersom delinga føreset vegrett over privat grunn, må dokumentasjon om dette leggst ved.

Er løyve til avkøyrse gitt?  Ja  Nei

## 9. Vassforsyning/avløp - jf. pbl §§ 27-1 og 27-2

Offentleg vassverk:  Ja  Nei  
Offentleg avløpsanlegg:  Ja  Nei  
Privat vassverk:  Ja  Nei  
Privat avløpsanlegg:  Ja  Nei

Viss privat felles løysing må løyve for tilknytning og naudsynt vedlikehald på anlegget leggst ved.

Dersom det ikkje tidlegare er gitt løyve til privat avløpsanlegg, må det søkjast på eige skjema som kan leggst ved denne søknaden.

## 10. Vedlegg

Vedl. nr.: Forklaring

\_\_\_ Utvida liste over heimelshavar/rekvirentliste

1 Situasjonsplan, (reguleringsplan)

\_\_\_ Fråsegn, samtykkje, løyve

\_\_\_ Gjenpart av nabovarsel

\_\_\_ Private bruksrettar (servituttar)

2 Dispensasjonssøknad

3 Andre vedlegg: *lokalisering av feltak.*

Legg ved evt. tilleggsopplysningar som kan opplyse saka.

## 11. Andre opplysningar

## 12. Underskrift av heimelshavar/rekvirent

Dato	Rekvirenten sitt namn (med blokkbokstavar)	Rekvirenten si underskrift
	Solhild Båtsvik Solbakken	Solhild B. Solbakken
Adresse	Steinar Solbakken	Postnr/stad 6080 GURSKØY Steinar Solbakken
E-postadresse		Telefon 41312861

## 13. Gebyr for delesak, oppmålingsforretning og eventuell tinglysing skal betalast av

Betalaren sitt namn og underskrift (dersom dette feltet ikkje er fylt ut, vil faktura verte sendt rekvirent)

Dato	Betalar sitt namn med blokkbokstavar	Betalar si underskrift
11.06.2013	ROBERT BÅTSVIK	Roger Båtsvik
		Postnr/stad 6080 GURSKØY

Solhild Båtsvik Solbakken  
Steinar Solbakken  
6080 Gurskøy

HERØY KOMMUNE 02.04.2013		
RADMANNEN		
Reg.nr. 2013/462	Saksbeh. JMA	
- 3 APR. 2013		
Arkiv del 1	83/8	
Arkiv del 2		
Dok.nr.	1	
LANDBRUKSKONTORET		
Jnr	Monat	Arkiv
183/13	04/04-13	83/8


Søre Sunnmøre Landbrukskontor  
6080 GURSKØY

### SØKNAD OM FRADELING AV NAUSTTOMTER PÅ GARD 83/8 I HERØY


Vi søker om løyve til å dele fra to nausttomter på gard 83/8 i Herøy kommune, til Arnstein Båtsvik og Roger Båtsvik, dette er Solhild Båtsvik Solbakken sine brødre.

Vi legger ved kartutsnitt som viser hvor nausttomtene er tenkt delt fra. I dag står det ett gammelt naust på endel av den tiltenkte plassen.

Hilsen

  
Solhild B. Solbakken

  
Steinar Solbakken






# Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Saksbehandlar, innvalstelefon  
seksjonssjef Jon Ivar Eikeland, 71258468

Vår dato  
09.09.2013  
Dykkar dato  
20.08.2013

Vår ref.  
2013/5386/JOEI/421.3  
Dykkar ref.

Herøy kommune  
Postboks 274  
6099 Fosnavåg

 HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN	
Reg nr. 2013/462	Saksbeh. HR
11 SEPT. 2013	
Ark kode P 83/8	
Ark kode S	
J nr.	Dok nr. 6
Kassasjon	

## Herøy kommune

### Frådeling av to nausttomter gnr83 bnr8 –

### Solhild Båtsvik Solbakken og Steinar Solbakken

### Fråsegn til søknad om dispensasjon frå kommuneplanen og pbl §1-8

Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

#### Natur- og miljøverninteresser

Det er søkt om frådeling av to nausttomter som skal plasserast vegg i vegg i eit relativt ope og naturskjønt terreng. Kvar nausttomt er på 60 m<sup>2</sup>. Det står eit naust på den eine tomte frå før. Vi ser det som viktig at det nye naustet ikkje blir for stort, då den samla bygningskroppen i tilfelle vil bli svært dominerande.

For utforming av naust rår Fylkesmannen generelt til at følgjande vert lagt til grunn:

- Naust er bygg i ein etasje med bruksareal (BRA) mindre enn 40 m<sup>2</sup>. Eventueltloftsrom skal ikkje ha måleverdig areal.
- Mønehøgda skal vere under 5 meter frå normalt høgvatn (NGO – nullpunkt landkart) eller terrengnivå under bygning.
- Vindaugsarealet si dagslysflate skal ikkje overstige 3 prosent av hovudplanet sittbruksareal (BRA).
- Altan/utkraging er ikkje tillate.

Med helsing


Sveinung Dimmen (e.f.)  
samordnar

Jon Ivar Eikeland  
seksjonssjef

Kopi: Møre og Romsdal fylkeskommune, Fylkeshuset, 6404 Molde

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*

Herøy kommune  
Postboks 274  
6099 Fosnavåg

 HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN	
Reg.nr.	Saksbeh.
<b>- 3 OKT. 2013</b>	
Ark.kode P	
Ark.kode S	
J nr.	Dok.nr.
Kassasjon	



Møre og Romsdal  
fylkeskommune

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
2013/462	20.08.2013	50863/2013/DISPENSASJON/1515	Kristian Hole Fløtre, 71 25 82 94	02.10.2013

## Herøy kommune - fradeling av 2 nausttomter gbnr 83/8 - Solhild B. og Steinar Solbakken - fråsegn ved dispensasjon fra kommuneplan og pbl §1-8

Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

### Planfagleg vurdering

Vi har ikkje merknader til bygging av naust, men rår til at behovet for så store naust vert drøfta. Vi meiner også at lokalisering av store naust bør forbeholdast etablerte område, jf. SPR strandsone. Ein bør også legge vekt på estetisk utforming av naust som ikkje inngår i etablerte naustmiljø, slik at ein får dempa landskapsverknaden. Det må også vere ein klar føresetnad at nausta ikkje på noko vis kan innreiast.

Dette brevet er elektronisk godkjent og vil ikkje bli utsendt i papir.

Med helsing


Johnny Loen  
plansamordnar

Kristian Hole Fløtre  
rådgivar

Kopi:  
Kystverket Midt-Norge, Postboks 1502, 6025 Ålesund  
Fylkesmannen i Møre og Romsdal, her



Herøy kommune  
Utviklingsavdelinga  
Postboks 274  
  
6099 FOSNAVÅG

 HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN	
Reg.nr.	Saksbeh.
- 3 OKT. 2013	
Ark kode P	
Ark kode S	
J nr.	Dok.nr.
Kassasjon	

Telefon: 70 08 4670  
Adresse: 6080 Gurskøy  
E-post: [kontor@landbrukskontoret.no](mailto:kontor@landbrukskontoret.no)  
Heimeside: [www.landbrukskontoret.no](http://www.landbrukskontoret.no)

Dykkar ref:  
2013/4621 UTV/HR

Vår ref:  
AKL

Dato:  
02.10.2013

## Uttale til søknad frå Solhild Båtsvik Solbakken og Steinar Solbakken på gnr 83 bnr 8 i Herøy om dispensasjon frå kommuneplanen med sikte på frådeling av to nausttomter

### Samandrag av saka:

Søknaden gjeld frådeling av 0,12 dekar til to nausttomter. Areal ligg ned mot sjøen og arealklassa er open jorddekt fastmark og fulldyrka jord. Søknaden må handsamast etter jordlova §§ 9 og 12.

### Saksopplysningar:

Etter opplysningar frå [www.skogoglandskap.no](http://www.skogoglandskap.no) har eigedomen følgjande areal:

Samla areal på innmark er 51,5 dekar, der 34,9 dekar er fulldyrka, 4,9 dekar er overflatedyrka og 11,7 dekar er innmarksbeite. Skogarealet er på 184,5 dekar og anna areal utgjer 62,2 dekar. Totalt areal på eigedomen er 298,2 dekar.

Saka er vurdert etter endringane i Jordlova og rundskriv frå LMD datert 01.07.2013.

### § 9 i jordlova - bruk av dyrka og dyrkbar mark.

*Dyrka jord må ikkje brukast til føremål som ikkje tek sikte på jordbruksproduksjon.*

*.... Departementet kan i særlege høve gi dispensasjon dersom det etter ei samla vurdering av tilhøva finn at jordbruksinteressene bør vika. Ved avgjerd skal det mellom anna takast omsyn til godkjende planar etter plan- og bygningslova, drifts- og miljømessige ulemper for landbruket i området, kulturlandskapet og det samfunnsgagnet ei omdisponering vil gi.....*

### § 12 i jordlova – deling.

*Ved avgjerd av om samtykke til deling skal givast, skal det leggjast vekt på om delinga legg til rette for ein tenleg og variert bruksstruktur i landbruket. I vurderinga inngår mellom anna omsynet til vern av arealressursane, om delinga fører til ei driftsmessig god løysing, og om delinga kan føre til drifts- eller miljømessige ulemper for landbruket i området. Det kan leggjast vekt på andre omsyn dersom dei fell inn under formålet i jordlova.*

*Sjølv om det etter tredje ledd ikkje ligg til rette for å gi samtykke til deling, kan samtykke givast dersom deling vil vareta omsynet til busetjinga i området.*


### Vurdering og konklusjon:

I lokal samanheng er dette ein større landbrukseigedom med odel. Likevel er arealet som går med ved ei deling marginalt. Etter ei samla vurdering kan ein gi løyve til omdisponering og deling etter jordlova. Det er likevel viktig at nausta som skal byggast går inn som ein naturleg del av kulturlandskapet. Ein



bør og vere varsam med å tillate motorisert ferdsel til nausta då denne må gå over innmarka. Vi gjer merksam på at opparbeiding av tilkomst/ veg til nausta ikkje er i samsvar med omsynet til landbruksdrifta på bruket.


Med helsing



Anne Kathrine Løberg

Landbrukssjef






OMSØKTE  
NAUSTTOMTER



# LOKALISERING AV TILTAKET



31 32 33 34 35 36





Utviklingsavdelinga

## SAKSFRAMLEGG

-

---

Sakshandsamar:	JMM	Arkivsaknr:	2013/333
		Arkiv:	36/2

---

<b>Utvalsaksnr</b>	<b>Utval</b>	<b>Møtedato</b>
106/13	Maritim og teknisk komite	22.10.2013

### **GNR 36 BNR 2- KLAGE PÅ VEDTAK I MTK SAK 60/13, FRÅDELING AV 2 BUSTADTOMTER**

#### **Tilråding:**

Maritim og teknisk komité imøtekjem klagen frå Møre og Romsdal fylkeskommune og endrar vedtaket MTK sak 60/13 datert 25.06.2013.

Maritim og teknisk komité vedtek med heimel i PBL §20-1 bokstav m at det vert gjeve frådelingsløyve for 2 bustadtomter frå gnr 36 bnr 2 som vist på kart dagsett 05.09.2013.

Det vert og gitt løyve til omdisponering av dyrka mark og frådeling etter jordlova §§9 og 12.

Frådelingsløyve er gjeve på følgjande vilkår:

*Før byggeløyve på tomt nr 2 kan godkjennast **skal** byggeplanane leggest fram for Fylkeskonservatoren med omsyn til krav til utforming av bygg og tomteareal. På generelt grunnlag vil følgjande leggest til grunn:*

- 1. Målet må vere å få til nybygg som vert lite dominerande opp mot gamletunet.*
- 2. Utforming: Storleik, form på bygningsvolum, material, farge, detaljering av bygning, plassering på tomte, forming av landskap, vegetasjon, og andre innslag enn bustad så som garasje mm, må utarbeidast i samråd med Fylkeskonservatoren.*

Særutskrift:  
Kjartan Paulsen, Vikevegen 64 6092 Fosnavåg  
Møre og Romsdal Fylke  
Fylkesmannen i Møre og Romsdal  
Søre Sunnmøre Landbrukskontor

**Vedlegg:**

Møre og Romsdal Fylkeskommune, klage på vedtak datert 12.07.2013

Kjartan Paulsen, kommentarer til klage datert 09.09.2013

Møre og Romsdal Fylkeskommune, ny vurdering datert 02.10.2013

**Saksopplysningar:**

MTK handsama saka i møte den 25.6.2013 sak 60/13 der ein gjorde slikt vedtak:

**Maritim og teknisk komite vedtek med heime i PBL §20-1 bokstav m at det vert gjeve frådelingsløyve for 2 bustadtomter frå gnr 36 bnr 2 som omsøkt og vist på kart dagsett 08.02.2013.**

**Det vert og gitt løyve til omdisponering av dyrka mark og frådeling som omsøkt etter Jordlova §§ 9 og 12.**

**Grunngjeving:**

**Tiltaka er søkt etablert i LNF- kan område og er soleis i tråd med gjeldande kommuneplan. Komitèen vurderer det at tiltaket er avgrensa og godt tilpassa husklynga i området og legg vekt på at tiltaket glir godt inn i natur og landskapet i Vikane. Ein vurderer det vidare til at ein avstand på minimum 20 meter frå ny bebyggelse til den eldre løda på tunet er tilfredstillande.**

Vedtaket vart ekspedert frå kommunene den 02.07.2013 og Møre og Romsdal Fylkeskommune har påklaga vedtaket den 12.07.2013. Klagen er levert inn innan fristen på 3 veker.

**Klagen sitt innhald:**

I klagen frå fylkeskommunen er det ført fram 2 hovudmerknadar til saka, verneverdi av det gamle tunet og verknaden av nybygg. Vidare er det vist til ramme for søknad og heimelsgrunnlag i kulturminnelova og kva som skal leggest til grunn for dispensasjon.

Verneverdi av det gamle tunet-

Fylkeskommunen legg vekt på at det omsøkte området ligg eit område med særskilte verneverdige kulturminne frå nyare tid. Dei viser til tuntypen med våningshus, godt bevart Sunnmørsstove og funksjonsdelte bygg i gardsdrifta. Dei peikar særskilt på at det i staden for «einskapslåven» er det eigne bygg til løe, grisehus, fjøs og stabbur. Fylkeskommunen vurderer verneverdien til å vere regional. Dei peikar vidare på landskapsrommet rundt tunet.

Verknaden av nybygg-

Fylkeskommunen legg til grunn at evt. Nye hus i området vil ha ein heilt annan skala og vil sterkt medverke til at landskapsrommet vert visuelt delt. Dei peikar på at det gamle tunet vil framstå som ein del av den nyare bygningsmassen og miste sin sammenheng mot den opne marka. Tunet vert soleis isolert frå sin kulturhistoriske sammenheng og verdien vert vesentleg redusert.

**Oppfølging av klagen:**

Klagen frå Møre og Romsdal fylke vart oversendt til tiltakshaver den 30.08.2013 for kommentarer før klagehandsaming. Tiltakshaver har pr brev datert 09.09.13 kommentert klagen frå fylket og skissert ny plassering av tomter.

Dei nye saksopplysningane frå tiltakshaver vart oversendt til fylkeskommunen for ny vurdering og fylkeskommunen har pr. brev datert 02.10.2013 akseptert det nye forslaget på vilkår.

Fylkeskommunen sine merknadar/vilkår:

*Tomt 1 ligg så avskilt frå tunet at den er helt uproblematisk. Veggen opp må imidlertid bli utforma med mål om ikkje å verte for markert.*

*Tomt 2 ligg og eit stykke frå tunet, og mengda bygningsmasse vil gjere nybygg her mindre dominerande. Fylkeskonservatoren vil kunne akseptere frådeling av tomt til bustad slik det no er framlagt, men då med ein del krav til utforming av bygg og tomteareal. Det er vanskeleg å sette slike krav til utforming som eit eintydig sett med reglar, då det alltid finst fleire løysingar som kan bli bra. Generelt gjeld:*

- 1. Målet må vere å få til nybygg som vert lite dominerande opp mot gamletunet.*
- 2. Utforming: Storleik, form på bygningsvolum, material, farge, detaljering av bygning, plassering på tomta, forming av landskap, vegetasjon, og andre innslag enn bustad så som garasje mm, må utarbeidast i samråd med Fylkeskonservatoren.*

*Dersom vi kan kome fram til ei konkret løysing på utforming som alle partar kan vere einige om, vil fylkeskommunen etter dette trekke vår klage.*

#### **Saka:**

Kjartan Paulsen søker om deling av grunneigedom på gnr. 36 bnr. 2 i Herøy kommune. Det vert søkt om er frådeling av to bustadtomter frå gnr. 36 bnr.2 som skal overførast til borna hans.

Området ligg i Vikane på Bergsøya og er i gjeldande kommunedelplan for Bergsøy utlagt som LNF-Kan-område nr. 10, Vike, der det vert tillate spreidd utbygging inntil 5 einingar. Det er lagt inn plankrav på dette LNF-kan området. Vurderingar knytt til om tiltaket tilsidesett det formålet plankravet er meint å ivareta vil vere ei vurdering basert på kva som kjem inn av uttaler til saka. Bustadtomtene ligg innanfor kan-område i gjeldande kommunedelplan nord for kommunevegen og vil ikkje utløyse større utbyggingsområde i Vikane.

Bustadane i Vikane ligg i dag på nordsida av kommunevegen og tiltaket(a) og etter søkjar si vurdering vil tomtene gli inn i natur- og kulturlandskapet på ein positiv måte ved at bustadane vert etablert opp mot fjellfoten og tek såleis omsyn til strandsonevernet og fri ferdsel.

**Vassforsyning:** I området er det privat vassforsyning frå Herøy vasslag og søkjar har løyve til å kople på 3 eigedomar. Søkjar har henta inn uttale frå Herøy vasslag at det ikkje vil vere problematisk å kople på fleire eigedomar til vassleidninga.

**Avlaup:** Grunneigar /søkjar av gnr. 36 bnr. 2 har i dag privat avlaupsanlegg frå gnr. 36 bnr. 56 med slamavskiljar og avlaupsleidning frå huset og under kommunevegen. Frå kommunevegen og sør til utsleppsområdet går utsleppet i «holveite». Søkjar legg til grunn at ein reknar med at dei to nye bustadtomtene vil få krav om å utbetre avlaupsanlegget og legge leidning heilt til utsleppspunktet. Som avlaupsløysing til dei to bustadtomtene tenkjer ein altså privat slamavskiljar og avlaupsleidning til

dagens utsleppspunkt.

**Tilkomst:** Tilkomst til bustadtomt nr. 1 er tenkt frå privat avkøyrsløye. Løyve til å bruke privat veg som tilkomst til tomt nr. 1 er gitt frå grunneigar ved erklæring.

### **Vurdering:**

I samband med høyringsrunda til saka rådde fleire av høyringsinstansane ifrå eit delingsløyve og fylkeskommunen signaliserte at ein ville klage på eit positivt vedtak i saka.

Før handsaming av saka i MTK vart det gjennomført synfaring på staden. Komiteen fekk informasjon frå grunneigar der han gav bakgrunn for delinga og historia bak det gamle tunet.

På bakgrunn av saksopplysningane og synfaringa vurderte MTK tiltaket til å vere i tråd med gjeldande kommuneplan og det låg til rette for å dele frå 2 tomter som omsøkt innanfor kommuneplanen sin arealdel sine føringar. Dei vurderte det vidare til at tiltaka var avgrensa og godt tilpassa husklynga i området og ville gli godt inn i natur og landskapet i Vikane. MTK var av den oppfatning at ein avstand på 20 meter frå løa ville vere tilfredstillande avstand. I møtet vart det og diskutert om det skulle leggest føringar på kva type bygg ein kunne føre opp på tomtene, men etter ei totalvurdering signaliserte MTK at denne problemstillinga burde ligge til byggesaka og administrasjonen å vurdere. Tilrådingane frå MTK var at eit bygg burde vere i tradisjonell form og ikkje ha moderne formspråk (funkis).

Det nye forslaget som ligg føre frå tiltakshaver datert 09.09.2013 er akseptert av Møre og Romsdal på visse vilkår. Vilkår for eit delingsløyve går fram av saksopplysningar og vedtaket i denne saka.

### **Konklusjon:**

Rådmannen rår til at MTK imøtekjem fylkeskommunen og tiltakshaver sine merknadar og endrar vedtak i MTK 60/13 med omsyn til ny plassering og på vilkår som er framsatt av fylkeskommunen.

#### Konsekvensar for folkehelse:

Ingen

#### Konsekvensar for beredskap:

Ingen

#### Konsekvensar for drift:

Ingen

Fosnavåg, 04.10.2013

Erlend Krumsvik  
Rådmann

Jarl Martin Møller  
Avd.leiar

Sakshandsamar: Jarl Martin Møller





Møre og Romsdal  
fylkeskommune

Herøy kommune  
Postboks 274  
6099 Fosnavåg

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
2013/333	2.7.13	47054/2013/DISPENSASJON/1515	Johnny Loen, 71 25 82 88 Toril Moltubakk, 71 25 89 28	12.07.2013

## Herøy kommune - klage på vedtak - dispensasjon til frådelling av to bustadtomter gbnr 36/2

Vi viser til Dykkar melding om vedtak i sak MTK 60/13, journalført hos oss 2 juli.

### Fylkeskommunen påklagar dette vedtaket med følgjande grunngiving:

#### Ramme for søknaden:

I gjeldande kommunedelplan er det omsøkte arealet del av eit "LNF-kan"-område, Vikane. Det inneber at det er opna for spreidd bygging, men avgrensa med inntil 5 einingar bustad- eller fritidshus. Bygg og anlegg skal ikkje plasserast på dyrka jord. Ved oppføring av bygningar som danner grupper på to eller fleire bygningar, kan det faste utvalet for plansaker krevje bebyggelsesplan før løyve vert gitt. Alle søknader om frådelling av tomter i område for spreidd bustadbygging skal sendast kulturavdelinga i Fylkeskommunen for uttale.

Søkar har tidlegare fått avslag på frådelling av tomter med ei anna plassering på eigedommen, ut frå omsyn til automatisk freda kulturminne. Under synfaring 11.04.13 kom ein ikkje fram til eit tredje alternativ for tomt som eigar kunne sjå som aktuell.

Herøy kommune har varsla oppstart av rullering av kommuneplanens arealdel.

#### Verneverdi av det gamle tunet:

Omsøkte tomter ligg i eit område med særst verneverdige kulturminne frå nyare tid. Det er eit tun med våningshus, ei godt bevart sunnmørsstove, og funksjonsdelte bygg i gardsdrifta. I staden for "einskapslåven" med alle funksjonane under same tak, er det egne bygg til løe, fjøs, grisehus og stabbur. Dette er ein tunstype som var vanleg før utskiftinga, og som det no er få att av. Vi vurderer derfor verneverdien som regional. Tunet inngår i eit landskapsrom med flatt landbruksareal avgrensa av fjellknausar og skogkledde bakkar rundt. Landskapsrommet har frå før ein del nyare hus ytterkanten av marka og litt opp i skråninga. Dei små husa i gamle tunet ligg lengst inn på flata.

#### Verknaden av nybygg:

Dei to nye husa vil bli i ein heilt annan skala. Med garasje og hage vil dei vere sterkt medverkande til at landskapsrommet vert visuelt delt. Gamletunet vil framstå som ein del

av den nyare bygningsmassen og ikkje i samanheng med den opne marka. Tunet vil dermed bli isolert frå den kulturhistoriske samanhengen, og verdien vesentleg redusert.

Heimel:

Vi viser til formålsparagrafen i kulturminnelova; § 1:

*"Kulturminner og kulturmiljøer med deres egenart og variasjon skal vernes både som del av vår kulturarv og identitet og som ledd i en helhetlig miljø- og ressursforvaltning.*

*Det er et nasjonalt ansvar å ivareta disse ressurser som vitenskapelig kildemateriale og som varig grunnlag for nålevende og fremtidige generasjoners opplevelse, selvforståelse, trivsel og virksomhet.*

*Når det etter annen lov treffes vedtak som påvirker kulturminneressursene, skal det legges vekt på denne lovs formål."*

I heimelen for dispensasjon (pbl §19-2) er det vidare påpeikt:

*"Ved vurderingen av om det skal gis dispensasjon fra planer skal statlige og regionale rammer og mål tillegges særlig vekt. Kommunen bør heller ikke dispensere fra planer, lovens bestemmelser om planer og forbudet i § 1-8 når en direkte berørt statlig eller regional myndighet har uttalt seg negativt om dispensasjonssøknaden."*

Klage vart varsla då søknaden var til høring. (Brev til kommunen 2.5.13)

*Dette brevet er elektronisk godkjent og vil ikkje bli utsendt i papir.*

Med helsing

Ottar Brage Guttelvik  
Fylkesrådmann

Arvid Blindheim  
Fylkeskultursjef

---

**Fra:** postmottak  
**Sendt:** 12. juli 2013 10:21  
**Til:** Jarl Martin Møller; Arkiv  
**Emne:** FW: Herøy kommune - klage på vedtak - dispensasjon til frådelling av to bustadtomter gbnr 36/2

Helsing

**HERØY KOMMUNE**

Postmottak

7008 1300

[www.heroy.kommune.no](http://www.heroy.kommune.no)

<p><b>Fra:</b> Johnny Loen [mailto:johnny.loen@mrfylke.no] <b>Sendt:</b> 12. juli 2013 10:18 <b>Til:</b> postmottak <b>Emne:</b> Herøy kommune - klage på vedtak - dispensasjon til frådelling av to bustadtomter gbnr 36/2</p>
---

Klage på vedtak, Dykkar ref 2013/333

Sak MKT 60/13

Møre og Romsdal fylkeskommune  
Johnny Loen  
71 25 82 88

**Kommentar til klage frå Møre og Romsdal fylkeskommune, datert 12.7.2013.**

Viser til brev frå Herøy kommune datert 30.8.2013 der de ber oss kommentere klage frå Møre og Romsdal fylkeskommune datert 12.7.2013.

Vi vil først og fremst leggje inn ei merknad på overskrifta til klagen frå Møre og Romsdal fylkeskommune då dei viser til «dispensasjon til frådelling» og dispensasjonsparagrafen § 19-2 seinare i brevet. Det vi har søkt om er ingen dispensasjon og ein kan stille spørsmål ved om fylkeskommunen har hatt eit strengare grunnlag for vurderinga, dersom dei trur dette er ein dispensasjon, enn dei burde hatt då dette er ein frådellingssøknad i eit «LNF-Kan»-område.


Fylkeskommunen argumenterer med at «tunet» vil bli visuelt delt og framstå som ein del av den nyare bygningsmassen og ikkje i samanheng med den opne marka. Igjen vil vi presisere at området, slik vi ser det, i dag er naturleg delt med vegen opp til 36/56. Tunet vil liggje som ei eiga eining mellom denne grusvegen og busettinga i aust med full opning mot sør og over 13dekar med ope markområde. Vi ser også at fylkeskommunen vurderer området til å ha ein regional verdi og vil presisere at ein då saknar ein meir aktiv oppfølging av område dersom dette har ein så stor verdi som dei her legg til grunn.

Utgangspunktet vårt er at vi primært ynskjer å busette oss på dei tomtene som er innteikna i frådellingssøknaden som vi først sendte inn, men basert på informasjon frå kommunen og ynskje om ei rask avklaring vil vi trekkje den nærmaste tomta til «tunet» bort og flytte den lenger opp i fjellsida (sjå nytt kartvedlegg).

Den nye tomta vil liggje ovanfor det som i dag er ei hyttetomt på 36/17 og tilkomstvegen vil vere mellom eigedomen til 36/17 og 36/19. Ein må truleg ta masse frå tomta og fyller opp på flata mot kommunevegen for å få ein akseptabel stigning på tilkomstvegen. Det å flytte tomta frå der den opprinneleg var innteikna vil medføre meirkostnadar med terrengbearbeiding og utsprenjing og vi håpar fylkeskommunen ser at vi no ynskjer å tilpasse oss deira klage og vil godkjenne den nye løysinga til tross for at det vil medføre meirkostnadar for oss.

Kjartan Paulsen

HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN	
Ref.nr. 2013/333	Saksbeh. Jm.
- 9 SEPT. 2013	
Ark.kode P	36/2
Ark.kode S	
J.nr.	
Kassasjon	Dok.nr. 14





36/17

36/19

HERØY KOMMUNE  
05.09.2013 1:500  
Det kan forekomme feil i kartet

0 5 10 15 20 m





Møre og Romsdal  
fylkeskommune

Herøy kommune  
Postboks 274  
6099 Fosnavåg

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
2013/333	13.09.2013	55698/2013/DISPENSASJON/1515	Kristian Hole Fløtre, 71 25 82 94	02.10.2013

## Herøy kommune - Klage - frådeling av 2 bustadtomter gbnr 36/2 Kjartan Paulsen - tilbakemelding

Vi viser til brev av 13.09.2013 med ønske om vurdering av ny tomteplassering i forhold til vår klage på vedtak i saka, datert 12.07.2013.

Vår vurdering av eigars kommentar til klagen går først på det vernefaglege.

Saka vart først oversendt frå kommunen 2.11.11. her var oppgitt at søknaden galdt dispensasjon frå kommuneplan LNF, samt for den eine tomte også § 1-8 om byggeforbod i strandsona. I seinare brev (13.3.13) er dette korrigerert til "LNF-kan" som også søkar påpeikar. I føresegner til kommuneplanen er det likevel krav om regulering i denne sona. Dispensasjon er nødvendig for å omgå dette kravet. Kommunen peikar sjølv på at innkomne fråsegner (naturleg nok) vil ha betydning for om ein skal stå ved plankravet eller ikkje. Det er på dette grunnlaget saka har utvikla seg vidare.

Vi har i tillegg merknader til det kulturfaglege: Når det gjeld den visuelle påverknaden nye bustader vil ha på det verneverdige tunet, ser vi og at vegen danner ei markering rundt tunet og slik er eit skilje. Vikane er elles eit markert landskapsrom, der den langstrakte flata med markar er avgrensa av skråningar med skog, og noko bygningsmasse i skråninga, eller inn mot denne. I dette landskapsrommet skil gamletunet seg ut ved å ligge meir ute på flata med mark, og meir midt på, enn dei andre bygningane. Dei nye tomtene vil i denne samanhengen bli liggande veldig tett og verke dominerande opp mot det vesle tunet.

Nytt tomteforslag er slik vi vurderer det langt betre.

*Tomt 1* ligg så avskilt frå tunet at den er helt uproblematisk. Vegen opp må imidlertid bli utforma med mål om ikkje å verte for markert.

*Tomt 2* ligg og eit stykke frå tunet, og mengda bygningsmasse vil gjere nybygg her mindre dominerande. Fylkeskonservatoren vil kunne akseptere frådeling av tomt til bustad slik det no er framlagt, men då med ein del krav til utforming av bygg og tomteareal. Det er vanskeleg å sette slike krav til utforming som eit *eintydig* sett med reglar, då det alltid finst fleire løysingar som kan bli bra. Generelt gjeld:



1. Målet må vere å få til nybygg som vert lite dominerande opp mot gamletunet.
2. Utforming: Storleik, form på bygningsvolum, material, farge, detaljering av bygning, plassering på tomta, forming av landskap, vegetasjon, og andre innslag enn bustad så som garasje mm, må utarbeidast i samråd med Fylkeskonservatoren.

Dersom vi kan kome fram til ei konkret løysing på utforming som alle partar kan vere einige om, vil fylkeskommunen etter dette trekke vår klage.

Dette brevet er elektronisk godkjent og vil ikkje bli utsendt i papir.

Med helsing

Johnny Loen  
plansamordnar

Kristian Hole Fløtre  
rådgivar

Fagsaksbehandlar  
Kulturminne frå nyare tid: Toril Moltubakk

Kopi:  
Fylkesmannen i Møre og Romsdal, her





Utviklingsavdelinga

## SAKSFRAMLEGG

-

---

Sakshandsamar:	OR	Arkivsaknr:	2013/691
		Arkiv:	40/1

---

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
107/13	Maritim og teknisk komite	22.10.2013

### **FREDRIK HAGEMANN 40/1 – DISPENSASJON FRÅ PLANKRAVET I HØVE AREALDELEN AV KOMMUNEPLANEN - RIVING AV EKSISTERANDE HUS OG OPPFØRING AV NYTT BUSTADHUS**

#### **Tilråding:**

Maritim- og teknisk komité gjev med heimeel i plan- og bygningslova § 19-2 dispensasjon frå plankravet i høve arealdelen i kommuneplanen (2004) og byggeforbodet i strandsona jf. plan- og bygningslova § 1-8 med tanke på riving av eks. bustadhus og oppføring av nytt bustadhus på gnr 40, bnr 1 på Nautøya i Herøy kommune.

#### **Grunngjeving:**

Det gamle bustadhuset som skal rivast og det nye bustadhuset som skal førast opp som erstatning for det gamle bustadhuset står på same plassen / tomta og endrar derfor ikkje vesentleg forholda som veganlegg eller annan infrastruktur på staden.

#### **Klagerett:**

*Ein gjer merksam på at dette vedtaket kan klagast til Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde. Mogleg klage må vere skriftleg og grunngjeven og den skal stilast til Fylkesmannen, men sendast til Herøy kommune, Postboks 274, 6099 Fosnavåg. Klagefristen er på 3 –tre- veker frå den dag melding om vedtaket har kome fram til den som har klagerett, jf. plan- og bygningslova § 1-9 og forvaltningslova §§ 28 og 29.*

Særutskrift:

RAVI Design v/Ivar Sulebakk, Postb 185, 6099 Fosnavåg  
Fredrik Gunnar Hagemann, Nautøya, 6070 Tjørvåg  
Flykesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde  
Møre og Romsdal fylke, Fylkeshuset, 6404 Molde

## Vedlegg:

- Søknad om Rammeløyve datert 10.05.2013
- Fasade- og planteikningar 1:100
- Kartutsnitt 1:500, 1:2500 og ortofoto 1:1500
- Utsnitt av kommuneplankart 1:5000
- Brev frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal datert 27.06.2013
- Brev frå Møre og Romsdal fylke datert 01.07.2013
- Brev frå Møre og Romsdal fylke v/kulturavd. datert 02.11.2006

## Saksopplysningar:

RAVI Design v/lvar Sulebakk søker på vegne av Fredrikk Hagemann om Rammeløyve for riving av gammalt bustadhus på gnr 40, bnr 1 og oppføring av nytt bustadhus på same tomte.

Eigedommen gnr 40, bnr 1 ligg i et område som er avsett til bustadføremål. Det er plankrav / krav om utarbeiding av reguleringsplan for dette området. Søknad om riving av eks. bustadhus og oppføring av nytt bustadhus vert etter dette handsama som dispensasjon frå plankravet.

Det gamle bustadhuset er SEFRAK-registrert, men etter uttale frå Møre og Romsdal fylke v/kulturavdelinga jf. brev av 02.11.2006 har kulturavd. gitt slik uttale til søknad om riving:

*I følgje SEFRAK-registeret er stova opprinneleg bygt i 1863 og har hatt ein del viktige offentlege funksjonar som møtestad ofr heradsstyret og postopneri. Det knyter seg derfor kulturhistoriske interesser til huset. Bygninga har gjennomgått ein del ombyggingar og seinare tid også endringar som er uheldige for huset sin kulturminneverdi. I si grunngjeving for søknad (datert 01.10.2006) om riving oppgir huseigaren mellom anna at konstruksjonen er svekka av mottangrep. Eigaren ønskjer å bygge eit nytt hus på eit plan. Fylkeskonservatoren såg helst at bygninga vert teken vare på, sett i stand og brukt til bustad eller liknande. Men på grunn av dei endringane som er gjort, den tekniske tilstanden til huset og eigaren sitt behov, vil vi ikkje klage på avgjera om kommunen gir løyve til riving.*

Søknaden har vore oversendt til dei off. høyringsinstansane Fylkesmannen i Møre og Romsdal og Møre og Romsdal fylke som har gjeve slike uttalelsar til søknaden:

**Fylkesmannen i Møre og Romsdal** har i brev av 27.06.2013 gjeve slik uttale:

*Ved utforming av nye bustader og buområde må langsiktige, gode løysingar leggjast til grunn. Reguleringsplan er eit verkemiddel for å oppnå gode bu- og oppvekstmiljø, der prosessen sikrar at lokale interesser og viktige regionale og nasjonale omsyn ver ivaretatt.*

*Fylkesmannen registrerer at Nautøya/Notøya er attraktivt område for busetjing i kommunen. Kommunen bør difor bruke tilgjengeleg planverkty for å oppnå ønska retning for utbygginga.*

*Fylkesmannen rår frå at det vert dispensert frå reguleringsplankravet.*

**Møre og Romsdal fylke** har i brev av 01.07.2013 gjeve slik uttale:

*Møre og Romsdal fylkeskommune har utfrå sine ansvarsområde ingen merknader.*

**Vurdering og konklusjon:**

RAVI Design v/lvar Sulebakk søker om Rammeløyve for riving av eks bustadhus og oppføring av nytt bustadhus på same tomte / plassen.

Det nye bustadhuset endrar ikkje forholda vesentleg på staden. I dette høve skal eit nytt bustadhus skal erstatte eit gammalt, og førast opp på samem tomte / plassen.

Rådmannen meiner for sin del det er urimeleg å krevje utarbeiding av reguleringsplan i dette høve. Rådmannen rår til at maritim og teknisk komité gjev dispensasjon frå plankravet i høve arealdelen av kommuneplanen.

Konsekvensar for folkehelse:

**Ingen**

Konsekvensar for beredskap:

**Ingen**

Konsekvensar for drift:

**Ingen**

Fosnavåg, 12.09.2013

Erlend Krumsvik  
Rådmann

Jarl Martin Møller  
Avd.leiar


Sakshandsamar: Onar Remøyholm

<b>Søknad om tillatelse til tiltak</b> etter plan- og bygningsloven § 20-1		Berører tiltaket eksisterende eller fremtidige arbeidsplasser? <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei
<input checked="" type="checkbox"/> <b>Rammetillatelse</b>		Hvis ja, skal samtykke innhentes fra Arbeidstilsynet før igangsetting av tiltaket. Byggblankett 5177 med vedlegg.
<input type="checkbox"/> <b>Ett-trinns søknadsbehandling</b> Oppfylles vilkårene for 3 ukers saksbehandling, jf. § 21-7 annet ledd? <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei		Berører tiltaket byggverk oppført før 1850, jf. Kulturminneloven § 25, andre ledd? <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei
<b>Søknad om ansvarsrett for ansvarlig søker</b>		Hvis ja, skal uttalelse fra fylkeskommunen foreligge før igangsetting av tiltaket.
Foreligger sentral godkjenning? <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei		Opplysninger gitt i søknad eller vedlegg til søknaden, herunder oppretting eller endring av matrikkelenhet, vil bli registrert i matrikkelen.
Hvis nei, vedlegg byggblankett 5159.		

<b>Søknaden gjelder</b>							
<b>Eiendom/ byggested</b>	Gnr. <b>40</b>   Bnr. <b>1</b>   Festenr.   Seksjonsnr.	Bygningsnr.   Bolignr.   Kommune <b>HERØY</b>					
	Adresse <b>NAUTOYA</b>	Postnr. <b>6070</b>   Poststed <b>TJØRVÅG</b>					
<b>Planlagt bruk/formål</b>	<input checked="" type="checkbox"/> Bolig <input type="checkbox"/> Fritidsbolig <input checked="" type="checkbox"/> Garasje <input checked="" type="checkbox"/> Annet: <b>EVING AV HUS</b>	Bygn.typekode (jf. s. 2)					
<b>Tiltakets art</b> pbl § 20-1 (flere kryss mulig)	<b>Nye bygg og anlegg</b> <input checked="" type="checkbox"/> Nytt bygg *) <input type="checkbox"/> Parkeringsplass *) <input type="checkbox"/> Anlegg <input type="checkbox"/> Veg <input type="checkbox"/> Vesentlig terrenginngrep						
	<b>Endring av bygg og anlegg</b> <input type="checkbox"/> Tilbygg, påbygg, underbygg *) <input type="checkbox"/> Fasade <input type="checkbox"/> Konstruksjon <input type="checkbox"/> Reparasjon <input type="checkbox"/> Ombygging <input type="checkbox"/> Anlegg						
	<b>Endring av bruk</b> <input type="checkbox"/> Bruksendring <input type="checkbox"/> Vesentlig endring av tidligere drift						
	<b>Riving</b> <input type="checkbox"/> Hele bygg *) <input type="checkbox"/> Deler av bygg *) <input type="checkbox"/> Anlegg						
	<b>Bygn.tekn. installasj.**)</b> <input type="checkbox"/> Nyanlegg *) <input type="checkbox"/> Endring <input type="checkbox"/> Reparasjon						
	<b>Endring av bruks-enhet i bolig</b> <input type="checkbox"/> Oppdeling <input type="checkbox"/> Sammenføyning						
	<b>Innhegning, skilt</b> <input type="checkbox"/> Innhegning mot veg <input type="checkbox"/> Reklame, skilt, innretning e.l.						
	<b>Oppretting/ending av matrikkelenhet ***)</b> <input type="checkbox"/> Grunneiendom *) <input type="checkbox"/> Anleggseiendom *) <input type="checkbox"/> Feste grunn over 10 år *) <input type="checkbox"/> Arealoverføring *)						
*) Byggblankett 5175 fylles ut og vedlegges. (Vedlegg gruppe A)      **) Gjelder kun når installasjonen ikke er en del av et større tiltak.      ***) Unntatt fra krav om ansvarsrett. Behandles etter matrikkelloven. Registrert eier underskriver i feltet for tiltakshaver.							

Vedlegg			
Beskrivelse av vedlegg	Gruppe	Nr. fra - til	Ikke relevant
Opplysninger om tiltakets ytre rammer og bygningsspesifikasjon (Byggblankett 5175)	A	-	<input type="checkbox"/>
Dispensasjonssøknad (begrunnelse/vedtak) (pbl kap. 19)	B	-	<input type="checkbox"/>
Nabovarsling (gjenpart/nabomerknader/kommentarer til nabomerknader)	C	-	<input type="checkbox"/>
Situasjonsplan, avkjørselsplan bygning/eiendom	D	-	<input type="checkbox"/>
Tegninger	E	-	<input type="checkbox"/>
Redegjørelser/kart	F	-	<input type="checkbox"/>
Søknad om ansvarsrett/gjennomføringsplan	G	-	<input type="checkbox"/>
Boligspesifikasjon i Matrikkelen	H	-	<input type="checkbox"/>
Uttalelse/vedtak fra annen offentlig myndighet	I	-	<input type="checkbox"/>
Rekvisisjon av oppmålingsforretning	J	-	<input type="checkbox"/>
Andre vedlegg	Q	-	<input type="checkbox"/>

<b>Erklæring og underskrift</b>			
Ansvarlig søker bekrefter at hele tiltaket belegges med ansvar, og dekker kravene i henhold til plan- og bygningsloven. En er kjent med reglene om straff og sanksjoner i pbl kap. 32 og at det kan medføre reaksjoner dersom det gis uriktige opplysninger.			
<b>Ansvarlig søker for tiltaket</b>		<b>Tiltakshaver</b>	
Foretak <b>RAVI Design</b> v/ arkitekt Ivar Sulebakk	Org.nr. <b>994 332 856</b>	Navn <b>FREDRIK HAGEMANN</b>	
Adresse <b>Postboks 185</b>		Adresse	
Postnr. <b>6099</b>   Poststed <b>FOSNAVAG</b>		Postnr. <b>6070</b>   Poststed <b>TJØRVÅG</b>	
Kontaktperson <b>ARK. IVAR SULEBARK</b>   Telefon <b>911 59504</b>   Mobiltelefon		Eventuelt organisasjonsnummer	
E-post		E-post   Telefon (dagtid)	
Dato <b>10.05.2013</b>   Underskrift <b>Ivar Sulebakk</b>		Dato <b>10.05.2013</b>   Underskrift <b>Fredrik-Gunnor Hagemann</b>	
Gjentas med blokkbokstaver <b>IVAR SULEBARK</b>		Gjentas med blokkbokstaver <b>FREDRIK HAGEMANN</b>	



BYGGEVELDINGSTEGNING



NYTT BUSTADHUS M/ GARASJE PÅ NAUTØYA - GNR. 40 BNR. 1  
FOR FREDRIK HAGEMANN - 6070 TJØRYAG

FASADER

MÅL 1:100

DATO: 11.05.2013






BYGGEMELDINGSTEGNING

NYTT BUSTADHUS M/ GARASJE PÅ NAUTØYA - GNR. 40 BNR. 1  
FOR FREDRIK HAGEMANN - 6070 TJØRVÅG

FASADER

MÅL 1:100

DATO: 11.05.2013




BYGGEMELDINGSTEGNING

NYTT BUSTADHUS M/ GARASJE PÅ NAUTØYA - GNR. 40 BNR. 1  
FOR FREDRIK HAGEMANN - 6070 TJØRVÅG

PLAN HOVEDETASJE

MÅL 1:100

DATE: 11.05.2013






20400

7200

6600

6600



BYGGMELDINGSTEGNING


NYTT BUSTADHUS M/ GARASJE PÅ MAUTØYA - GNR. 40 BNR. 1  
FOR FREDRIK HAGEWANN - 6070 TØRNVÅG

PLAN KJELLERTASJE

MÅL 1:100

DATE: 11.05.2013





**Eks busstopp**


**Nytt busstopp**

REVIDERE  
 ANSPASSERES  
 10.07.2013  
 Debet

HERØY KOMMUNE  
 RÅDMANNEN  
 Saksbeh. *CR*  
 3013/191  
 10 JULI 2013  
 40/24  
 40/1

HERØY KOMMUNE  
 13.03.2013 1:500  
 Det kan forekomme feil i kartet!





 HERØY KOMMUNE

18.06.2013 1:2500

Det kan forekomme feil i kartet








HERØY KOMMUNE

17.06.2013 1:1500

Det kan forekomme feil i kartet







**HERØY KOMMUNE**  
18.06.2013 1:5000  
Det kan forekomme feil i kartet.  
0 50 200 m



ufv. (E)

Herøy kommune  
Postboks 274  
6099 Fosnavåg

HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN	
RÅDMANNS 2013/ 691	Saksbeh OR
28 JUNI 2013	
Ark kode P	40/1
Ark kode S	
J nr	Dok.nr. 3
Kassasjon	

**Herøy kommune. Riving / oppføring hus gnr40 bnr1 - Fredrik Hagemann.  
Fråsegn til dispensasjon frå kommuneplan.**

Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

**Generelt**

Ved utforming av nye bustader og buområde må langsiktige, gode løysingar leggst til grunn. Reguleringsplan er eit verkemiddel for å oppnå gode bu- og oppvekstmiljø, der prosessen sikrar at lokale interesser og viktige regionale og nasjonale omsyn vert ivaretatt.

Fylkesmannen registrerer at Nautøya/Notøya er attraktivt område for busetjing i kommunen. Kommunen bør difor bruke tilgjengeleg planverkty for å oppnå ønska retning for utbygginga.

**Konklusjon**

Fylkesmannen rår frå at det vert dispensert frå reguleringskravet.

Med helsing

Sveinung Dimmen (e.f.)  
samordnar

Astrid Buset  
overingeniør

**Kopi:**

Møre og Romsdal fylkeskommune, Fylkeshuset, 6404 Molde

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*



Herøy kommune  
Postboks 274  
6099 Fosnavåg

 HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN			
Reg nr	2013/691	Saksbeh.	OR
- 2 JULI 2013			
Ark kode F	40/1		
Ark kode S			
J nr	4		
Kassasjøn			



Møre og Romsdal  
fylkeskommune

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
2013/691	17.06.2013	40937/2013/DISPENSASJON/1515	Kristian Hole Fløtre, 71 25 82 94	01.07.2013

## Herøy kommune - riving av eksisterande- og oppføring av nytt bustadhus gbnr 40/1 - fråsegn ved dispensasjon frå kommuneplan

Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå sine ansvarsområde ingen merknader.

Dette brevet er elektronisk godkjent og vil ikkje bli utsendt i papir.

Med helsing

Johnny Loen  
plansamordnar

Kristian Hole Fløtre  
rådgivar

Kopi:  
Statens vegvesen, Region midt  
Fylkesmannen i Møre og Romsdal, her

Herøy kommune  
Postboks 274  
6099 Fosnavåg

HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN	
Reg.nr. 1284/06	Saksnr. OB
- 7 NOV 2006	
Ark.kode P 40/1	
Ark.kode S	
J.nr.	3
Kassasjon	

Møre og Romsdal fylke



Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
OB	01.10.2006	MR 20183/2006/Her	Jens Peter Ringstad,71 25 88 36	02.11.2006

## Søknad om løyve til å rive gammalt bustadhus og naust - gbnr 40/1, Fredrik-Gunnar Hagemann

Viser til brev av 12.10.2006. Eg seier meg lei for at svaret kjem noko seint.

Det er søkt om riving av to eldre bygningar: ei stove frå 1863 og eit naust/sjøhus.

### STOVEBYGNING.

I følgje SEFRAK-registeret er stova opprinneleg bygt i 1863 og har hatt ein del viktige offentlege funksjonar som møtestad for heradsstyret og poståpneri. Det knyter seg derfor kulturhistorisk interesse til huset. Bygninga har gjennomgått ein del ombyggingar og i seinare tid også endringar som er uheldige for huset sin kulturminneverdi. I si grunngeving for søknad om riving oppgir huseigaren mellom anna at konstruksjonen er svekka av mottangrep. Eigaren ønskjer å bygge eit nytt hus på eit plan.

Fylkeskonservatoren såg helst at bygninga vart teken vare på, sett i stand og brukt til bustad eller liknande. Men på grunn av dei endringane som er gjort, den tekniske tilstanden til huset og eigaren sitt behov, vil vi ikkje klage på avgjera om kommunen gir løyve til riving.

### NAUST.

Det omsøkte naustet/sjøhuset har vi ikkje noko god registrering av. Men eg reknar med at det er det samme sjøhuset som er avbilda i Herøyboka Gardar og folk II, side 508. Dette ser ut til å vere eit gammalt sjøhus med tradisjonelle, estetisk gode kvalitetar som bør takast vare på som kulturminne. Eg vil rå til at eigaren set i stand det gamle sjøhuset og får løyve til å bygge eit nytt i tillegg for å fullt ut dekkje sitt behov for husrom. Det nye må tilpassast det gamle med høveleg plassering og tradisjonell utforming og materialbruk.

Til istandsetjinga vil det vere høve til å søkje om tilskot frå Kulturminnefondet (sjå [www.kulturminnefondet.no](http://www.kulturminnefondet.no)).

Med helsing

  
Jens Peter Ringstad  
fylkeskonservator





Utviklingsavdelinga

## SAKSFRAMLEGG

-

Sakshandsamar:	AZT	Arkivsaknr:	2012/2107
		Arkiv:	26/207

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
108/13	Maritim og teknisk komite	22.10.2013

### VEGARD SÆVIK/JOHANNE LEINE SÆVIK 26/207 - DISPENSASJON FRÅ REGULERINGSPLAN MED SIKTE PÅ OPPFØRING AV RAMELØYVE

#### Tilråding frå rådmannen:

1. Maritim og teknisk komite gjev med heimel i plan- og bygningslova (PBL) § 19-2, dispensasjon frå utnyttingsgrad og byggjegranser i reguleringsplan Leine 1, med sikte på oppføring av bustadhus og garasje på eigedom gnr 26 bnr 207.

#### Dispensasjon vert gjeve på følgjande vilkår:

- A. Tiltaket vert godkjend med ein maksimal %BYA (bebygd areal) = 43.7
  - B. Plassering av garasje skal ikkje vere nærare enn 2,5 m til vegareal som vist i gjeldande reguleringsplan.
  - C. Avkøyrsla til/frå offentleg veg må ikkje utformast slik at den er til hinder for bruken av snuplassen i området. Detaljar kring utforming av avkøyrsla skal skje i samråd med Anleggs- og driftsavdelinga.
2. Maritim og teknisk komite fråfell tidlegare krav om etablering av ny snuplass gjeve i MTK-sak 100/12 punkt C.
  3. Korrigert byggesøknad må sendast utviklingsavdelinga for vidare byggesakshandsaming, og søknaden skal innehalde tilstrekkelege opplysningar for at administrasjonen kan handsame saka etter plan- og bygningslova.

*Ein gjer merksam på at dette vedtaket kan klagast til Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde. Mogleg klage må vere skriftleg og grunngjeven og den skal stilast til Fylkesmannen, men sendast til Herøy kommune, Postboks 274, 6099 Fosnavåg. Klagefristen er på 3 –tre- veker frå den dag melding om vedtaket har kome fram til den som har klagerett, jfr. Plan- og bygningslova § 1-9 og Forvaltningslova §§ 28 og 29.*

### **Grunngjeving for dispensasjon:**

Den aktuelle tomta i området er liten og vanskeleg å utnytte som bustadtomt etter dagens behov. Den aktuelle tomta er særdeles bratt og er i tillegg påverka av ein allereie etablert snuplass som reduserer den naturleg forma til tomta. Snuplassen er plasskrevjande og skapar utfordringar for tilkomsten og plassering av bygningar på den aktuelle tomta.

Arkitekt har gjennom revidert søknad vist at det er mogleg å få til ein akseptabel tilkomst frå offentleg veg til tomta utan å fjerne den allereie etablerte snuplassen i området. Grunna forholdet mellom tomtestorleik, bratt terreng, storleik på bustadhus med garasje og etablert vendehammar, er det svært vanskeleg å få til ei fullgod løysing i høve gjeldande reguleringsplan. Etter ei heilskapeleg vurdering, har ein kome til at løysinga som er fremja i denne saka kan akseptast.

Rådmannen vurderer det som naturleg at ein kjøpar av ei kommunal bustadtomt skal få høve til å føre opp einebustader med garasje på tomta. Ein vurderer det aktuelle tiltaket som ei positiv fortetting og utnytting av ei ferdig regulert tomt i eit allereie etablert bustadfelt. Eksisterande reguleringsplan for området er av eldre karakter, og gjenspeglar ikkje dagens behov for bustadareal for nyetablering av einebustader.

Tiltaket er vidare forsøkt tilpassa terrenget på ein slik måte at det ikkje medfører ulemper for tilgrensande eigedomar i form av tapt utsikt, solforhold eller andre negative konsekvensar for desse. Tiltaket er planlagt med ei terrasering av terrenget mot naboegedomar og inneberer ei plassering av mur i 1.5 meters høgde i ein avstand på 0 meter mot nabogrense gnr 26 bnr 189 i sør.

Med bakgrunn i ovannemnde; vurderer Maritim teknisk komite det slik at ei utnytting av tomta på BYA = 43,7 % (inkludert parkering), vert lagt til grunn som tilfredstillande grad av utnytting for at eigedomen skal kunne stette dagens arealbehov for oppføring av nye bustadhus. Ein vurderer det slik at det i denne saka er klart større fordelar med å gje dispensasjon enn ulemper, basert på ei heilskapeleg vurdering. Ein kan heller ikkje sjå at omsyna det vert dispensert frå vert vesentleg tilsidesett i denne saka.

**Særutskrift:**

Bucci Arkitektur & Design AS Gamlevegen 37 6065 ULSTEINVIK  
Utviklingsavd. her  
Eigedomsavd. her  
Anlegg og driftsavd. her

## Vedlegg:

- 01 – Søknad om rammeløyve med tilhøyrande vedlegg, datert 10.10.2013
- 02 - Uttale frå tiltakshavar i høve etablering av ny snuplass, datert 19.09.2013
- 03 - Referat frå møte med tiltakshavar og Prosjektbygg AS, datert 10.09.2013

## Saksopplysningar:

På vegne av Vegard og Johanne Sævik, søker Bucci Arkitektur & design, om dispensasjon frå gjeldande reguleringsplan og rammeløyve for oppføring av einebustad med garasje på gnr 26 bnr 207 på Leinane i Herøy kommune. Det vert søkt om dispensasjon frå byggjegrensene i gjeldande plan på 8 meter. Tiltaket medfører ein avstand til veg på 2.5.m. Vidare vert det søkt om dispensasjon frå kravet om utnytting i gjeldande plan på 20 %BYA. Tiltaket er søkt om med ei utnyttingsgrad på 43,7 % BYA.

Ansvarleg søker argumenterer for dispensasjon frå reguleringsplan ut i frå dei terrengmessige tilhøva på den aktuelle tomte. Her blir det vist til at utforming og terrenget på tomte gjer det naudsynt med ei slik plassering av bustadhus og garasje, for å klare livsløpsstandard og krav til stigning. Når det gjeld utnyttingsgrad understrekar søker at dei har tolka reguleringsplanen slik at utnyttingsgrad i feltet skal sikre gode uteopphaldsareal på tomtene og ei «luftig» utnytting av byggjefeltet. Arkitekt viser til at den bratte tomte gjer det vanskeleg å skape uteopphaldsareal som ein kan «fote seg» på. Det vert argumentert med at terrasering av terrenget i høve utstrakt bruk av delvis overbygde terrasser i nivå med huset sine etasjer, skal sikre gode uteopphaldsareal i alt slags ver og større delar av året. Det vert vidare vist til at uteareal som ikkje er terrassert mot etasjenivå er lagt i skråning mot naturleg fall i nabogrense. Det vert opplyst at desse vil bli dekkja med duk og tilplanta. Tiltaket er plassert i lågt på tomte og grave inn i terrenget, slik at ingen naboar misser sol eller utsikt som konsekvens av tiltaket. Etter ansvarleg søker si vurdering er dette god terrengtilpassing.

I søknad om rammeløyve er det aktuelle tiltaket søkt om som einebustad (dvs 1 brukseining) med tilhøyrande garasje. Nytt bustadhus er oppgjeve til å vere 332,9 m<sup>2</sup> bebygd areal (BYA), der sjølv bustadhuset har eit bruksareal (BRA) på 559.3 m<sup>2</sup>. Tomtearealet i området er 763 m<sup>2</sup> og tiltaket er søkt om med ei utnyttingsgrad på 43,7 m<sup>2</sup>. Når det gjeld høgder er tiltaket tenkt med flatt tak og med ei høgde frå gjennomsnittleg planert terreng til gesims/møne på 6,5 meter. Tiltaket vil medføre ei oppfylling av terrenget i framkant, med ei golvcote på 1.etg på ca + 27,9, og med ei innlemming i terrenget i bakkant. Høgde på vegnivået i bakkant er oppgjeve til å vere cote + 32.2. Tiltaket er planlagt slik at det ikkje vil ta utsikt frå bankforliggjande bustadhus. Bustadhuset er planlagt over to etasjer, der bustad og garasje ligg på same nivå for 1.etg, noko som gir grunnlag for etablering av livsløpsstandard. Formspråket er moderne, der bygningsvolumet er oppdelt i boksar. Tiltaket er planlagt med større terrasser og altanar knytt til dei ulike etasjane som skal ivareta krava til uteopphaldsareal.

Maritim og teknisk komite har tidlegare gjeve dispensasjon i MTK-sak 100/12. Det er tidlegare gjeve rammeløyve for tiltaket og igangsettingsløyve for fjerning i jordmasser i DS-sak 124/13 og DS-sak 161/13.

Tiltakshavar og arkitekt har i etterkant av dei tidlegare vedtaka gjort vurderingar i høve kostnader kring etablering av ny snuplass i nærleiken, som ein erstatning for fjerning av dagens snuplass i tråd med vedtak i MTK-sak 100/12. Etter desse vurderingane viser det seg at det vil bli kostnadskrevjande for tiltakshavar med bygging av ny veg og etablering av ny vendehammar i samsvar med krava i gjeldande vegnormalar for offentlege vegar.

Det er i etterkant av vedtaka også gjennomført møte mellom tiltakshavar og kommunen vedk dei vedtaka som tidlegare er gjort i denne saka.

### **Vurdering og konklusjon:**

Rådmannen vil avslutningsvis understreke at ein i dispensasjonsvurderinga legg vekt på at arkitekt i denne saka har forsøkt å finne fram til konstruktive løysingar i høve utfordringar med etablert snuplass i området, utan at ein har kome fram til ei løysing som framstår som betre enn den som no ligg føre. Alternativet er å innlemme den aktuelle snuplassen i tomtearealet mot at denne vert erstatta av tiltakshavar i samsvar med vedtak i MTK-sak 100/12. Løysinga med etablering av ny snuplass er noko som tiltakshavar i møte med kommunen og gjennom tidlegare innsendt e-postar, har gitt uttrykk for vil vere for kostnadskrevjande for tiltakshavar å bere åleine i denne saka.

Den noverande tilkomstløysing er ikkje optimal i høve det generelle trafikkbilete og vegsystemet i det regulerte byggefeltet. Det blir her vist til ei løysing med tilkomst frå overgangen mellom vegareal og vendehammar. Anleggs- og driftsavdelinga har tidlegare gjeve uttrykk for at dei, som vegmynde, ikkje kan akseptere ei løysing med direkte tilkomst frå vendehammaren. Dette er mellom anna grunngeve behovet for å ivareta trafikktryggleiken i byggefeltet og behovet for opne og uhindra trafikkareal som kan nyttast i høve beredskap og snutilhøve for større køyretøy t.d lastebilar. Vidare har ein negative erfaringar med at der det blir etablert tilkomst direkte frå vendehammarar, skjer det også gjesteparkering på desse areala som vil vere til hinder for snumoglegheiter for ålmenta og i høve beredskap. Dette er løysingar som ein ikkje kan akseptere og trafikksituasjonar som vil svekke den generelle beredskapen dersom ei ulukke skulle inntreffe i eit etablert bustadfelt.

Rådmannen legg vekt på at det i denne saka er skissert ei løysing med avkøyrsløse frå overgangen mellom vegareal og vendehammar, og som inneberer eit kompromiss mellom tidlegare akseptert løysing og tilkomst direkte frå vendehammaren. Med vilkår om at denne løysinga for avkøyrsløse/tilkomst til tomta ikkje er til hinder for bruken av den offentlege vendehammaren i området, er dette ei løysing som ein kan akseptere i denne saka. Denne tilkomstløysinga vil då ikkje gi grunnlag for å fjerne den etablerte snuplassen i området og det vil då heller ikkje vere grunnlag for å halde på kravet om at tiltakshavar skal etablere ein erstatningsnuplass slik det går fram av tidlegare vedtak i denne saka.

Konsekvensar for folkehelse:

**Ingen særskilde**

Konsekvensar for beredskap:

**Ingen særskilde**

Konsekvensar for drift:

**Ingen særskilde**

Med bakgrunn i ovannemnde saksopplysningar vurderer ein det til at det i denne saka er klart større fordelar med å gje dispensasjon enn ulemper, basert på ei heilskapleg vurdering. Ein kan heller ikkje sjå at omsyna det vert dispensert frå vert vesentleg tilsidesett i denne saka.

Rådmannen rår til at det vert gjeve dispensasjon frå reguleringsplan med ovannemnde vilkår.

Fosnavåg, 15.10.2013

Erlend Krumsvik  
Rådmann

Jarl Martin Møller  
Avd.leiar

Sakshandsamar: Aleksander Zahl Tarberg


**Fra:** Iver Olaf Grimstad [mailto:[iver@bucci.no](mailto:iver@bucci.no)]  
**Sendt:** 9. oktober 2013 16:04  
**Til:** postmottak  
**Kopi:** vegard@havila.no  
**Emne:** Søknad om rammeløyve

Hei,

Vi søker herved på nytt om rammeløyve på **Gnr 26/Bruksnr. 207** – for Sævik Vegard og Johanne Leine.

*Med vennlig helsing*

Dagleg leiar  
Iver-Olaf Grimstad  
**Bucci Arkitektur & Design AS**  
Mob: 41233955  
E-post: [iver@bucci.no](mailto:iver@bucci.no)

 Bucci logo epost signatur

*Bucci besøksadresse: Sjøgata 21, 6065 Ulsteinvik  
Bucci Postadresse: **Postboks 21, 6067** Ulsteinvik  
Bucci Arkitektur & Design AS organisasjons nummer: 994495585  
Bucci Kontor Telefon: 70309630  
Bucci Kontor Epost:  
Senior Siv. ark. Georg Grimstad mobil: 91531717  
Senior Siv. ark. Georg Grimstad epost: [georg@bucci.no](mailto:georg@bucci.no)*



## ORGANISERING

Nedenforstående matrise viser faste ansvarsoppgaver for alle ansatte.


Skraverte felt viser hvilke ansvarsområder kontorets medarbeidere dekker.

NAVN	Ansvarlig for kontrahering	Oppdrags-ansvarlig	Ansv. saks-behandler	Medarbeider i prosjekt	SPESIELLE ANSVARS-OMRÅDER
Daglig leder: Georg Grimstad					Ansvarlig overfor styret, KS, faglig utvikling. Faglig leder SØK, PRO, KPR tiltaksklasse 3 Finansiering, økonomi, prosjektoppfølgning, statistikk Biblioteksansvarlig EDB-ansvarlig
Siv. Arkitekt B: Elina Goksøyr Leine					Saksbehandling
Siv. Arkitekt C: Anna Litwornia					Saksbehandling
Siv. Arkitekt D: Adam Hausman					Saksbehandling
Arkitekt E: Iver Olaf Grimstad					Adm., post, arkiv, innkjøp rekvisita etc. Arkivansvarlig Tegne-utstyr

Figuren er en vanlig tabell i Word, med kantlinjer og skraverte ruter.

## ORGANISERING AV KONTORET I PROSJEKT SÆVIK VEGARD/LEINE JOHANNE ENEBOLIG

Organisering av ett enkelt prosjekt bør ta utgangspunkt i prosjektets størrelse og kompleksitet. Ansvarsområder iht krav i Pbl og oppdragsgivers krav til prosjektets organisering må avklares. Krav til kompetanse og dekning av eksterne ansvarsområder iht Pbl kan også vises i organisasjonsplanen (fast samarbeidsavtale eller prosjektavtale). Organisasjonsplanen bør være del av prosjektets kvalitetsplan.



(Diagrammet er laget med tegnefunksjonen i Word. Boksene er tekstbokser.)

# Boligspesifikasjoner



## Søknaden gjelder

### Eiendom/Byggested

Kommune	Gnr.	Bnr.	Adresse
Herøy i Møre og Romsdal	26	207	6094 LEINØY

## Boligspesifikasjon

Bolignummer		Bruks-areal	rom	Kjøk-ken kode	bad	WC	Tilhørende adresse			Tilhørende eiendom				
Etasjekode	Løpenr.						kode	Navn	nr.	Bokstav	Gnr.	Bnr.	Festenumr.	Seksjonsnr.
H 1		559,30	7	kjøkken	3	1					26	207		



Vegard Sævik

6094 LEINØY

Saksnr 2011/1246	Arkiv 26/207	Dykkar ref	Avd /sakshandsamar UTV / EFLÅ	Dato 06.01.2012
---------------------	-----------------	------------	----------------------------------	--------------------

## OPPSUMMERING FØREHANDSKONFERANSE - 26/207 - VEGARD OG JOHANNE SÆVIK

Desse møtte : Georg Grimstad , ansvarleg søkjar  
Vegard og Johanne Sævik , tiltakshavar  
Eivind Flåskjer , sakshandsamar HK

Tiltakshavar vil bygge einebustad med integert garasjedel på eigedomen 26/207. Eigedomen er regulert gjennom RP 26 Leine 1. Tomta er noko bratt og særleg mht tilkomst vil det vere nokre utfordringar med stigning frå veg til garasje/inngang hus.

Det vart informert om følgjande:

- Det må søkjast om dispensasjon frå utnyttingsgrad
- Det må søkjast om dispensasjon frå regulert byggelinje mot veg

Utover dette vart det på førehandskonferansen diskutert forholdet mellom tomtegrensa og den kommunale «snuhammaren» på gnr 26, bnr 176. Tiltakshavar vil kjøpe delar av grunnen med HK for å oppnå ein betre tilkomst til sin eigedom, dette vil også betre på utnyttingsgraden. Vart oppmoda om å ta kontakt med eigdomsleiar i HK for å avklare spm kring eit evt kjøp av grunn. Alternativt kan det også i dette området søkjast om dispensasjon frå avstandskrav/reg.byggelinje. Ein konkluderte med at spm vedr «snuhammaren» er fornuftig og få avklart før ein går vidare i byggesøknadsprosessen.

Med helsing

Jarl Martin Møller

Eivind Flåskjer  
Sakshandsamar

Kopi:  
Georg Grimstad

*ei-ballengd-bone*

## Fullmakt

Vi, Vegard Sævik og Johanne Leine Sævik, gir med dette Bucci Arkitektur & Design AS, ved Siv. Ark. Georg Grimstad, høve til å signere på våre vegne dei nødvendige dokument i samband med søknad om rammeløyve på gardsnr. 26, bruksnr. 207.

Nærøy, 29.08.12



Vegard Sævik  
Hundane Boligfelt  
6094 Leinøy



Johanne Leine Sævik  
Hundane Boligfelt  
6094 Leinøy

# Gjennomføringsplan



## Søknaden gjelder

### Eiendom/Byggested

Kommune	Gnr.	Bnr.	Adresse	Dato	Sign. Ansv. søker
Herøy i Møre og Romsdal	26	207	6094 LEINØY	09.10.13	<i>Jør Claf Grunstad</i>

## Beskrivelse fagområde

### Prosjektering

Fagområde	Ansvarsområde	Tiltaksklasse	Foretakets navn	Søknad om rammetillatelse	Søknad om igangsettings tillatelse /ett-trinn søknad	Søknad om midlertidig bruks tillatelse	Søknad om ferdiggattest	Arbeidet innenfor ansvarsretten er avsluttet
Prosjektering av arkitektur	Arkitektur Prosjektering	1	994495585 BUCCI ARKITEKTUR & DESIGN AS				X	
Prosjektering statikk	Styrke beregninger	1	987895276 Conplan AS				X	

# Opplysninger gitt i nabovarsel

Sendes kommunen sammen med søknaden (Gjenpart av nabovarsel)



plan- og bygningsloven av 27. juni 2008 nr. 71 § 21-3

## Tiltak på eiendommen

Kommune	Gnr.	Bnr.	Adresse	Eier/fester
Herøy i Møre og Romsdal	26	207	6094 LEINØY	Vegard & Johanne Sævik

## Det varsles herved om

Søknadstype	Tiltakstype	Næringsgruppekode	Bygningstypekode	Formål
rammetillatelse	Nytt bygg - Boligformål	X Bolig	111 Enebolig	bolig garasje

### Dispensasjonsøknad etter Plan-og bygningsloven Kapittel 19

Det søkes dispensasjon fra bestemmelsene i: Plan- og bygningsloven med forskrifter, Arealplaner  
Begrunnelse for dispensasjon: Avstandskravet er visualisert i reguleringsplanen ved ei byggegrense med ein avstand til vegformåls grensa på 5,5m.

#### DISPENSASJON FRÅ KRAV TIL AVSTAND FRÅ VEG

Tiltaket medfører ein avstand til vegkant på 2,5 m og medfører ein dispensasjon på 3,0 m.

#### GRUNNGJEVING:

-Tomta er svært bratt, lita og utilgjengeleg. Dette medfører at garasje og hus må byggjast saman for å klare livsløpstandard og krav til stigning. Vi legg til grunn dispenserte avstandskrav frå formåls grense veg til garasje på 2,5 meter ved utkøyring parallelt med veg.

#### DISPENSASJON FRÅ KRAV OM BYGGING PÅ EIGEN GRUNN

Tiltaket medfører at hus-delen blir plassert på kommunal grunn då snuplassen, som ikkje er ein del av reguleringsplanen likevel har påverka eigedoms grensene.

Dette har gjort tomta vanskeleg å utnytte. Snuplassen er midlertidig i påvente av ein endeleg og korrekt utforma ein.

-Avdeling for anlegg og drift og eiendomsavdelinga har gjeve si tilslutning til at snuplassen kan nyttast til avkøyrsløse til den aktuelle tomte, men at evt. eigedomsoverdraging ikkje kan skje før permanent snuplass er etablert.

-Hus-delen vil likevel ikkje bryte med byggjegranselinja!

#### DISPENSASJON FRÅ KRAV OM MAKSIMAL TOMTEUTNYTTING PÅ 20% BYA

Tiltaket medfører ei tomteutnytting på 43,7% BYA.

#### GRUNNGJEVING:

-Utnyttingsgrada skal sikre nok gode uteopphaldsareal på tomtene og ei "luftig" utnytting av byggjefeltet.

Den bratte tomte gjer det vanskeleg å skape uteopphaldsareal ein kan "fote seg" på. Terrasering av terrenget opp i mot utstrakt bruk av delvis overbygde terrasser i nivå med huset sine etasjer, sikrar gode uteopphaldsareal i alt slags ver og større delar av året.

Dessverre er slike terrasser medrekna i BYA og ikkje i uteopphaldsarealet.....

%BYA "lyg" i dette tilfellet om omgrepet luftig utnytting då mykje av det begygdte arealet faktisk er terrasser og tak over slike. Vi meiner klimaet på våre kantar kombinert med ei bratt tomt skulle tilseie bruk av terrassehus, vi har utforma ein einestad-variant av slike.

-Det er gjeve omfattande dispensasjonar frå utnyttingsgrada i samband med andre tiltak omfatta av reguleringsplanen t.d. gnr/bnr 26/211.

-Uteareal som ikkje er terraserte mot etasjenivå er lagt i skråning mot naturleg fall i nabogrenser. Desse vil bli dekte av duk og beplanta. Tiltaket er plassert lavt i tomte og grave inn i terrenget. Ingen nabo mister sol eller utsikt som konsekvens av tiltaket, det er god terrengtilpasning.

#### DISPENSASJON FRÅ KRAV OM AVSETT AREAL PÅ EIGA TOMT TIL GJESTEPARKERING OG SAMTIDIG HØVE TIL Å SNU EIN BIL.

I korrespondanse med sakshandsamar har vi blitt gjort kjend med korleis krav til avkøyrsløse, gjesteparkering og snuforhold på eiga tomt skal tolkast utifrå vedtektene i reguleringsplanen.

#### GRUNNGJEVING:

Slik vi har utforma uteområdet framfor garasjen og sjølve avkøyrsløse meiner vi å ha stetta vilkåra ved:

-å ha stigning mindre eller lik 1:8 på avkøyrsløse, den munnar ikkje direkte ut i samleveg som i tillegg er ved vegs ende og lite trafikkert.

-Vi har areal nok til snuing av egne bilar på eigen grunn

-Vi har avsett to permanente parkeringsplassar i garasje og dermed oppfylt parkeringsnorma

-Vi legg til grunn oppvarming av plassen for trygg manøvrering vinterstid

-Det er plass til mange gjestar på plassen slik at sjølve snuplassen ikkje blir belasta

-Ein stor del av øvrig bebyggelse kan ikkje snu på eigen grunn når gjestebilar står parkerte.



# Opplysninger gitt i nabovarsel

Sendes kommunen sammen med søknaden (Gjenpart av nabovarsel)



## KONKLUSJON:

Vi meiner tiltaket er stort, men viser god terrengtilpasning og har gode uteopphaldsareal. Når det i tillegg ikkje er til vesentleg ulempe for naboar og vi så langt ikkje har motteke klage eller merknad til tiltaket, meiner vi det kan akseptertast. Det vil bli gjennomført i kvalitetsmaterialer av fagfolk og vil bli til berikelse for byggefeltet og kommuna.

## Arealdisponering

### Planstatus mv.

Gjeldende plan	Navn på plan
Reguleringsplan	Leine 1

## Nabovarselet gjelder

Tomta ligg på Leinøy i eit tidlegare landbruksområde der ein ny reguleringsplan åpnar for fortetting med bustadtomter.

Den aktuelle tomte er særdeles bratt og er i tillegg skvisa av ein midlertidig snuplass som både reduserer den naturlege skapnaden på tomte og vanskeleggjer tilkomsten til den. Vi vil plassere hus og garasje på ein slik måte at ein får eit forskriftsmessig fall til garasje og slik at bustad og garasje ligg på same nivå. Slik gir det grunnlag for etablering av livslausstandard. Huskroppen ligg på linje med nabohusa både i plan og i fasade.

Bustaden går over to etasjer og har flatt tak. Etasjenivåa tilpassar seg terrenget som fasar seg ut mot naturleg fall i nabogrense. På trass av sin storleik og si lokalisering i det bratte terrenget vil det slik ikkje medføre unødig tap av utsyn for naboar. Av same årsak vil ikkje tiltaket medføre unødig tap av solinnfall på naboane.

Formspråket er moderne. Bygningsvolumet er oppdelt i "bokser" av ulike materialer som er sette saman i ein tredimensjonal komposisjon, nærmast som ein stor skulptur.

Tiltakshavar er ikkje hageinteressert og vil begrense arbeid med denslags utan at det skal gå utover etablering av gode uteopphaldsareal. På grunn av terrengfallet vil slike best kunne skapast ved utstrakt etablering av delvis overbygde terrasser i tilknytning til etasjenivåa. Resten av tilgjengeleg tomteareal mot naboar blir terrasert, lagt i skråning og beplanta med duk. Inntrykket av hage blir ivaretatt med lite behov for vedlikehald og god bruksverdi. Rikeleg med arealer med urørt vegetasjon ligg tilgjengeleg like ved tomte, leikeplass er i umiddelbar nærleik. Vi meiner å møte tiltakshavar sine behov på ein god måte både funksjonelt og estetisk, utan at det går på bekostning av naboomtene sine kvalitetar. I eit klima som vårt og i eit bratt landskap er det eigentleg terrasse-hus som gjeld, dette er ein einbustad-variant av buforma.

## Spørsmål og merknader vedrørende nabovarsel

### Ansvarlig søker

navn
BUCCI ARKITEKTUR & DESIGN AS

### Kontaktperson

navn	e-postadresse	Telefon	Mobiltelefon
Georg Grimstad	georg@bucci.no	91531717	91531717

### Merknadene sendes:

Eventuelle merknader skal være mottatt innen 2 uker etter at dette varsel er sendt. Ansvarlig søker/tiltakshaver skal sammen med søknad sende innkomne merknader og redegjøre for eventuelle endringer.

Navn	Postadresse	e-postadresse
BUCCI ARKITEKTUR & DESIGN AS	Gamleveggen 37, 6065 ULSTEINVIK	georg@bucci.no

# Opplysninger gitt i nabovarsel

Sendes kommunen sammen med søknaden (Gjenpart av nabovarsel)



## Vedlegg

Vedleggstype	Gruppe	Beskrivelse av vedlegget
Situasjonsplan	D	Sitplan 1:200
Tegning ny plan	E	Kjellarplan 1:100
Annet	Q	Perspektiv 1
Tegning ny fasade	E	Fasade Nord og Sør Målestokk 1:100
Tegning ny fasade	E	Fasade Aust Målestokk 1:100
